



Arbeidsdokument
4 – 2024

Budsjett 2025

Økonomiplan 2025–2028

Innhald

Innleiing	4
Budsjett 2025/økonomiplan 2025–2028	4
Statsbudsjettet	9
Tiltak i budsjettet.....	9
Økonomisk utvikling i planperioden.....	11
Vurdering av den økonomiske utviklinga	11
Endring frå a-dok 3	13
Driftsbudsjett.....	15
Hovudtal Vestland fylkeskommune.....	15
Sentrale inntekter	16
Finansinntekter og -utgifter	20
Finans- og avdragspostar	20
Investeringar i økonomiplanen	22
Omtale investeringsbudsjett	22
Investeringstabell for fylkeskommunen samla.....	34
Oversikt Investering og finansiering	40
Samanlikne investeringsnivå mot økonomiplan i fjor	40
Naturkonsekvensar	42
Klimabudsjett	56
Klimamål	56
Utfordringsbilete	57

Status for å nå mål om å redusere direkte klimagassutslepp i Vestland til netto-null i 2030	59
Status for å nå mål om å redusere klimafotavtrykket	61
Nye tiltak i klimabudsjett 2025.....	67
Klimatiltak med i økonomiplanen	68
Ønska tiltak.....	72
Budsjettreglement	73
1. Innleiing	73
2. Struktur og spesifikasjonsgrad	73
3. Budsjettoppfølgning og budsjettendringar	74
4. Årsavslutning.....	77
Fylkeskommunen sine tenesteområde	78
Organisasjon og økonomi	82
IKT og digitalisering	89
Eigedom og utbygging	96
Tannhelse	101
Næring, plan og innovasjon	110
Opplæring og kompetanse	125
Kultur og folkehelse	147
Mobilitet og kollektivtransport	165
Infrastruktur og veg.....	178
Vedlegg	190
Vedlegg – Forskriftsrapportar.....	191

Innleiing

Budsjett 2025/økonomiplan 2025–2028

Innleiing

Budsjettarbeidet gjennom året

Vestland fylkeskommune har budsjettmodell der finansutvalet har ansvaret for budsjettarbeidet gjennom året. Til møta i finansutvalet legg fylkesdirektøren fram arbeidsdokument med forslag til prosessvedtak – førebels vedtak i budsjettprosessen. Finansutvalet sikrar på denne måten framdrifta i budsjettarbeidet.

Budsjettprosessen gjennom året startar med handsaming av overordna økonomiske rammer til oppdeling i sektorrammer som igjen vert detaljert innanfor dei ulike tenesteområda. Budsjettmodellen legg opp til involvering av hovudutvala og utvala sine merknader er premissar for finansutvalet sitt arbeid.

Det har vore tre møte i finansutvalet til no i 2024. Fylkesdirektøren har på bakgrunn av finansutvalet sitt arbeid og prosessvedtaka som er gjort gjennom året, utarbeidd eit samla budsjettdokument. Etter finansutvalet har lagt fram si budsjettinnstilling, skal denne handsamast i hovudutvala, før fylkesutvalet handsamar budsjettet og kjem med budsjettinnstilling til fylkestinget

Samanlikna med det som er presentert i dei tidlegare arbeidsdokumenta, er dokumentet no supplert med følgjande avsnitt:

- Innleiing
- Finansielle måltal
- Budsjettreglement

Samanlikna med arbeidsdokument 3/24 er det gjort mindre tekstlege og talmessige justeringar innanfor nokre rammeområde. Dette gjeld særleg for områda opplæring og kompetanse og tannhelse.

For opplæring er det no er teke inn førebels busjettsummar for dei einskilte vidaregåande skulane. Budsjettet for tannhelsesektoren er auka med 30 mill. kr frå 2025 som følgje av utvida tilbod til fleire grupper. Fylkestinget vedtok i tertialrapport 1/24 i juni å setje av denne summen på disposisjonsfond til tannhelsesektoren hadde vurdert behovet for midlar til det utvida tilbodet.

I arbeidsdokument 3/24 stod det att å saldere budsjett og økonomiplan. For 2025 og 2026 er budsjettet saldert ved at netto finansinntekter/utgifter er betra som følgje av ny vurdering av postane. For åra 2027 og 2028 må det gjerast ytterlegare tiltak. Nettokostnadane aukar særleg innanfor mobilitet og kollektiv og fylkesdirektøren foreslår å redusere budsjetttramma for desse to åra.

Fylkesdirektøren viser til omtale under dei ulike avdelingsbudsjetta.

Endring frå arbeidsdokument 3/24 til arbeidsdokument 4/24

Budsjettforslaget i arbeidsdokument 4 er saldert for alle åra i økonomiplanperioden. Følgjande endringar samanlikna med arbeidsdokument 3 er lagt inn i arbeidsdokument 4 :

	2025	2026	2027	2028
Rammetilskot	-82 000	-125 000	-125 000	-125 000
Renteinntekter	-12 000	-17 300	-14 700	-13 800
Renteutgifter	-3 700	-1 000	-4 300	-7 200
Tannhelse	30 000	30 000	30 000	30 000
Mobilitet og kollektiv	80 000	80 000	0	0
Bruk (-)/avsetjing (+) fond	-26 294	11 740	-22 560	15 240
Sum	-13 994	-21 560	-136 560	-100 760
Usaldert a-dok 3	13 994	21 560	136 560	100 760
Saldert budsjett	0	0	0	0

Rammetilskot:

Regjeringa kom 1. november med tilleggsproposisjon til statsbudsjettet. Dette gav Vestland fylkeskommune meirinntekter på 82 mill. kr i 2025 der summen er fordelt likt pr. innbyggjar. For dei tre siste åra i økonomiplanperioden er det lagt til grunn fordeling i samsvar med inntektssystemet med ein auke i rammetilskoet på 95 mill. kr. I tillegg er det lagt til grunn 30 mill. kr i rammetilskotet til finansiering av tilbod til nye grupper innan tannhelse.

Renteinntekter/renteutgifter:

Det er gjort ny gjennomgang av kapitalutgiftene etter forslaget til investeringsbudsjett og finansiering av dette var klartlagt.

Tannhelse:

Det er lagt inn auka ramme for styrka behandlingstilbod eldre (gruppe c), jf. om rammetilskot ovanfor.

Mobilitet og kollektiv:

Budsjettramma for mobilitet og kollektiv er foreslått auka med 80 mill. kr i dette arbeidsdokumentet samanlikna med arbeidsdokument 3/24. I arbeidsdokument 3/24 låg det inne tiltak for vel 130 mill. kr.

Den auka ramma gjer det mogeleg å reversere tiltak for 80 mill. kr slik at det i dette arbeidsdokumentet ligg inne tiltak for 50 mill. kr.

Følgjande tiltak i arbeidsdokument 3/24, summert til 80 mill. kr, er ikkje vidareførte:

- Alle tiltak som gjeld ferjedrifta, 22,5 mill. kr
- Tiltak som gjeld godsbåt og mindre lokalbåtruter, 6,5 mill. kr
- Tiltak buss, konsekvens av eingongsløyving, 6,7 mill. kr
- Sone A - justerte takstgrenser - utsett oppstart, 35 mill. kr
- Ny vurdering av kollektivtrafikkinntektene, 9,3 mill. kr

Bruk/avsetjing fond:

I 2025 er det brukt 30 mill til styrka satsing tannhelse, jf. vedtak i fylkestinget i samband med rapport etter 1. tertial og avsett 3,7 mill. kr for å saldere budsjettet. I perioden 2026-2028 er det sett av eller brukt av disposisjonsfond for å saldere budsjettet.

Strategiarbeid

Utviklingsplan for Vestland fylke


Utviklingsplanen for Vestland fylke er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova som regional planstrategi for Vestland. Utviklingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planstrategi, der planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling er sentrale stikkord.

Ny utviklingsplan

Parallelt med sak om budsjett og økonomiplan får fylkestinget den nye utviklingsplanen for komande fireårsperiode til handsaming. Utviklingsplanen er overordna anna planlegging og er grunnlaget for budsjett og økonomiplanarbeidet.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdier

Fylkestinget har vedteke slikt samfunnsoppdrag, visjon og verdier for Vestland fylkeskommune:



Fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar viser att i samfunnsoppdraget. Visjonen stakar ut den langsiktige kursen for den regionale politikken. I utviklinga av Vestland fylkeskommune har verdiane ei viktig rolle. Verdiane legg føringar for det daglege arbeidet og samspelet både internt i eigen organisasjon og med omverda.

Utgangspunkt for budsjettarbeidet

Finansutvalet gjorde i juni prosessvedtak om budsjetttrammene for 2025 og åra i økonomiplanperioden både for drifts- og investeringsbudsjettet og dette har vore grunnlaget for budsjettprosessen i hausthalvåret.

Situasjonen i 2024

I tertialrapportane til fylkestinget – handsama i juni og oktober – er det orientert om den økonomiske stoda inneverande år. Etter 2. tertial er det prognose om meirforbruk på knapt 120 mill. kr, der ein viktig grunn er sterk prisvekst for innsatsfaktorar, særleg innanfor sektorane mobilitet og kollektiv.

Fylkesdirektøren har avdelingsvise gjennomgangar av økonomien etter kvart kvartal. Gjennomgangen etter 3. kvartal tyder på at meirforbruket ikkje vert så stort som prognosen ein la til grunn etter 2. tertial som følgje av knapt 100 mill. kr større innbetaling frå havbruksfondet enn det som var rekna med i budsjettet.

Regjeringa reknar med at det vert skattesvikt i kommunesektoren i 2024, men det er enno usikkert kor stort utslag dette gjev for Vestland fylkeskommune. Regjeringa har varsla at det i "nysalderinga" av statsbudsjettet for 2024 vert løyvd midlar for m.a. å kompensere for den venta skattesvikten. Vestland fylkeskommune vil få 82 mill. kr av ei samla løyving til fylkeskommunane på 700 mill. kr. Kor vidt denne kompensasjonen er tilstrekkeleg til å dekke den venta skattesvikten har ein først sikkert svar på når rekneskapen skal gjerast opp. Prognosen for rekneskapsresultat 2024 er dermed framleis usikker.

Budsjett 2025

Budsjettet er utarbeidd i samsvar med prosessvedtak i finansutvalet gjennom året. Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett vart lagt fram 7. oktober og verknadene av dette er teke med i arbeidsdokument 3/22 som finansutvalet handsama 22. oktober. 1. november la regjeringa fram ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet med forslag om å auke dei frie inntektene for fylkeskommunane med 700 mill. kr. Vestland fylkeskommunen sin del av denne auken er 82 mill. kr. Fylkesdirektøren har lagt dette til grunn og foreslår at summen vert nytta til å gjere om ein del av tiltaka innanfor mobilitet og samferdsel som har vore foreslått tidlegare i budsjettprosessen.

Økonomiplanperioden

Fylkeskommunen sine inntektsrammer er usikre, særleg dei siste åra i økonomiplanperioden. Inflasjonspress, renteauke og krig fleire stader i verda gjer det utfordrande å ha gode prognosar om utviklinga dei komande åra. Statsbudsjettet har tal berre for det komande budsjettåret. Når $\frac{3}{4}$ av fylkeskommunen sine inntekter vert fastsette gjennom statsbudsjettet, seier det seg sjølv at rammene for dei siste åra i økonomiplanperioden dermed er usikre.

Renteauken som starta i 2022 og skaut fart gjennom 2023 og ut i 2024 gjev store utslag på driftsbudsjettet med den høge lånegjelda fylkeskommunen har. Veksten i innsatsfaktorane, særleg innanfor mobilitet og kollektiv, gjer det nødvendig med tiltak både på kostands- og inntektssida innanfor denne sektoren i heile økonomiplanperioden. Dei fyrste to åra ligg det inne forslag om tiltak for 50 mill. kr - behovet for tiltak er aukande til 130 mill. kr dei to siste åra av perioden. For dei andre avdelingane er det i stor grad uendra utvikling dei tre siste åra i perioden samanlikna med budsjettet for 2025, rekna i samanliknbart prisnivå.

Fylkesdirektøren viser til nærare omtale av sektorbudsjetta.

Statsbudsjettet

Statsbudsjettet vart lagt fram 7. oktober. Regjeringa har lagt inn ein realvekst på 1,65 mrd. kr i dei frie inntektene til fylkeskommunane, altså 0,25 mrd. kr høgare enn varsla i kommuneproposisjonen. Vestland sin del av denne veksten utgjer om lag 0,3 mrd. kr. Det vert lagt til grunn ein løns- og prisvekst for kommunesektoren på 4,1 % i 2025.

Tilsynelatande får ein god vekst i dei frie inntektene. Men dette løyser likevel ikkje alle problem for fylkeskommunen. Det meste av veksten vil gå med til å dekke auka renter og avdrag og reduserte konsesjonskraftinntekter, til saman 260 mill. kr. Då blir det berre om lag 40 mill. kr igjen til styrking av drifta i sektorane.

Tertialrapporten etter 2. tertial 2024 viste meirforbruk på 148,7 mill. kr for mobilitet og kollektiv. Inntektsveksten i 2025 er på langt nær nok til å tette dette gapet.

Eit positivt moment er at det er lagt inn 50 mill. kr som kompensasjon for innføring av krav til nullutslepp i anbod for ferjer i 2025. Vestland får 12,9 mill. kr av denne summen.

Sjølv om veksten i frie inntekter vart litt høgare enn varsla i kommuneproposisjonen, oppfyller ikkje statsbudsjettet forventningane på alle punkt. I Nasjonal transportplan førespegla regjeringa auka løyvingar til fylkesvegar på gjennomsnittleg 1 mrd. kr årleg i første seksårsperiode samanlikna med nivået i 2024. I 2025 er det berre lagt inn ei styrking på 300 mill. kr til opprusting og fornying av fylkesvegar. I tillegg er det sett av 50 mill. kr til ei ny tilskotsordning til militær mobilitet på fylkesvegar. Dette tilskotet er øyremerkt til 14 bruer på fylkesvegnettet.

Det var elles uventa at regjeringa ikkje har funne midlar til å vidareføre tilbodet om rimelegare tannhelsetenester for 25 og 26-åringar, som vart vedteke i 2024. I rundskriv datert 13.08.2024 stod det at «det legges til grunn at midler videreføres i 2025 med en helårseffekt på 210 millioner kroner.» Mindre enn 2 månader seinare vert desse midlane tekne ut att i budsjettforslaget for 2025.

Tilleggsproposisjon til statsbudsjettet

Regjeringa la 1. november fram ein tilleggsproposisjon til statsbudsjettet, der kommunesektoren får tilført 5 mrd. kr ekstra. 700 mill. kr vert fordelt til fylkeskommunane. Vestland sin del utgjer 82 mill. kr.

Tiltak i budsjettet

I fylkestinget sitt vedtak om økonomiplan for 2024-2027 var det for 2025 ein usaldert sum på 73 mill. kr fordelt på dei ulike avdelingane. I tillegg var det behov for tiltak innan avdeling for mobilitet og

kollektiv. I arbeidsdokument 2/24, som finansutvalet handsama i juni, var det forslag om konkrete tiltak for summen på 73 mill. kr og tiltaka er lagt til grunn i forslaget til budsjett for 2025.

Fylkesdirektøren foreslo i arbeidsdokument 3/24 salderingstiltak på 131 mill. kr innanfor mobilitet og kollektiv. Salderingsutfordringa er størst innanfor denne sektoren og dette er bakgrunnen for at fylkesdirektøren foreslår tiltak innanfor dette rammeområdet. Det er forslag om tiltak både på kostnads- og inntektssida innanfor kollektivområdet fordelt med knapt 50 mill. kr på kostnadssida og tiltak på inntektssida som aukar inntektsbudsjettet med vel 80 mill. kr.

Regjeringa sitt forslag om tilleggsproposisjon til statsbudsjettet for 2025 medfører at Vestland fylkeskommune får auke i dei frie inntektene med 82 mill. kr samanlikna med det som var lagt til grunn tidlegare i budsjettprosessen. Fylkesdirektøren legg no fram eit saldert budsjett der m.a. tiltak innanfor kollektivsektoren er redusert med 80 mill. kr til resterande tiltak på vel 50 mill. kr.

Økonomisk utvikling i planperioden

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

	Budsjett 2024	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Sum inntekter	-16 296 096	-17 228 708	-17 475 608	-17 514 408	-17 731 308
Sum utgifter	14 710 503	15 518 005	15 430 871	15 538 371	15 746 371
Brutto resultat	-1 585 592	-1 710 703	-2 044 737	-1 976 037	-1 984 937
Netto finansutgifter og inntekter	1 299 601	1 417 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Motpost avskrivinger	0	0	0	0	0
Netto resultat	-285 991	-292 903	-535 937	-501 637	-539 437
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	285 991	292 903	535 937	501 637	539 437
Årsresultat	0	0	0	0	0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	1,8 %	1,7 %	3,1 %	2,9 %	3,0 %

Økonomisk utvikling i perioden

Tabellen viser utviklinga i budsjettet for 2025 og i økonomiplanen i fylkesdirektøren sitt forslag.

Samla er det budsjettet med 17,2 mrd. kr i inntekter for Vestland fylkeskommune aukande til 17,7 mrd. kr mot slutten av økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn årleg realvekst på 0,5 % for dei frie inntektene. I tillegg er det budsjettet med svingande inntekter frå Havbruksfondet i samsvar med prognosemodell frå selskapet Konstali.

Tabellen viser at ein ikkje når måtalet på 4 % netto driftsresultat komande fireårsperiode. Netto driftsresultat er budsjettet i storleiken 2-3 % kvart år i perioden. Fylkesdirektøren vurderer dette som svakt, men viser til at sjølv for å nå eit resultat på om lag 2 % må det gjennomførast tiltak i driftsbudsjettet som er krevjande. Fylkesdirektøren ser det difor ikkje som realistisk å nå måtalet komande periode slik den økonomiske situasjonen er.

Tabellen viser også opphavleg budsjett for 2024 i samsvar med fylkestinget sitt vedtak. Budsjettet var saldert slik at linja for årsbudsjett viser at budsjettet er gjort opp i 0 på same måte som forslaget til budsjett for 2025 og åra i økonomiperioden.

I sak til fylkestinget i oktober om tertialrapport 2 for 2024 er prognosen for rekneskapsresultatet for 2024 eit meirforbruk på 118 mill. kr. Det er også i 2024 særleg rammeområdet for mobilitet og kollektiv som har prognose om meirforbruk. Dette er viktig å ha i mente når den økonomiske utviklinga i komande økonomiplanperiode skal vurderast.

Etter utarbeiding av prognosen har ein fått melding om tildeling av midlar frå Havbruksfondet. Dette betrar situasjonen med knapt 100 mill. kr, mens det på den andre sida er venta skattesvikt i 2024. Storleiken på skattesvikten er så langt ikkje kjent og prognosen dermed tilsvarande usikker.

Regjeringa har varsla at ein i "nysalderinga" av statsbudsjettet for 2024 vil tildele fylkeskommunane 700 mill. kr i auka frie inntekter inneverande år. Vestland fylkeskommune sin del av denne summen er 82 mill. kr. Kor vidt summen er tilstrekkeleg til å dekke inn den venta skattesvikten, har ein først svar på når rekneskapen for 2024 er gjort opp.

Endring frå a-dok 3

I arbeidsdokument 3 var det følgjande usalderte summar i økonomiplanperioden:

	2025	2026	2027	2028
Usaldert sum	13 994	21 560	136 560	100 760

Det er i arbeidsdokument 4 utarbeidd budsjett som er saldert for alle år i økonomiplanperioden. Følgjande endringar frå arbeidsdokument 3 er lagt inn i arbeidsdokument 4 :

	2025	2026	2027	2028
Rammetilskot	-82 000	-125 000	-125 000	-125 000
Renteinntekter	-12 000	-17 300	-14 700	-13 800
Renteutgifter	-3 700	-1 000	-4 300	-7 200
Tannhelse	30 000	30 000	30 000	30 000
Mobilitet og kollektiv	80 000	80 000	0	0
Bruk (-)/avsetjing (+) fond	-26 294	11 740	-22 560	15 240
Sum	-13 994	-21 560	-136 560	-100 760
Usaldert a-dok 3	13 994	21 560	136 560	100 760
Saldert budsjett	0	0	0	0

Rammetilskot:

Regjeringa kom 1. november med tilleggsproposisjon til statsbudsjettet. Dette gav Vestland fylkeskommune meirinntekter på 82 mill. kr i 2025 der summen er fordelt likt pr. innbyggjar. For dei tre siste åra i økonomiplanperioden er det lagt til grunn fordeling i samsvar med inntektssystemet med ein auke i rammetilskoet på 95 mill. kr. I tillegg er det lagt til grunn 30 mill. kr i rammetilskotet til finansiering av tilbod til nye grupper innan tannhelse.

Renteinntekter/renteutgifter:

Det er gjort ny gjennomgang av kapitalutgiftene etter forslaget til investeringsbudsjett og finansiering av dette var klartlagt.

Tannhelse:

Det er lagt inn auka ramme for styrka behandlingstilbod eldre (gruppe c), jf. om rammetilskot ovanfor.

Mobilitet og kollektiv:

Auka ramme for å redusere sparetiltak.

Bruk/avsetjing fond:

I 2025 er det brukt 30 mill til styrka satsing tannhelse, jf. vedtak i fylkestinget i samband med rapport etter 1. tertial og avsett 3,7 mill. kr for å saldere budsjettet. I perioden 2026-2028 er det sett av eller brukt av disposisjonsfond for å saldere budsjettet.

Driftsbudsjett

Hovudtal Vestland fylkeskommune

Hovudtal budsjett og økonomiplan

Beløp i 1000 kr					
Inntekt/utgift	Opphøveleg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Netto finansutgifter	1 299 601	1 417 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	285 991	292 903	535 937	501 637	539 437
Sum driftsinntekter	-16 296 096	-17 228 708	-17 475 608	-17 514 408	-17 731 308
Sum driftsutgifter	14 710 503	15 518 005	15 430 871	15 538 371	15 746 371
Totalsum	0	0	0	0	0

Tabellen over viser alle driftsinntektene til Vestland fylkeskommune. I dette ligg det sentrale inntekter (skatteinntekter, rammetilskot, konsesjonskraftsinntekter, havbruksfond og rentekompensasjon), brukarbetalingar, sals- og leigeinntekter og andre overføringar og tilskot. I sum er dette 17,2 mrd. kr.

Sum driftsutgifter er samla utgifter i avdelingane, medan tabellen over netto utgifter nedanfor viser utgifter minus inntekter og tilskot i avdelingane. Inntekter og tilskot utgjør 3,5 mrd. kr og legg ein dette til summen netto driftsutgifter på 12 mrd. kr blir sum driftsutgifter 15,5 mrd. kr.

Nettobudsjett pr avdeling

Tal pr avdeling

Beløp i 1000 kr						
Avd.nr	Avdeling	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
02	Fellesutgifter- og inntekter	-11 307 263	-12 082 566	-11 990 432	-12 042 932	-12 250 932
10	Politisk styring og kontrollorgan	67 100	73 316	70 983	73 983	70 983

Avd.nr	Avdeling	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
11	Organisasjon og økonomi	167 967	195 243	195 510	195 510	193 510
12	IKT og digitalisering	189 789	206 042	206 209	206 209	206 209
13	Eigedom og utbygging	608 603	612 860	612 127	612 127	612 127
18	Tannhelse	373 204	422 839	423 106	423 106	423 106
20	Næring, plan og innovasjon	200 393	211 769	211 769	211 769	208 269
30	Opplæring og kompetanse	4 019 005	4 199 864	4 195 264	4 196 764	4 190 264
40	Kultur og folkehelse	380 850	391 818	389 985	389 985	389 985
50	Mobilitet og kollektivtransport	3 564 616	3 872 617	3 929 617	3 977 617	4 200 617
60	Infrastruktur og veg	1 735 737	1 896 197	1 755 861	1 755 861	1 755 861
Totalsum		0	0	0	0	0

Tabellen viser fordelinga av nettoutgiftene på om lag 12 mrd. kr på dei ulike sektorane for åra i økonomiplanperioden. Tala er i 2025-kr og viser liten endringa frå år til år bortsett frå for mobilitet og kollektiv som framleis viser auke i nettokostnadane. Dette har samanheng med nye kontraktar m.a. for elektrifisering av ferjedrifta i Sogn og Fjordane mot slutten av økonomiplanperioden.

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Inntekts- og formuesskatt	-5 072 425	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149
Rammetilskudd	-7 377 000	-8 105 269	-8 244 169	-8 340 469	-8 400 469
Andre generelle driftsinntekter	-158 800	-145 300	-244 300	-121 800	-278 700
Konsesjonskraftinntekter	-392 500	-266 000	-270 000	-280 000	-280 000
Sum frie inntekter	-13 000 725	-13 874 718	-14 116 618	-14 100 418	-14 317 318

Kommentar til hovudtala

Skatt og rammetilskot

I kommuneproposisjonen varsla regjeringa vekst i dei frie inntektene for fylkeskommunane på 1,4 mrd. kr. I statsbudsjettet har regjeringa lagt inn ein vekst på 1,65 mrd. kr, altså 0,25 mrd. kr høgare enn varsla i kommuneproposisjonen.

Demografikostnader er venta å auke med 1,2 mrd. kr. Av vekst utanom dette er 0,3 mrd. kr grunngjeve med auka midlar til opprusting og fornying av fylkesvegane.

Rammetilskotet for Vestland fylkeskommune er oppgitt til 8 023,3 mill. kr. Når ein legg til skatt og inntektsutjamning kjem ein opp i eit samla inntektsorverslag på 13 381,4 mill. kr.

For åra etter 2025 har ein lagt inn ein årleg vekst på 0,5 % i dei frie inntektene.

I tillegg er det lagt inn ein auke på 30 mill. kr frå 2026. I revidert nasjonalbudsjett for 2024 kom det ekstra midlar til rimelegare tannhelsetenester for 25 og 26-åringar. Det var venta at desse midlane ville bli vidareført i 2025, men det var dei ikkje i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Det er likevel håp om at midlane vil kome inn igjen før statsbudsjettet vert vedteke av Stortinget. Om ikkje det skulle skje, kan ein i 2025 nytte av fondsmidlar som vart avsette i 2024.

Tilleggsproposisjon

Den 1. november la regjeringa fram ein tilleggsproposisjon. Inntektene til fylkeskommunane vert auka med 700 mill. kr. Summen vert fordelt etter folketal. Det gjev ein auke på 82 mill. kr til Vestland fylkeskommune.

Det er grunn til å tru at denne summen frå 2026 vil gå inn i det ordinære rammetilskotet og bli fordelt etter kostnadsnøkkelen. I så fall vil Vestland sin del bli om lag 95 mill. kr.

Andre generelle driftsinntekter

Dette gjeld midlar frå Havbruksfondet og rentekompensasjonsordningar. Rentekompensasjon vert omtala saman med renteutgifter.

Havbruksfond

Inntekter frå havbruksfond omfattar produksjonsavgift, sal av ny kapasitet og del av provenyet frå den nye grunnrenteskatten. Inntektene frå sal av ny kapasitet kjem i hovudsak annakvart år. Dermed vil inntektene variere mykje frå år til år.

Selskapet Kontali har utarbeidd ein prognose over utbetalingar frå Havbruksfondet til Vestland fylkeskommune for perioden 2024-28. Fylkesdirektøren legg denne prognosen til grunn for budsjetteringa.

Konsesjonskraft

Konsesjonskraft er ei viktig inntektskjelde for Vestland fylkeskommune. I 2023 og 2024 har fylkesdirektøren vore i kontakt med/besøkt kommunar som har så mykje konsesjonskraft at fylkeskommunen og får delar av krafta.

Ordninga med konsesjonskraft kan kort omtalast slik:

Eigar av vasskraftverk pliktar å levere ein del av krafta som vert produsert til kommunane som er råka av kraftutbygginga. Denne konsesjonskrafta skal leverast til ein pris som lova fastset. Plikta til å avstå konsesjonskraft gjeld kraftverk som nyttar vatn regulert etter vassdragsreguleringslova eller vannfallrettighetsloven. Konsesjonar gitt etter vannressursloven har ikkje vilkår om konsesjonskraft. NVE bereknar mengde konsesjonskraft, og fordelinga til dei aktuelle kommunane, evt. fylkeskommunen.

Ordninga er vidare slik at kommunane får eit volum som samsvarar med forbruket til allmenn forsyning, medan fylkeskommunen får det resterande. Volumet fylkeskommunen har rett på vert justert årleg, basert på utviklinga i allmenn forsyning i kommunane.

I Vestland fylke er det 16 kommunar som har konsesjonskraft, 10 av desse har høgare mengd konsesjonskraft enn det som går med til allmenn forsyning slik at fylkeskommunen har rett på den overskytande mengda.

Fylkeskommunen har som nemnt hatt kontakt med dei aktuelle kommunane om uttak av konsesjonskraft. Bakgrunnen er at fylkeskommunen sin tilgang på konsesjonskraft avheng av prognosen kommunane melder inn til kraftselskapa for forbruket til allmenn forsyning det påfølgande året. På denne bakgrunnen er det rimeleg at fylkeskommunen i ettertid ser korleis prognosen frå året før treff i høve til faktisk forbruk.

For fire kommunar har fylkeskommunen avtale om etterregulering om det viser seg å vere avvik mellom prognose og forbruk. Særleg aktuelt er dette i kommunar med kraftkrevjande datasenter - spesielt i oppstartfasen av datasenterdrifta der kraftforbruket er usikkert.

Fylkesdirektøren vil kome attende til dette når ein har oversyn over allmenn forsyning i dei aktuelle kommunane sett opp mot den innmelde prognosen.

Prognosen per september 2024 tilseier inntekter på 238 mill. kr i 2025.

I tillegg kjem «verdien» av Eidfjordavtalen som Hordaland fylkeskommune inngjekk på 80-talet. Ein reknar med at inntekta i 2025 vil bli om lag 28 mill. kr.

Samla vil dette gje inntekter på om lag 266 mill. kr.

Lønsavsetjing

Statsbudsjettet legg til grunn ein kommunal deflator på 4,1 %. Lønsveksten er forventa å bli 4,5 %.

Midlar til å kompensere for lønsveksten i 2025 vert sett av samla. Det er lagt til grunn 4,5 % årslønsvekst, i tråd med statsbudsjettet. Det er avsett 104,8 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2025. Midlane vert fordelt etter at forhandlingane er gjennomførte.

Premieavvik

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut frå føresetnader om diskonteringsrenter, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket" skal overførast til seinare år. Premieavviket kan anten kostnadsførast fullt ut i det etterfølgjande året, eller fordelast over 7 år. Vestland fylkeskommune kostnadsfører premieavviket over 7 år.

Pensjonspremien som skal betalast er budsjettert på sektornivå. Kostnaden som skal rekneskapsførast er anslått å liggje 229,6 mill. kr lågare enn premien som ligg inne i budsjettet. Dette vert lagt inn i budsjettet som ein korreksjonspost, eller såkalla premieavvik.

Amortisering av tidlegare premieavvik vert budsjettert med 108,7 mill. kr i 2025.

Bruk av disposisjonsfond

I perioden 2023-25 har fylkestinget vedteke at det skal nyttast 500 mill. kr frå disposisjonsfond til ein ekstra innsats på vedlikehald av fylkesvegane. Det står att å ta inn 205 mill. kr frå disposisjonsfond i 2025.

Staten har auka rammetilskotet til fylkeskommunane dei siste åra for å styrke tannhelsetenesta. Men det tek noko tid å byggje opp kapasiteten. Av midlane som kom i statsbudsjettet for 2024, vart 30 mill. kr avsett til fond. Ein tek sikte på å nytte desse midlane i 2025.

Arbeidsdokument 4 er saldert ved avsetjing eller bruk av disposisjonsfond. Det er gjort slike disponeringar:

Kr 1 000	2025	2026	2027	2028
Avsetjing	3 706	11 740		15 240
Bruk			-22 600	

Overføring til investering

Fylkesdirektøren foreslår å nytte noko av driftsinntektene til å finansiere investeringar, slik at ikkje alt treng å lånefinansierast. Så lenge ein har eit positivt netto driftsresultat, er det vanleg at ein god del av dette vert nytta til å finansiere investeringar.

I rammetilskotet får Vestland fylkeskommune overført 139,1 mill. kr til oppgradering av tunnelar og 452,3 mill. kr til rassikring, til saman 591,4 mill. kr. Utgiftene til desse føremåla vert i all hovudsak ført som investeringar. Det er då rimeleg å overføre ein sum som er minst så stor frå drift til investeringsbudsjettet.

Det vert gjort framlegg om å budsjettere med 600 mill. kr av driftsmidlar til finansiering av investeringar i 2025. I 2024 var summen 650,5 mill. kr.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Opph. bud. i fjor 2024	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Renteinntekter	-234 600	-200 200	-143 500	-120 700	-112 600
Utbytte og eieruttak	0	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Renteutgifter	684 200	733 000	745 000	714 600	703 700
Avdrag på lån	850 000	900 000	922 300	895 500	869 400
Netto finansinntekter/finansutgifter	1 299 600	1 417 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Finansutgifter i tenesteområda	1	0	0	0	0
Totalt finansutgifter	1 299 601	1 417 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0

Finans- og avdragsposter

Når det gjeld rentenivå, tek ein utgangspunkt i Pengepolitisk rapport, som Norges Bank la fram i september. Ein legg til grunn følgjande prognose for pengemarknadsrenta:

2025	2026	2027	2028
4,34 %	3,55 %	3,10 %	3,00%

Renteinntekter

I tillegg til rentenivået, er renteinntektene avhengig av fylkeskommunen sin likviditet. Likviditeten har dei siste åra vore betre enn føresett i budsjettet. For 2025 og vidare i økonomiplanperioden nyttar ein litt meir optimistiske overslag, og reknar rente av innskot på 4 mrd. kr.

Vestland har utlån til nokre fylkeskommunale selskap. Dei viktigaste er HFK Bussanlegg AS, Bybanen AS og Valen kraftverk AS. På desse utlåna får fylkeskommunen renteinntekter i samsvar med utlånsavtale.

Utbytte

Det er usikkert kor mykje utbytte fylkeskommunen vil motta kvart år. Fylkestinget auka overslaget i budsjettvedtaket for 2024. Ein vidarefører eit nivå på 15 mill. kr i utbytte kvart år.

Rentekompensasjon

Det er rentekompensasjonsordningar både for skulebygg og veginvesteringar. I statsbudsjettet er det opplyst at rentekompensasjon for veginvesteringar i 2025 vert rekna ut med ein rentesats på 4 %. Rentekompensasjon vert i 2025 budsjettert med 66,3 mill. kr.

Renteutgifter

Føresetnadane for lånerenta er basert på følgjande komponentar:

Forventingar til 3 mnd. Nibor, kredittmarginar på eksisterande og nye lån og Vestland fylkeskommune sine fastrenter. For nye lån har ein dei siste åra budsjettert med ein kredittmargin på 0,5 %, og vidarefører dette i økonomiplanperioden.

Fylkesutvalet har godkjent at fylkeskommunen gjennomfører ein rating-prosess. Dette er ledd i arbeidet med å sikre best mogelege lånevilkår for fylkeskommunen.

Avdrag

I løpande prisar har ein budsjettert med slike avdrag: (mill. kr)

2025	2026	2027	2028
900	950	950	950

Investeringar i økonomiplanen

Omtale investeringsbudsjett

Innleiing og gjeldsgrad

Fylkesdirektøren legg fram detaljert investeringsbudsjett for komande økonomiplanperiode. Samanlikning med førre periode finn ein mot slutten av avsnittet. Noko av skilnaden skuldast ulike kr-nivå. Tala for investeringsperioden 2024-2027 er i 2024-kr, medan tala for denne økonomiplanperioden er i 2025-kr.

Tala viser at den samla investeringssummen er høgare alle åra i perioden enn det ein la opp til i den sist vedtekne økonomiplanen. Noko av forklaringa kjem av at ein i denne økonomiplanen har teke omsyn til fylkestinget sitt vedtak i saka om Heilskapleg plan for tilbodsstruktur. Det er også lagt inn midlar til elektrifisering av ferjeflåten i tidlegare Sogn og Fjordane i 2027. I tillegg er det viktig å ha i mente at investeringane vert finansiert frå ulike kjelder, i tillegg til lånefinansiering, fyrst og fremst bompengar og ulike tilskot. Investeringar finansiert med låneopptak er spesielt viktige å ha merksemd på for desse gjev utslag for rente- og avdragskapittlet i driftsbudsjettet.

Høge investeringar fører til høge rente- og avdragskostnader i driftsbudsjettet, noko som igjen minkar handlingsrommet til for dei ulike rammeområda i fylkeskommunen. Sjølv om det kan sjå ut som rentenivået er på veg ned mot slutten av økonomiplanperioden, er det fylkesdirektøren si vurdering at rentenivået i lang tid vil liggje høgare enn det kunstig låge nivået ein hadde under og rett etter pandemien. Årlege utgifter til renter og avdrag er om lag 1 500 mill. kr kvart år i økonomiplanperioden.

Gjeldsgrad er eit viktig måltal for å vurdere nivået på samla lån og dermed på rente- og avdragsnivået som nemnt i avsnittet over. I 2023 var gjeldsgraden for Vestland fylkeskommune 94,7% - alt då vesentleg høgare enn Riksrevisjonen si tilråding om eit nivå på 75% for å ha berekraftig drift over tid. Prognose for 2024 viser vekst i gjeldgraden til 97,6% aukande til eit nivå på vel 105% kvart av åra i økonomiplanperioden. Med investeringane som ligg i dette forslaget aukar altså gjeldsgraden med over 10 prosentpoeng. Dette understrekar at det ikkje er rom for å auke dei lånefinansierte investeringane ytterlegare. Samla lånegjeld vil auke frå 17,2 mrd. kr i 2024 til 21,1 mrd. kr i 2028.

Ut frå dette meiner fylkesdirektøren ein må prioritera strengt mellom aktuelle prosjekt framover for å få investeringane ned på eit bærekraftig nivå. Dei fyrste åra i inneverande periode har mange prosjekt i gjennomføringsfase, så det vert viktig å halde att på investeringsprosjekta mot slutten av perioden. Ei målsetjing kan vere at årleg låneopptak ikkje er større enn det ein har i avdragsbetaling.

Under tabell som syner utvikling i gjeld, netto gjeldsgrad og investeringar. Det er og berekningar som syner kor mykje ein må redusere investeringane for å ikkje auke gjelda. Alle tal i mill. kr.

	2025	2026	2027	2028
Gjeld	19 011	20 021	20 916	21 233
Netto gjeldsgrad	103 %	105 %	107 %	105 %
Investeringar	4 635	4 484	3 641	3 429
Reduksjon investeringar for ikkje å auke gjelda	-1 835	-1 284	-641	-529

Eigedom og utbygging

Investeringsbudsjettet for dei vidaregåande skulane er utarbeidd med grunnlag i fylkestinget sitt vedtak i sak PS 102/2024 Heilskapleg plan for tilbudsstruktur 2025-2035. I tillegg er det som tidlegare, henta grunnlag frå dei tidlegare skulebruksplanane frå høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane.

Fylkesdirektøren har gått gjennom fylkestinget sitt vedtak i den nemnde saka og vurdert arealbehov knytt til tilbudsstrukturen saman med andre faktorar som kvalitet i eksisterande skulebygg og tidlegare politiske vedtak/byggeplanar. Ut frå desse vurderingane foreslår fylkesdirektøren prioritering og framdrift for dei ulike prosjekta. Som grunnlag for vurderingane er fleire faktorar vekt. Skular som manglar areal til dei tilboda som skal vera på skulen, får høg prioritering. Tilsvarande vil skular som har mindre gode bygg og fasilitetar i dag òg få høg prioritering.

Dei økonomiske rammene knytt til investeringar vil ha betydning for kor raskt det er mogleg å prioritera dei ulike prosjekta. Framlegget tek utgangspunkt i ei årleg investering på 800 mill. kr i skulesektoren, som er omlag 200 mill. kr lågare enn dei seinare år.

Dei økonomiske vurderingane er på anslagsnivå, då det er usikkerheiter knytt til korleis dei endelege løysingane blir for prosjekt mot slutten av økonomiplanperioden.

Klimavurdering av investeringsbudsjettet

All nybygging og rehabilitering medfører direkte klimagassutslepp frå byggefasen, indirekte utslepp frå verdikjeda og klimagassutslepp i driftsfasen. I juni 2022 vart det i Fylkestinget vedteke nye krav for berekraftig utbygging i VLFK (Saksnr.: 2022/54786-1). Desse krava er no innarbeidd i generelle kravspesifikasjonar for utbygging i Vestland fylkeskommune, og omfattar ei rekke tiltak for å redusere klimafotavtrykket frå utbygging.

- Energi: Det skal byggast i passivhusstandard, og nyttast lokal energiproduksjon (t.d. solceller) for å kompensere for 50% av energibruken til bygget.
- Klimafotavtrykket: Det er fastsett krav til maksimalt utslepp CO²-ekvivalentar pr. m² for bygg på 500-410 kg CO²e/m². Dette skal reduserast gradvis til 300-230 kg CO²e/m² innan 2030.
- Utsleppsfri og fossilfri byggeplass: Krav til utsleppsfrie maskinar for 10 % av total energibruk på byggeplassen og krav til fossilfri energi for alt utover dette.

Fylkesveg

Utgangspunktet for investeringsprogrammet for fylkesveg er fylkestinget sitt vedtak i sak 65/2024 Regional transportplan - Investeringar - Rullering 2024.

Rulleringa byggjer på hovudmåla i Regional transportplan 2022-2033 som er:

- Veksten i forfallet på fylkesvegnettet skal stoppast
- Fylkesvegnettet skal vere opent og trygt å ferdest på
- Fylkesvegnettet skal vere sikra og tilpassa framtidige klimaendringar

Rammene for investeringar på fylkesveg i perioden 2025–2028 tek utgangspunkt presenterte rammer i PS-sak 6/2024 i finansutvalet 5.6.2024. Finansutvalet gjorde følgjande vedtak i pkt. 3:

Finansutvalet viser til presenterte investeringsrammer. Ein bør vurdere å auka investeringsramma på fylkesveg, og å utnytte ordningane med samfinansiering som rassikring, ferjeavløysing og rentekompensasjon. Ein vil også vurdere storleiken på låneopptak og fondsbruk dei siste åra av økonomiplanperioden utover i budsjettprosessen, med ein klar forventning om at press i økonomien og rente er redusert på dette tidspunktet.

Fylkesdirektøren tilrår i dette arbeidsdokumentet å oppretthalde investeringsrammene som vart presentert i PS-sak 6/2004 i finansutvalet i juni. Innanfor desse rammene er det avgrensa handlingsrom for å starte opp nye store investeringsprosjekt.

I perioden 2025–2028 vil pågåande og allereie vedtekne investeringsprosjekt krevje ein stor del av tilgjengelege investeringsrammer. Dette gjeld m.a. Byvekstavtalen (Miljøløftet), pågåande Veg- og bompengepakkar, Ytre Steinsund bru og tunneloppgraderingar knytt til fv. 566 Tirsåstunnelen, fv. 614 Magnhildskardtunnelen og fv. 50 Vassbygdtunnelen. Det er også lagt opp til oppstart av skredsikring på 609 Heilevang. I perioden legg fylkesdirektøren også opp til oppstart av bygging av fv. 565 Alverstraumen bru og fv. 5402 Bavallsvegen.

Fylkesdirektøren ser store behov for investeringar knytt til fleire mindre bruer som krev utskiftingar eller oppgraderingar dersom dagens aksellast skal kunne oppretthaldast. Det er lagt inn løyvingar i heile økonomiplanperioden for å kunne utføre kritiske oppgraderingar og utskiftingar.

Den komande ferjekontrakta med oppstart 29. nov 2027 jf. PS-sak 119/2024 i fylkesutvalet 6. juni 2024 vil også krevje oppgradering av ei rekkje kaier.

Fylkesdirektøren ønskjer å halde framdrift i arbeidet med oppgradering av tunellar som følgje av krav i tunnelsikkerheitsforskrifta. Det er sett av 103,6 mill. kr til oppgradering av fv. 49 Fossenbrattetunnelen i perioden basert på ei førebels kostnadsvurdering, samt ei ufordelt løyving til nye tunneloppgraderingsprosjekt på 165,7 mill. kr i perioden 2026-2028. Fylkesdirektøren syner til den pågåande høyringa om å endre fristen for når utbetringar etter tunnelsikkerheitsforskrifta skal vere gjennomført frå 2025 til 2033 med moglegheit for 10 års forlenging etter søknad til Vegdirektoratet. Det vert å kome tilbake til val av nye prosjekt og ambisjonsnivå i seinare rulleringar av RTP-handlingsprogram.

For å følgje opp fylkestinget si føring om at om at vi skal ta vare på det vegnettet vi har og utbetre der vi kan, vert det sett av 130 mill. kr samla i 2025 og 2026 til «Forsterkingsprogrammet». Dette vil forlenge levetid på dekke, spare kostnader til vedlikehald og ha positiv verknad for klima og miljø. Det vert også sett av 20,7 mill. kr i 2025 til å auke køyrehøgde i tunnelar. Vidare ambisjonsnivå knytt til dette må vurderast etter nærmare kartlegging og høgdemålingar. Det vert også sett av 186,4 mill. kr i økonomiplanperioden til å vidareføre veglysprosjektet. Utsifting til LED-armatur vil gi reduserte straumkostnader slik at det framover kan frigjerast driftsmidlar til vedlikehald.

Det er lagt inn ei ufordelt løyving på om lag 100 mill. kr i 2028 under posten for Trafikktryggleik/mindre utbetringar. Nærmare fordeling av desse midlane må vurderast innanfor områda mindre utbetringar, mjuke trafikantar og kollektivtiltak i seinare rulleringar av RTP-handlingsprogram.

Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt. Dette vil gjera det mogeleg å realisera byggeklare, gode tiltak som oppstår i samhandling med kommunar og andre. Det er sett av 100 mill. kr i perioden.

I perioden vert det sett av 512 mill. kr til mindre skredsikringsprosjekt. Det vert arbeidd med å sjå på om nokre av skredsikringstiltaka kan realiserast gjennom innovativ skredsikring.

Samla sett gjer dette til at investeringsrammene til fylkesvegområdet vil ligge på eit svært høgt nivå i 2025 og 2026. Fylkesdirektøren finn derfor ikkje rom for oppstart av nye store investeringsprosjekt i perioden. Dette betyr at det ikkje vil vere rom for oppstart av prosjekt nemnt i fylkestingets vedtak i PS-sak 65/2024 Regional transportplan – Investering – Rullering 2024 pkt. 8

Fylkestinget ber fylkesdirektøren vurdere om det er midlar til følgjande nye tiltak i økonomiplanperioden 2025–2028:

1. Fv. 61 Naveosen- Brubakken
2. Kollektivterminal Leirvik, Stord, inklusiv tiltak for å betre tilbodet for gåande og syklende til terminalen.
3. Fv. 541 – Tjernagelvegen
4. Fv. 5184 Grimstadvegen

For prosjekt som vart utsett i samband med prosessen for 2024-budsjettet har fylkesdirektøren starta eit arbeid med å vurdere om desse prosjekta kan realiserast med ein enklare standard, jf. pkt. 7 i PS-sak 65/2024:

«Fylkestinget viser til at fleire vedtekne reguleringsplanar krev store naturinngrep og er for omfattande i forhold til den økonomiske situasjonen. Fylkestinget ber fylkesdirektøren om å kome tilbake med eiga sak om prosjekt der det er behov for å vurdere ein enklare standard, samstundes som trafikktryggleiken må vera sikra.»

Dette gjeld følgjande prosjekt:

- Fv. 560 Hammersland-Eide, Øygarden kommune
- Fv. 49 Egne Hjem, Ullensvang kommune
- Fv. 5704 Brandsøyvegen, Kinn kommune
- Fv. 271 Sjukehusvegen, Lærdal kommune

- Fv. 57 Strandanes-Holmeli, Fjaler kommune
- Fv. 611 Sæle-Engebø, Sunnfjord kommune
- Fv. 55 Høyheimsvik-Nes, Luster kommune
- Fv. 570 Risnes bru, Masfjorden kommune
- Fv. 57 Storehaugen-Perhaugen, Sunnfjord kommune

Innanfor det avgrensa handlingsrommet til fylkesveginvesteringar er det heller ikkje funne rom for å gå vidare med ferjeavløysingsprosjekta, Atløysambandet og Masfjordsambandet utover førebunde arbeid med vindmålingar og arkeologi.

I siste delen av økonomiplanperioden vil det vere krevjande å følgje opp fylkestinget si føring om at rammene til trafikktrygging, samt til utbetring og vedlikehald av eksisterande vegnett, vert vidareført, jf. PS-sak 65/2024 Regional transportplan – Rullering 2024. Fylkesdirektøren tilrår derfor at eit eventuelt større handlingsrom dei komande åra vert innretta mot å styrkje desse områda.

Talbudsjett og prosjektoamtale er i høve strukturen som er presentert i handlingsprogram RTP – investeringar. Innanfor gruppene er det konkrete prosjektløyvingar på prosjekt med kostnadsramme over 50 mill. kr. Prosjekt med kostnadsramme under 50 mill. kr inngår i samleløyvingar.

Løyvingane i investeringsbudsjettet er prisomrekna til 2025-kr med ein faktor på 3,5 pst.

Klimavurdering i investeringsbudsjettet

Vestland fylkeskommune skal ha eit effektivt, trygt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling. Dette inneber at fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for å skape gode og framtidsretta løysingar, der ein tilpassar infrastruktur til eit klima i endring, reduserer klimagassutslepp og tek vare på naturmangfald. Gjennom satsing på organisasjonsutvikling, *Meir for pengane 2.0* blir det arbeid med korleis klima og miljø skal implementerast i INV sin gjennomføringsmodell for infrastrukturprosjekt.

Vestland fylkeskommune skal nå klima- og miljømål gjennom meir berekraftige innkjøp, investeringar og utbyggingsaktivitetar. Krav i offentlege innkjøp er eit viktig verkemiddel for å redusere miljøbelastning og klimautslepp. I perioden 2022-2024 har klimasatsprosjektet *Klimakrav i anskaffingar* blitt gjennomført. Prosjektet har bidratt til å redusere klimagassutslepp ved å utforme strenge, men realistiske klimakrav i anskaffingar for infrastrukturprosjekt. I tillegg har prosjektet ført til fleire tiltak, som til dømes berekraftssertifisering for alle prosjekt over 200 mill. kr, krav om at alle utbyggingsprosjekt skal levere klimagassbudsjett og -rekneskap, og betre drivstoffrapportering. Det har òg gitt oss betre rutinar med oppdatering av malar, sjekklister for kartlegging av klima- og miljøbelastning, og rettleiar for klima og miljø i anskaffingar. Dette har gjort oss betre rusta i møte med skjerping av nasjonale reglar for offentlege anskaffingar, lovkrav om 30 % vekting av klima og miljø (frå 01.01.2024). Det skal arbeidast vidare med oppfølging, rutinar og kvalitetssikring knytt til klimakrav i anskaffingar.

Prosjektet «klimavenleg massehandtering» skal identifisere god praksis for økonomisk og klimavenleg massehandtering. Føremålet er å identifisere tiltak, prinsipp og strategiar i situasjonar der Vestland som vegbyggjar har eit masseoverskot og/eller -underskot, og kan ta imot massar frå andre aktørar. Kunnskapsgrunnlaget er ferdig og kastar lys på utfordringane med å frakte, mellomlagre og

nytte massane til andre samfunnsnyttige føremål. Vidare skal fylkeskommune legge til rette for samordning av regelverk, lover og forskrifter, meir kunnskapsdeling og kunnskapsbygging i regionen og betre samhandling om massar internt i fylkeskommunen.

Klimasatsprosjektet *Klima i planfase* skal utforske mogleighetsrommet for å redusere klimagassutslepp i planlegging av vegprosjekt. Prosjektet har som mål å utarbeide rutinar som skal syte for at omsynet til klima blir vurdert og vekta gjennom heile planprosessen. Prosjektet skal òg teste ulike verktøy for å rekne ut klimagassutslepp, og finne ut om og når i planprosessen verktøya er føremålstenlege å nytte.

Det er gjennomført ei overordna kartlegging av kostnadane for å flaumsikre fylkesvegnettet. Kartlegginga stadfestar at flaumsikring vil vere særskild kostbart og at ein må prioritere strekningane med størst risiko. Vidare skal det arbeidast med risikokartlegging og med å konkretisere utbetringsbehovet for å få meir nøyaktige estimat på nokre prioriterte strekningar.

For å nå klimamåla har fylkeskommunen fokus på samarbeid for å utveksle kunnskap og erfaringar om både klimagassreduksjon og klimatilpassing av vegnettet med andre vegeigarar, planmyndigheiter og forskingsinstitusjonar. Samarbeid som dette vil auke kunnskap og knyte nettverk for å utvikle og bli kjent med ny teknologi og nye løysingar, mellom anna deltaking i den nasjonale transportklynga VIA og i nettverket Grøn Anleggssektor og Leverandørutviklingsprogrammet (LUP). I tillegg kan det bli aktuelt å delta som brukarpartner i sentra for forskingsdriven innovasjon (SFI). Til dømes SFI Vilt vann og SFI FutureRoad 2050.

Kollektiv

Investeringar ferje, båt og buss

Det grønne skiftet med overgang frå fossilt drivstoff til elektrisitet gjev meirutgifter både til nye ferjer, båtar og bussar (materiellet) som skal frakta passasjerar og køyretøy, og installasjonar som skal lade opp materiellet. Meirutgiftene for materiellet er tatt høgde for i driftsbudsjettet, medan installasjonane er tatt med i investeringsbudsjettet.

Investeringsbudsjettet for ferje omhandlar konkurranseutsetjinga av ferjesambanda i Sogn og Fjordane og Breistein – Valestrand. I 2027 er det berekna ein investeringsutgift på om lag 181 mill. kr. for ferjesambanda i Sogn og Fjordane og 6 mill. kr. for sambandet Breistein – Valestrand. Investeringsutgiftene gjeld nettoppgradering og ladestasjonar.

I januar 2025 vil dei nye båtkontraktane (nullutslepp) for Bergen - Askøy og Bergen – Alver starte opp. Investeringsutgift for nettoppgradering og ladestasjonar er på om lag 44 mill. kr i 2025. Tala tek omsyn til støtte frå Klimasats og Nox-fond.

I økonomiplanperioden er det tre rutepakkar for buss som skal fornyast. Det er Voss og Hardanger, Modalen og Nordfjord i 2025, Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland i 2026 og Nordhordland i 2027. Kontraktane for Voss og Hardanger, Modalen og Nordfjord er tildelt og nettoppgradering og ladestasjonar har ein investeringsutgift på om lag 72 mill. kr. i 2025. Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland er konkurranseutsett, og nettoppgradering og ladestasjonar har ei investeringsutgift berekna til 60 mill. kr i 2026. Investeringsutgift til nettoppgradering og ladestasjonar for den kommande fornyinga av rutepakken for Nordhordland er så langt berekna til om lag 20 mill. kr. i 2027.

Ulike investeringstiltak innan mobilitet og kollektiv

Det er lagt planar for investeringar innan områda salsløyisingar, digitale plattformer og nye mobilitetstenester. Det er forslag om å setja av 54 mill. kr årleg i økonomiplanperioden. Summen skal nyttast til samarbeidstiltak med andre aktørar innan kollektivsektoren, utviklingstiltak for å betre kundetenesta og digitaliseringstiltak elles.

IKT og digitalisering

Det er sett av 33,9 mill. kr kvart år i planperioden til investeringar knytt til IKT og digitalisering i fylkeskommunen. Delar av investeringsramma er bunden opp til naudsynnte investeringar knytt til IKT og sikkerheit. Resterande midlar vert disponert gjennom porteføljestyling av IKT- og digitaliseringsprosjekt, der formålet er å forvalte ressursar på ein optimal måte. Prioriteringane skal i stor grad støtte opp under ambisjon 3 i VLFK sin organisasjonsstrategi som vektlegg behovet for digital transformasjon for å møte dei forventingane som samfunnet og brukarane har til betre kvalitet, brukaropplevingar og effektivitet.

Auka bruk av skytenester gir større press på driftsbudsjettet, og skal ein kunne ta i bruk ny teknologi er rett dimensjonering mellom IT-investering og IT-drift viktig. Fylkesdirektøren har difor høve til å redusere investeringsramma, og auke driftsbudsjettet som følgje av frigjorte kapitalutgifter for å oppnå dette, jf. budsjettreglementet.

Tannhelsetenesta

Det er sett av 10,5 mill. kr kvart år til utstyr i tannhelsetenesta. Delar av denne løyvinga vil verte nytta til utstyr ved nye eller ombygde klinikkar.

Opplæring og kompetanse

Det er sett av 41,5 mill. kr årleg til dette føremålet. Midlane skal nyttast til større undervisningsutstyr, it-investeringar og inventar ved skulane. Midlane skal mellom anna nyttast til naudsynt oppgradering av maskiner og utstyr innan yrkesfaga, og komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane. Midlane vert fordelt til skulane gjennom ein vekta tildelingsmodell som tek omsyn til at behova varierer mellom utdanningsprogramma. Skulane kan overføre unytta midlar til neste år og på denne måten spare opp midlar til større investeringar.

Avhengig av behov kan delar av potten delast mellom skulane til særskilte tiltak t.d. nye utdanningsprogram eller skular som har trong for større oppgraderingar.

Investeringar pr avdeling og fase

Investeringar pr avdeling

							Beløp i 1000 kr
Prosjektnivå 1	Hovudprosjekt (T)	Hovudprosjekt	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
10 Bygg og Eigedom	Arkivdepot	017011	47 600	0	0	0	47 600
10 Bygg og Eigedom	Austrheim vgs	012030	5 000	10 000	10 000	80 000	105 000
10 Bygg og Eigedom	Bussanlegg Eid	015003	31 000	0	0	0	31 000
10 Bygg og Eigedom	Bussanlegg Førde	015001	22 000	0	0	0	22 000
10 Bygg og Eigedom	Bussanlegg Sogndal	015002	17 200	4 800	0	0	22 000
10 Bygg og Eigedom	Bussanlegg Stryn	015004	0	31 000	0	0	31 000
10 Bygg og Eigedom	Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg	013005	25 900	15 500	0	0	41 400
10 Bygg og Eigedom	Eid vgs – nytt undervisningsareal	012007	19 700	0	0	0	19 700
10 Bygg og Eigedom	Energiltak, solceller	017016	16 000	16 000	16 000	16 000	64 000
10 Bygg og Eigedom	Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg	013006	2 400	20 400	25 600	0	48 400
10 Bygg og Eigedom	Fusa vgs	MP-17	90 000	0	0	0	90 000
10 Bygg og Eigedom	Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering	011000	18 600	0	0	0	18 600
10 Bygg og Eigedom	IT-investeringar	010205	33 900	33 900	33 900	33 900	135 600
10 Bygg og Eigedom	Knutepunkt/terminalar distrikt	017017	15 000	15 000	30 000	30 000	90 000
10 Bygg og Eigedom	Kvam vgs	012023	209 000	52 300	0	0	261 300
10 Bygg og Eigedom	Laksevåg MBS vgs og Fagskule	012020	5 000	5 000	5 000	50 000	65 000
10 Bygg og Eigedom	Langhaugen vgs	012019	89 000	94 200	0	0	183 200
10 Bygg og Eigedom	Mo og Øyrane vgs – internat mm.	013004	42 400	0	0	0	42 400
10 Bygg og Eigedom	Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall	013003	0	31 000	63 100	0	94 100
10 Bygg og Eigedom	Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg	013035	115 000	115 000	115 000	115 000	460 000
10 Bygg og Eigedom	Os vgs	012031	20 000	100 000	120 000	120 000	360 000
10 Bygg og Eigedom	Restaurering av verneverdige f.k. bygg	014005	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
10 Bygg og Eigedom	Skulebruksplan – planmidlar	012022	14 500	14 500	14 500	14 500	58 000
10 Bygg og Eigedom	Slåtthaug vgs	012027	18 100	103 000	105 000	0	226 100
10 Bygg og Eigedom	Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad	013008	4 100	15 500	33 100	0	52 700
10 Bygg og Eigedom	Sogndal vgs – rehab. symjebasseng	013009	10 400	41 400	17 700	0	69 500
10 Bygg og Eigedom	Sotra vgs	012025	0	10 000	40 000	260 000	310 000
10 Bygg og Eigedom	Stord vgs	012016	129 400	55 000	0	0	184 400
10 Bygg og Eigedom	Større undervisningsutstyr	030000	41 500	41 500	41 500	41 500	166 000
10 Bygg og Eigedom	Tannklinikkar andre	016005	11 900	11 900	11 900	11 900	47 600
10 Bygg og Eigedom	Tilfluktsrom	017007	0	10 000	0	0	10 000

Prosjektnivå 1	Hovudprosjekt (T)	Hovudprosjekt	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
10 Bygg og Eigedom	Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	017003	7 700	7 700	7 700	7 700	30 800
10 Bygg og Eigedom	Ulike byggtiltak innan kollektiv	015000	10 900	10 900	10 900	10 900	43 600
10 Bygg og Eigedom	Utstyr tannhelsetenesta	010280	10 500	10 500	10 500	10 500	42 000
10 Bygg og Eigedom	Årstad vgs	013036	0	10 000	35 000	100 000	145 000
50 Mobilitet og kollektiv	Buss - infrastruktur og ladestasjon	051055	72 000	60 000	20 000	0	152 000
50 Mobilitet og kollektiv	Båt - infrastruktur og ladestasjon	051054	44 000	0	0	0	44 000
50 Mobilitet og kollektiv	Ferge - infrastruktur og ladestasjon	051059	0	0	50 000	137 000	187 000
50 Mobilitet og kollektiv	Ulike inv. tiltak kollektivområdet	051018	54 000	54 000	54 000	54 000	216 000
60 Fylkesveg	Andre tiltak - samleløyving	060694	23 200	22 600	22 600	15 600	84 000
60 Fylkesveg	Askøypakken	060006	220 000	238 600	256 000	298 200	1 012 800
60 Fylkesveg	Austevollpakken	060580	20 700	51 100	51 100	1 200	124 100
60 Fylkesveg	Bru samleløyving	060692	94 900	81 800	51 200	111 300	339 200
60 Fylkesveg	Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg	060322	359 310	490 170	410 620	416 100	1 676 200
60 Fylkesveg	Børnlopakken	060567	299 900	276 400	110 000	0	686 300
60 Fylkesveg	Ferjeavløysing Atløysamlandet	060530	18 700	0	0	0	18 700
60 Fylkesveg	Ferjeavløysing Masfjordbrua	060852	2 900	0	0	0	2 900
60 Fylkesveg	Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	060036	342 300	225 600	0	0	567 900
60 Fylkesveg	Fv 49 Fossenbrattetunnelen	060879	5 200	46 600	51 800	0	103 600
60 Fylkesveg	Fv 50 Vassbygdtunnelen	060711	82 800	18 700	0	0	101 500
60 Fylkesveg	Fv 5158 Nordvik - Straumen	060730	3 200	32 300	30 700	7 300	73 500
60 Fylkesveg	Fv 5402 Bavallsvegen	060779	98 200	96 900	57 900	0	253 000
60 Fylkesveg	Fv 567 Loftås-Hauge	060663	46 600	57 000	39 500	0	143 100
60 Fylkesveg	Fv 79 Øystese - Laupsa	060660	49 500	12 500	0	0	62 000
60 Fylkesveg	Fv. 161 Åsen–Helleskaret	060433	80 500	10 400	0	0	90 900
60 Fylkesveg	Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb.	060578	3 200	5 200	8 500	0	16 900
60 Fylkesveg	Fv. 548 Skånevig - Nesvågen - Flesjo	060682	75 600	63 800	0	0	139 400
60 Fylkesveg	Fv. 5591 Rørdalsfjord bru - ny	060781	5 200	46 600	26 900	0	78 700
60 Fylkesveg	Fv. 565 Alverstraumen bru	060677	14 500	67 300	144 900	155 300	382 000
60 Fylkesveg	Fv. 566 Tiråstunnelen	060455	81 600	10 400	0	0	92 000
60 Fylkesveg	Fv. 609 Heilevang	060244	131 500	310 500	310 500	310 500	1 063 000
60 Fylkesveg	Fv. 611 Eikefjord-Sunnarvik (del 1)	060683	62 100	40 200	0	0	102 300

Prosjektnivå 1	Hovudprosjekt (T)	Hovudprosjekt	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
60 Fylkesveg	Fv. 614 Magnhildskartunnelen	060520	82 800	103 500	113 900	0	300 200
60 Fylkesveg	Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru	060674	34 800	0	0	0	34 800
60 Fylkesveg	Fv. 722 Flovegen	060270	19 900	0	0	0	19 900
60 Fylkesveg	Fv. 79 Øystese-Ålvik- Granvin	060035	56 600	0	0	0	56 600
60 Fylkesveg	Førdepakken	060323	155 800	427 700	424 500	326 400	1 334 400
60 Fylkesveg	Haugalandspakken	060537	32 200	0	0	0	32 200
60 Fylkesveg	Kai/landareal - samleløyving	060688	75 600	36 800	82 500	79 700	274 600
60 Fylkesveg	Kollektivtiltak - samleløyving	060332	21 600	2 800	0	0	24 400
60 Fylkesveg	Kvinnheradspakken	060285	36 300	41 400	7 300	0	85 000
60 Fylkesveg	Mindre utbetringar - samleløyving	060333	219 700	87 100	11 000	119 000	436 800
60 Fylkesveg	Nordhordlandspakken	060015	146 400	193 200	194 500	127 600	661 700
60 Fylkesveg	Planprogram - samleløyving	060329	70 500	70 500	70 500	70 500	282 000
60 Fylkesveg	Rekkverk - samleløyving	060406	28 200	16 200	16 200	16 200	76 800
60 Fylkesveg	Samfinansiering - samleløyving	060691	16 200	28 100	28 100	28 100	100 500
60 Fylkesveg	Skredsikring - samleløyving	060690	129 200	157 400	113 500	112 100	512 200
60 Fylkesveg	Tilrettelegging for mjuke traffikantar - samleløyving	060693	44 300	18 400	0	0	62 700
60 Fylkesveg	Tunneloppgradering - samleløyving	060689	43 100	40 500	70 700	106 800	261 100
60 Fylkesveg	Veglys - investering - samleløyving	060641	42 600	51 800	62 100	31 100	187 600
Totalsum			4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400	16 188 500

Investeringar etter fase

Beløp i 1000 kr						
Investeringsfase	Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Gjennomføringsfase	Andre tiltak - samleløyving	23 200	22 600	22 600	15 600	84 000
Gjennomføringsfase	Arkivdepot	47 600	0	0	0	47 600
Gjennomføringsfase	Askøypakken	220 000	238 600	256 000	298 200	1 012 800
Gjennomføringsfase	Austevollpakken	20 700	51 100	51 100	1 200	124 100
Gjennomføringsfase	Bru samleløyving	94 900	81 800	51 200	111 300	339 200
Gjennomføringsfase	Bussanlegg Førde	22 000	0	0	0	22 000
Gjennomføringsfase	Bussanlegg Sogndal	17 200	4 800	0	0	22 000

Investeringsfase	Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Gjennomføringsfase	Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg	359 310	490 170	410 620	416 100	1 676 200
Gjennomføringsfase	Bømlopakken	299 900	276 400	110 000	0	686 300
Gjennomføringsfase	Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg	25 900	15 500	0	0	41 400
Gjennomføringsfase	Eid vgs – nytt undervisningsareal	19 700	0	0	0	19 700
Gjennomføringsfase	Energiltak, solceller	16 000	16 000	16 000	16 000	64 000
Gjennomføringsfase	Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	342 300	225 600	0	0	567 900
Gjennomføringsfase	Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg	2 400	20 400	25 600	0	48 400
Gjennomføringsfase	Fv 50 Vassbygdtunnelen	82 800	18 700	0	0	101 500
Gjennomføringsfase	Fv 5158 Nordvik - Straumen	3 200	32 300	30 700	7 300	73 500
Gjennomføringsfase	Fv 567 Loftås-Hauge	46 600	57 000	39 500	0	143 100
Gjennomføringsfase	Fv. 161 Åsen–Helleskaret	80 500	10 400	0	0	90 900
Gjennomføringsfase	Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb.	3 200	5 200	8 500	0	16 900
Gjennomføringsfase	Fv. 566 Tiråstunnelen	81 600	10 400	0	0	92 000
Gjennomføringsfase	Fv. 611 Eikefjord-Sunnarvik (del 1)	62 100	40 200	0	0	102 300
Gjennomføringsfase	Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru	34 800	0	0	0	34 800
Gjennomføringsfase	Fv. 722 Flovegen	19 900	0	0	0	19 900
Gjennomføringsfase	Fv. 79 Øystese–Ålvik–Granvin	56 600	0	0	0	56 600
Gjennomføringsfase	Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering	18 600	0	0	0	18 600
Gjennomføringsfase	Førdepakken	155 800	427 700	424 500	326 400	1 334 400
Gjennomføringsfase	Haugalandspakken	32 200	0	0	0	32 200
Gjennomføringsfase	IT-investeringar	33 900	33 900	33 900	33 900	135 600
Gjennomføringsfase	Kai/landareal - samleøyving	75 600	36 800	82 500	79 700	274 600
Gjennomføringsfase	Kollektivtiltak - samleøyving	21 600	2 800	0	0	24 400
Gjennomføringsfase	Kvam vgs	209 000	52 300	0	0	261 300
Gjennomføringsfase	Kvinnheradspakken	36 300	41 400	7 300	0	85 000
Gjennomføringsfase	Langhaugen vgs	89 000	94 200	0	0	183 200
Gjennomføringsfase	Mindre utbetringar - samleøyving	219 700	87 100	11 000	119 000	436 800
Gjennomføringsfase	Mo og Øyrane vgs – internat mm.	42 400	0	0	0	42 400
Gjennomføringsfase	Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall	0	31 000	63 100	0	94 100
Gjennomføringsfase	Nordhordlandspakken	146 400	193 200	194 500	127 600	661 700
Gjennomføringsfase	Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg	115 000	115 000	115 000	115 000	460 000
Gjennomføringsfase	Planprogram - samleøyving	70 500	70 500	70 500	70 500	282 000

Investeringsfase	Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Gjennomføringsfase	Rekkverk - samleøyving	28 200	16 200	16 200	16 200	76 800
Gjennomføringsfase	Restaurering av verneverdige f.k. bygg	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000
Gjennomføringsfase	Samfinansiering - samleøyving	16 200	28 100	28 100	28 100	100 500
Gjennomføringsfase	Skredsikring - samleøyving	129 200	157 400	113 500	112 100	512 200
Gjennomføringsfase	Skulebruksplan – planmidlar	14 500	14 500	14 500	14 500	58 000
Gjennomføringsfase	Slåtthaug vgs	18 100	103 000	105 000	0	226 100
Gjennomføringsfase	Sogndal vgs – rehab. symjebasseng	10 400	41 400	17 700	0	69 500
Gjennomføringsfase	Sotra vgs	0	10 000	40 000	260 000	310 000
Gjennomføringsfase	Stord vgs	129 400	55 000	0	0	184 400
Gjennomføringsfase	Større undervisningsutstyr	41 500	41 500	41 500	41 500	166 000
Gjennomføringsfase	Tannklinikkar andre	11 900	11 900	11 900	11 900	47 600
Gjennomføringsfase	Tilfluktsrom	0	10 000	0	0	10 000
Gjennomføringsfase	Tilrettelegging for mjuke traffikantar - samleøyving	44 300	18 400	0	0	62 700
Gjennomføringsfase	Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	7 700	7 700	7 700	7 700	30 800
Gjennomføringsfase	Tunneloppgradering - samleøyving	43 100	40 500	70 700	106 800	261 100
Gjennomføringsfase	Ulike byggtiltak innan kollektiv	10 900	10 900	10 900	10 900	43 600
Gjennomføringsfase	Ulike inv. tiltak kollektivområdet	54 000	54 000	54 000	54 000	216 000
Gjennomføringsfase	Utstyr tannhelsetenesta	10 500	10 500	10 500	10 500	42 000
Gjennomføringsfase	Veglys - investering - samleøyving	42 600	51 800	62 100	31 100	187 600
Utviklingsfase	Austrheim vgs	5 000	10 000	10 000	80 000	105 000
Utviklingsfase	Buss - infrastruktur og ladestasjon	72 000	60 000	20 000	0	152 000
Utviklingsfase	Bussanlegg Eid	31 000	0	0	0	31 000
Utviklingsfase	Bussanlegg Stryn	0	31 000	0	0	31 000
Utviklingsfase	Båt - infrastruktur og ladestasjon	44 000	0	0	0	44 000
Utviklingsfase	Ferge - infrastruktur og ladestasjon	0	0	50 000	137 000	187 000
Utviklingsfase	Ferjeavløysing Atløysambandet	18 700	0	0	0	18 700
Utviklingsfase	Ferjeavløysing Masfjordbrua	2 900	0	0	0	2 900
Utviklingsfase	Fusa vgs	90 000	0	0	0	90 000
Utviklingsfase	Fv 49 Fossenbrattetunnelen	5 200	46 600	51 800	0	103 600
Utviklingsfase	Fv 5402 Bavallsvegen	98 200	96 900	57 900	0	253 000
Utviklingsfase	Fv 79 Øystese - Laupsa	49 500	12 500	0	0	62 000
Utviklingsfase	Fv. 548 Skånevig - Nesvågen - Flesjø	75 600	63 800	0	0	139 400

Investeringsfase	Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Sum i øk.plan
Utviklingsfase	Fv. 5591 Rørdalsfjord bru - ny	5 200	46 600	26 900	0	78 700
Utviklingsfase	Fv. 565 Alverstraumen bru	14 500	67 300	144 900	155 300	382 000
Utviklingsfase	Fv. 609 Heilevang	131 500	310 500	310 500	310 500	1 063 000
Utviklingsfase	Fv. 614 Magnhildskartunnelen	82 800	103 500	113 900	0	300 200
Utviklingsfase	Knutepunkt/terminalar distrikt	15 000	15 000	30 000	30 000	90 000
Utviklingsfase	Laksevåg MBS vgs og Fagskule	5 000	5 000	5 000	50 000	65 000
Utviklingsfase	Os vgs	20 000	100 000	120 000	120 000	360 000
Utviklingsfase	Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad	4 100	15 500	33 100	0	52 700
Utviklingsfase	Årstad vgs	0	10 000	35 000	100 000	145 000
Totalsum		4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400	16 188 500

Investeringstabell for fylkeskommunen samla

Bygg og Eigedom

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28
Fellesfunksjonar					
Energiltak, solceller	16 000	16 000	16 000	16 000	64 000 Gjennomføringsfase
Fylkeshuset Leikanger - rehabilitering	18 600	0	0	0	18 600 Gjennomføringsfase
Tilfluktsrom	0	10 000	0	0	10 000 Gjennomføringsfase
Sum Fellesfunksjonar	34 600	26 000	16 000	16 000	92 600
Opplæring					
Austrheim vgs	5 000	10 000	10 000	80 000	105 000 Utviklingsfase
Dale vgs – rehab. / omb. verkstadbyg	25 900	15 500	0	0	41 400 Gjennomføringsfase
Eid vgs – nytt undervisningsareal	19 700	0	0	0	19 700 Gjennomføringsfase
Firda vgs – rehab. fløy D Aulabygg	2 400	20 400	25 600	0	48 400 Gjennomføringsfase
Fusa vgs	90 000	0	0	0	90 000 Utviklingsfase

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28
Kvam vgs	209 000	52 300	0	0	261 300 Gjennomføringsfase
Laksevåg MBS vgs og Fagskule	5 000	5 000	5 000	50 000	65 000 Utviklingsfase
Langhaugen vgs	89 000	94 200	0	0	183 200 Gjennomføringsfase
Mo og Øyrane vgs – internat mm.	42 400	0	0	0	42 400 Gjennomføringsfase
Måløy vgs – blokk A og D / Akvahall	-0	31 000	63 100	0	94 100 Gjennomføringsfase
Ombygging/ rehabilitering/ mindre tilbygg	115 000	115 000	115 000	115 000	460 000 Gjennomføringsfase
Os vgs	20 000	100 000	120 000	120 000	360 000 Utviklingsfase
Skulebruksplan – planmidlar	14 500	14 500	14 500	14 500	58 000 Gjennomføringsfase
Slåtthaug vgs	18 100	103 000	105 000	0	226 100 Gjennomføringsfase
Sogn jord- og hagebr. – rehab. fjøs- og verkstad	4 100	15 500	33 100	-0	52 700 Utviklingsfase
Sogndal vgs – rehab. symjebasseng	10 400	41 400	17 700	0	69 500 Gjennomføringsfase
Sotra vgs	-0	10 000	40 000	260 000	310 000 Gjennomføringsfase
Stord vgs	129 400	55 000	0	0	184 400 Gjennomføringsfase
Årstad vgs	0	10 000	35 000	100 000	145 000 Utviklingsfase
Sum Opplæring	799 900	692 800	584 000	739 500	2 816 200
Tannhelse					
Tannklinikkar andre	11 900	11 900	11 900	11 900	47 600 Gjennomføringsfase
Sum Tannhelse	11 900	11 900	11 900	11 900	47 600
Kultur og Regional utvikling					
Arkivdepot	47 600	0	0	0	47 600 Gjennomføringsfase
Restaurering av verneverdige f.k. bygg	3 500	3 500	3 500	3 500	14 000 Gjennomføringsfase
Sum Kultur og Regional utvikling	51 100	3 500	3 500	3 500	61 600
IKT-investeringar					
IT-investeringar	33 900	33 900	33 900	33 900	135 600 Gjennomføringsfase
Sum IKT-investeringar	33 900	33 900	33 900	33 900	135 600
Samferdsel					
Bussanlegg Eid	31 000	-0	0	0	31 000 Utviklingsfase

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28
Bussanlegg Førde	22 000	0	0	0	22 000 Gjennomføringsfase
Bussanlegg Sogndal	17 200	4 800	0	0	22 000 Gjennomføringsfase
Bussanlegg Stryn	0	31 000	0	0	31 000 Utviklingsfase
Knutepunkt/terminalar distrikt	15 000	15 000	30 000	30 000	90 000 Utviklingsfase
Tiltak gang- og sykkeltiltak, fylk.kom bygg	7 700	7 700	7 700	7 700	30 800 Gjennomføringsfase
Ulike byggtiltak innan kollektiv	10 900	10 900	10 900	10 900	43 600 Gjennomføringsfase
Sum Samferdsel	103 800	69 400	48 600	48 600	270 400
Større utstyr opplæring/tannhelse					
Større undervisningsutstyr	41 500	41 500	41 500	41 500	166 000 Gjennomføringsfase
Utstyr tannhelsetenesta	10 500	10 500	10 500	10 500	42 000 Gjennomføringsfase
Sum Større utstyr opplæring/tannhelse	52 000	52 000	52 000	52 000	208 000
Sum	1 087 200	889 500	749 900	905 400	3 632 000

Mobilitet og kollektiv

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28
Kollektiv					
Buss - infrastruktur og ladestasjon	72 000	60 000	20 000	0	152 000 Utviklingsfase
Båt - infrastruktur og ladestasjon	44 000	0	0	0	44 000 Utviklingsfase
Ferge - infrastruktur og ladestasjon	0	0	50 000	137 000	187 000 Utviklingsfase
Ulike inv. tiltak kollektivområdet	54 000	54 000	54 000	54 000	216 000 Gjennomføringsfase
Sum Kollektiv	170 000	114 000	124 000	191 000	599 000
Sum	170 000	114 000	124 000	191 000	599 000

Fylkesveg

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum	Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28	
Investeringsprosjekter						
Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen						
Byvekstavtalen (Miljøløftet) – fylkesveg	359 310	490 170	410 620	416 100	1 676 200	Gjennomføringsfase
Sum Byvekstavtalen Miljøløftet, eks bybanen	359 310	490 170	410 620	416 100	1 676 200	
Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen						
Askøypakken	220 000	238 600	256 000	298 200	1 012 800	Gjennomføringsfase
Austevollpakken	20 700	51 100	51 100	1 200	124 100	Gjennomføringsfase
Bømlopakken	299 900	276 400	110 000	0	686 300	Gjennomføringsfase
Fv 5158 Nordvik - Straumen	3 200	32 300	30 700	7 300	73 500	Gjennomføringsfase
Førdepakken	155 800	427 700	424 500	326 400	1 334 400	Gjennomføringsfase
Haugalandspakken	32 200	0	0	0	32 200	Gjennomføringsfase
Kvinnheradspakken	36 300	41 400	7 300	0	85 000	Gjennomføringsfase
Nordhordlandspakken	146 400	193 200	194 500	127 600	661 700	Gjennomføringsfase
Sum Veg- og bompengepakkar, eksl. Miljøløftet/Byvekstavtalen	914 500	1 260 700	1 074 100	760 700	4 010 000	
Vegprosjekt						
Ferjeavløysing Atløysambandet	18 700	-0	0	0	18 700	Utviklingsfase
Ferjeavløysing Masfjordbrua	2 900	0	0	0	2 900	Utviklingsfase
Ferjeavløysing Ytre Steinsund bru	342 300	225 600	0	0	567 900	Gjennomføringsfase
Fv 5402 Bavallsvegen	98 200	96 900	57 900	0	253 000	Utviklingsfase
Fv. 161 Åsen–Helleskaret	80 500	10 400	0	0	90 900	Gjennomføringsfase
Fv. 548 Skånevig - Nesvågen - Flesjø	75 600	63 800	0	0	139 400	Utviklingsfase
Sum Vegprosjekt	618 200	396 700	57 900	0	1 072 800	
Strekingsvise prosjekt						

	Økonomiplan				Sum	Investeringsfase
Investeringsprosjekter	2025	2026	2027	2028	2025-28	
Fv. 500/5048/5050 Div. tiltak – Halsnøysamb.	3 200	5 200	8 500	0	16 900	Gjennomføringsfase
Fv. 79 Øystese–Ålvik–Granvin	56 600	0	0	0	56 600	Gjennomføringsfase
Sum Strekningsvise prosjekt	59 800	5 200	8 500	0	73 500	
Bru og kai						
Bru samleøyving	94 900	81 800	51 200	111 300	339 200	Gjennomføringsfase
Fv. 5591 Rørdalsfjord bru - ny	5 200	46 600	26 900	0	78 700	Utviklingsfase
Fv. 565 Alverstraumen bru	14 500	67 300	144 900	155 300	382 000	Utviklingsfase
Fv. 616 Oldersund og Hamrøy bru	34 800	0	0	0	34 800	Gjennomføringsfase
Kai/landareal - samleøyving	75 600	36 800	82 500	79 700	274 600	Gjennomføringsfase
Sum Bru og kai	225 000	232 500	305 500	346 300	1 109 300	
Tunneloppgradering						
Fv 49 Fossenbrattetunnelen	5 200	46 600	51 800	0	103 600	Utviklingsfase
Fv 50 Vassbygd tunnelen	82 800	18 700	0	0	101 500	Gjennomføringsfase
Fv. 566 Tiråstunnelen	81 600	10 400	0	0	92 000	Gjennomføringsfase
Fv. 614 Magnhildskartunnelen	82 800	103 500	113 900	0	300 200	Utviklingsfase
Tunneloppgradering - samleøyving	43 100	40 500	70 700	106 800	261 100	Gjennomføringsfase
Sum Tunneloppgradering	295 500	219 700	236 400	106 800	858 400	
Trafikktryggleik/mindre utbetringar						
Mindre utbetringar - samleøyving	219 700	87 100	11 000	119 000	436 800	Gjennomføringsfase
Rekkverk - samleøyving	28 200	16 200	16 200	16 200	76 800	Gjennomføringsfase
Veglys - investering - samleøyving	42 600	51 800	62 100	31 100	187 600	Gjennomføringsfase
Sum Trafikktryggleik/mindre utbetringar	290 500	155 100	89 300	166 300	701 200	
Tilrettelegging for mjuke trafikanter						
Fv 567 Loftås-Hauge	46 600	57 000	39 500	0	143 100	Gjennomføringsfase
Fv 79 Øystese - Laupsa	49 500	12 500	0	0	62 000	Utviklingsfase
Fv. 611 Eikefjord-Sunnarvik (del 1)	62 100	40 200	0	0	102 300	Gjennomføringsfase

	Økonomiplan				Sum	Investeringsfase
	2025	2026	2027	2028	2025-28	
Investeringsprosjekter						
Tilrettelegging for mjuke traffikantar - samleøyving	44 300	18 400	0	0	62 700	Gjennomføringsfase
Sum Tilrettelegging for mjuke traffikantar	202 500	128 100	39 500	0	370 100	
Samfinansiering						
Samfinansiering - samleøyving	16 200	28 100	28 100	28 100	100 500	Gjennomføringsfase
Sum Samfinansiering	16 200	28 100	28 100	28 100	100 500	
Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv						
Kollektivtiltak - samleøyving	21 600	2 800	0	0	24 400	Gjennomføringsfase
Sum Veg- og infrastrukturtiltak for kollektiv	21 600	2 800	0	0	24 400	
Skredsikring						
Fv. 609 Heilevang	131 500	310 500	310 500	310 500	1 063 000	Utviklingsfase
Fv. 722 Flovegen	19 900	0	0	0	19 900	Gjennomføringsfase
Skredsikring - samleøyving	129 200	157 400	113 500	112 100	512 200	Gjennomføringsfase
Sum Skredsikring	280 600	467 900	424 000	422 600	1 595 100	
Planlegging						
Planprogram - samleøyving	70 500	70 500	70 500	70 500	282 000	Gjennomføringsfase
Sum Planlegging	70 500	70 500	70 500	70 500	282 000	
Andre tiltak						
Andre tiltak - samleøyving	23 200	22 600	22 600	15 600	84 000	Gjennomføringsfase
Sum Andre tiltak	23 200	22 600	22 600	15 600	84 000	
Sum	3 377 410	3 480 070	2 767 020	2 333 000	11 957 500	

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Investeringer i varige driftsmidler	4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400
Kompensasjon for merverdiavgift	-708 298	-717 715	-580 540	-541 721
Tilskudd fra andre	-825 820	-1 133 426	-933 710	-811 717
Salg av varige driftsmidler	-16 000	0	0	-88 000
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-2 476 097	-2 005 736	-1 501 344	-1 382 042
Overføring fra drift	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Bruk av bundne investeringsfond	-8 395	-26 693	-25 326	-5 920
Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0
Sum finansiering	-4 634 610	-4 483 570	-3 640 920	-3 429 400
Sum finansieringsbehov	4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400
Sum finansiering	-4 634 610	-4 483 570	-3 640 920	-3 429 400
Udekt finansiering	0	0	0	0

Samanlikne investeringsnivå mot økonomiplan i fjor

Beløp i 1000

Investeringar i varige driftsmedel	2024	2025	2026	2027	2028	Sum
Vedtatt økonomiplan 2024-2027						
Vestland fylkeskommune	4 333 300	4 436 500	3 712 297	2 841 260		15 323 357

Ny økonomiplan 2025–2028

Investeringar i varige driftsmedel	2024	2025	2026	2027	2028	Sum
Vestland fylkeskommune		4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400	16 188 500

Naturkonsekvensar

Innleiing

Fylkestinget gjorde i samband med budsjettet for 2024 slikt vedtak i punkt 10:

Med stadig meir kunnskap om kor sårbar situasjon er kring biologisk mangfald og naturverdiar, og med signering av naturavtalen i Montreal i desember 2022, er det viktig at Vestland fylkeskommune arbeidar endå meir konkret med natur som tema. I kommande økonomiplanar skal fylkesdirektøren synleggjere naturkonsekvensane av fylkeskommunen sine budsjettvedtak.

Fylkesdirektøren presenterer i denne fyrste økonomiplanen etter fylkestinget sitt vedtak naturkonsekvensane av investeringar innan Eigedom og utbygging og Infrastruktur og veg. Ein tek sikte på å utvide omtalen av naturkonsekvensane både innanfor desse sektorane og for fleire sektorar i seinare økonomiplanar.

Eigedom og utbygging

Investering

EIU har gjennomgått sin portefølje og har vurdert naturkonsekvensane av nye tiltak/prosjekt innanfor økonomiplan 2025–2028 med naturinngrep, ikkje berre dei største.

Definisjonen av naturinngrep er:

“All utbygging i areal som ikkje er kategorisert som bebygd eller samferdsel ifølge arealtypekartlegging (per i dag brukar vi AR5) blir betrakta som naturinngrep, i tillegg til all utbygging som grensar til sjø og hav. Dette gjeld også investeringar til oppstart av reguleringsplanarbeid som er utgreia i overordna plan.”

Økonomiplan 2025–2028 EIU

Det er kun investeringa knytt til prosjektet Måløy vgs. med etablering av ny akvahall som fører til arealinngrep i natur med eit totalt areal på om lag 3,6 dekar.

Dette arealet består av eit moderat naturmangfald.

	Måløy vgs – rehab blokk A og D samt akvahall
Beskrivelse av investering	Rehab. blokk Ad og D Akvahall vert etablert delvis med arealinngrep i natur

	Reg plan arbeid pågår og er forventa ferdig Q1 2025
a) Kor stort areal (dekar) vil budsjettforslaget ta i bruk totalt? (overslag)	Fylling i sjø ny parkering 3 dekar Nybygg akvahall 0,6 dekar
b) Kva for nokre naturtypar blir utbygd?	Sjø i hovudsak (ferdigstilling av en påbegynt fylling)
c) Er det registrert raudlista artar eller naturtypar i området?	Det er laga naturmangfaldsrapport av Asplan VIAK datert 14.09.23. Naturmangfoldet er moderat.
d) Kva arealtype blir påverka i ei sone på 50 m rundt alle sider av prosjektet?	Kystlynghei mm
e) Blir det gjort kompensierende tiltak, gjennom restaurering, etablering eller sikring av tilsvarande natur ein anna plass?	Ingenting planlagt så langt, men reg. plan er ikkje ferdig

Infrastruktur og veg

Naturkonsekvensar

Klima og natur er eitt av satsingsområda for samfunnsutvikling i forslag til ny utviklingsplan for perioden 2024-2028. Infrastruktur og veg (INV) disponerer (er heimelshavar for) eit stort areal langs eksisterande veg, i Tabell 1. er dette arealet fordelt på arealtypar etter AR5. (AR5 er eit detaljert arealressurskart og er ein del av felles kartdatabase.)

Tabell 1: oversikt over areal som INV i dag disponerer langs eksisterande veg, fordelt på arealtypar etter AR5.

Arealtype etter AR5	Areal disp. av INV i dag (dekar)
Samferdsel	29 605
Open fastmark	22 999
Utbygd	8 979
Overflatedyrka jord	3 916
Fullldyrka jord	3 055
Skog	2 122
Ferskvatn	766
Hav	635

Innmarksbeite	580
Ukjent	218
Myr	205
Sum	73 078

INV har i løpet av 2024 utarbeidd ein berekraftsstrategi. Føremålet med strategien er å gje berekraft strategisk prioritet og samle den noverande innsatsen rundt ei felles og tydeleg retning. Strategien vil konkretisere INV sitt arbeid med berekraft, og avdekke dei mest sentrale områda der berekraft gjer seg gjeldande.

Sikring av naturmangfald er eit prioritert tema i regional plan for klima 2022–2035. Gjennom planen forpliktar vi oss til å ta vare på naturmangfald og redusere klimarisiko, mellom anna ved å identifisere potensielle område for restaurering av natur i regionale og overordna kommunale planprosessar. Med utgangspunkt i dette er det gjennomført eit utviklingsprosjekt, som har gitt oss eit generelt kunnskapsgrunnlag om korleis restaurering av veg bør gjennomførast og gitt svar på kva reetablering av veg betyr for naturen. I tillegg er det gjort kost-nytte-vurdering for restaurering av tre eksempelstrekingar. Kunnskapsgrunnlaget vil bli nytta i vidare arbeid med planlegging av restaurering av natur.

INV arbeider aktivt med miljø. Det blir kontinuerleg arbeidd med forbetring av malar, rettleiarar og verktøy som kan nyttast i våre prosjekt og på tvers av avdelinga. Døme på dette er mellom anna arbeidet med sjekkliste for ytre miljø som kan nyttast i tidleg fase og anleggsfase, og handlingsplan for framande artar, korleis handtere framande artar i ulike fasar av prosjekt. Kartlegging av artsrike vegkantar er eit tiltak for å ta vare på artsmangfaldet hjå plantar og insekt i vegdrifta. Det er og gjennomført fiskevandringstiltak på fleire strekingar.

Naturkonsekvens for seks investeringsprosjekt

Det er undersøkt og gjort analyser for å kunne vurdere naturkonsekvensen til seks større investeringsprosjekt:

- fv. 541 Hestaneset - Sakseid – Ekornsæter (Bømlopakken)
- fv. 548 Skånevig – Nesvågen - Flesjo (byggetrinn 1)
- fv. 565 Alversund bru
- fv. 609 Heilevang
- fv. 5310 Fosse - Moldekleiv (Nordhordlandspakken)
- fv. 5402 Bavallsvegen

I analysen er det i hovudsak nytta reguleringsplanomriset til investeringsprosjekta som grunnlag for råka areal. Dette gir eit uvisse ved at ikkje nødvendigvis alt arealet innanfor området blir utbygd.

Arealbeslag

Investeringsprosjekta sitt totale arealbeslag og nye arealbeslag, areal som ikkje allereie er definert som utbygd, er vist i Tabell 2.

Tabell 2: arealbeslag for investeringsprosjekta, både totalt arealbeslag og nytt arealbeslag (areal som ikkje er definert som utbygd).

Investeringsprosjekt	Totalt arealbeslag (dekar)	Nytt arealbeslag (dekar)
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	1 463,1	966,0
Fv.548 Skånevig-Nesvågen-Flesjo	313,0	237,5
Fv. 565 Alversund bru	79,4	50,4
Fv. 609 Heilevang	357,5	332,7
Fv. 5310 Fosse-Moldekleiv	250,0	191,6
Fv. 5402 Bavallsvegen	110,2	98,9
Sum	2 573,3	1 877,1

Naturtypar

Fire av investeringsprosjekta råkar ved naturtypar som både er utvalde og raudlista, sjå oversikt i Tabell 3. Naturtypar på raudelista er delt i kategoriar som syner naturtypen sin risiko for å gå tapt. Kategoriane er kritisk trua (CR), sterkt trua (EN), sårbar (VU), nær trua (NT) og intakt (LC).

Av utvalde naturtypar er det verdt å merke seg inngrep på areal med hol eik, kystlynghei og slåttemark. Av dei raudlista naturtypene er det særleg slåttemark som er verdt å merke seg då den har kategorien kritisk trua (CR).

Tabell 3: Naturtypar prosjekta råkar ved, og om dei er utvalde eller raudlista.

Investeringsprosjekt	Naturtype	Areal (M2)	Utvald naturtype	Raudlista naturtype	Raudliste kategori
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Frisk lågurteedellauvskog	1 371	Nei	Ja	VU
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Rik edellauvskog	6 834	Nei	Ja	NT
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Regnskog	4 814	Nei	Ja	VU
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Oseanisk nedbørsmyr	8 563	Nei	Ja	NT

Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Eng-aktig sterkt endra fastmark	209	Nei	Nei	
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Kystlynghei	25 240	Ja	Ja	EN
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Naturbeitemark	343	Nei	Ja	VU
Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter	Store gamle tre	115	Nei	Nei	
Fv. 548 Skånevig-Nesvågen-Flesjo	Høstingsskog	38 466	Nei	Nei	
Fv. 565 Alversund bru	Hol eik	554	Ja	Nei	
Fv. 565 Alversund bru	Lågurtedellauvskog	2 449	Nei	Nei	
Fv. 609 Heilevang	Nordvendt kystberg og blokkmark (blokkmark)	5 680	Nei	Nei	
Fv. 609 Heilevang	Slåttemark	11 715	Ja	Ja	CR
Fv. 5310 Fosse-Moldekleiv	Ingen	-	-	-	-
Fv. 5402 Bavallsvegen	Ingen	-	-	-	-

Raudlista artar

Det er gjort observasjonar av raudlista artar i fem av investeringsprosjekta, det er ingen raudlista artar som er observert innanfor prosjektet fv. 5402 Bavallsvegen. Tabell 4. syner artsobservasjonane som er gjort i prosjektområda, fordelt på kategoriar. Artsobservasjonane er basert på datasett over artar av nasjonal forvaltningsinteresse.

Tabell 4: Artsobservasjonar som er gjort innanfor prosjektområdet til investeringsprosjekta, og kva kategori artane som er observert, er i.

		Raudlista	Raudlista	Raudlista	Raudlista		
		Trua	Trua	Trua	Trua		
Investeringsprosjekt	Raudlista artsobservasjonar	Kritisk trua (CR)	Sterkt trua (EN)	Sårbar (VU)	Nær trua (NT)	Inntakt (LC)	Totale artsobservasjonar
Fv. 541 Hestaneset Sakseid Ekornsæter	88	1	9	49	29	33	121
Fv. 548 Skånevik-Nesvågen	5	-	2	2	1	2	7

Fv. 565 Alversund bru	123	3	13	58	49	28	151
Fv. 609 Heilevang	2	-	-	1	1	-	2
Fv. 5310 Fosse-Moldekleiv	3	-	1	2	-	1	4
Fv. 5402 Bavallsvegen	0	-	-	-	-	-	0
Totalt	221	4	25	112	80	64	285

Arealtypar og naturtypar for 50 meter buffer

Det er undersøkt og gjort analysar med ein buffer på 50 meter (rundt alle sider av prosjektområdet), for å kunne vurdere eit mogleg influensområde til investeringsprosjekta. Tabell 5. syner kva arealtypar og naturtypar som bufferen på 50 meter råkar.

Tabell 5: arealtypar og naturtypar som buffersona på 50 meter utanfor prosjektområdet råkar ved.


Arealtypar	Areal (m²)	Naturtype	Areal (m²)
Utbygd	313 864	Boreal hei	5 970
Samferdsel	54 452	Boreonemoral regnskog	9 098
Fulldyrka mark	253 336	Engaktig sterkt endra fastmark	879
Overflatedyrka jord	36 253	Frisk lågurtedellauvskog	2 206
Innmarksbeite	127 999	Hole eiker	142
Skog	1 774 815	Haustingsskog	43 757
Åpen fastmark	218 588	Kystlynghei	83 639
Myr	74 007	Lågurtedellauvskog	189
Ferskvatn	45 037	Mudderbank	1 317
Hav	185 905	Naturbeitemark	1 317
		Nordvendte kystberg og blokkmark	11 262
		Oseanisk nedbørsmyr	8 156
		Regnskog	6 300
		Open flaumfastmark	812
Sum	3 084 255		175 290

Kompenserande tiltak

Fleire av investeringsprosjekta har kompenserande tiltak for å avgrense negative konsekvensar prosjektet medfører. Investeringsprosjekta er i ulike fasar, plan-, prosjektering- eller anskaffingsfasen, og har ulike føresetnadar for å ha fastsett kompenserande tiltak. Under er det lista opp kompenserande tiltak med særleg fokus på naturmangfald som raudlista artar og framand artar, restaurering og reetablering. Investeringsprosjekta er forskjellige, har ulike geografisk plassering, ulike utforming og utføring, og kan ikkje på generelt grunnlag samanliknast.


Fv. 541 Hestaneset-Sakseid-Ekornsæter (Bømlopakken)

- Det er kartlagt raudlista og framandarta, dei vil bli i vareteke i anleggsfasen. Prosjektet skal unngå å spreie framande artar i og utanfor planområdet, samt unngå å øydeleggje trua artar.
- Areal som er midlertidig påverka av prosjektet skal så langt det er mogleg revegeterast naturleg eller med eigne plantar.
- Prosjektet skal gjennomførast med minst mogleg tap av dyrka mark, og med minst mogleg ulemper for landbruksdrift. Dyrka mark skal erstattast der det er mogleg på grunneigar sin eigedom.
- Myr skal i så liten grad som mogleg bli påverka. Der det likevel blir inngrep i myr og/eller tilsigsområdet skal grunnvasstanden oppretthaldast og gjennomstrøyming av vatn sikrast.
- Det skal gjennom prosjektet etablerast ei stor sjøfylling. Det skal bli nytta stadlege massar som stein og mose i fyllinga. Fyllinga skal revegeterast, det skal tilbakeførast vegetasjon som er naturleg for området.



Fv. 548 Skånevig-Nesvågen-Flesjo (byggetrinn 1)

- Fyllingar, grøfter og skråningar skal bli sådd til med stadeigen vegetasjon.
- Fjellskjeringar og fyllingar skal rundast av og tilpassast tilgrensande terreng.
- Prosjektet skal arbeide med å ta vare på mest mogleg av noverande vegetasjon.
- Landbruksjord som går tapt som følge av planforslaget skal, så langt det let seg gjere, omplasserast og nyttast til landbruk.
- Midlertidige riggområder skal etter prosjektet er gjennomført setjast i stand og førast tilbake til opphavleg formål og stand.
- Prosjektet skal ta vare på styva og ustyva lauvtre og kjende raudlista lavart.



Fv. 565 Alversund bru


- Eksisterande veg som gjennom prosjektet blir erstatta skal takast vekk og førast tilbake til landbruksareal og natur.

- Areal som er nytta til midlertidig formål, til dømes rigg, skal tilbakeførast til opphavleg arealformål.




Fv. 609 Heilevang

- Eksisterande veg skal fjernast og det er aktuelt å vurdere fleire tiltak for å restaurere natur på delar av strekninga.
- Noko av arealet som skal nyttast til deponi i anleggsperioden skal i etterkant opparbeidast til dyrka mark.




Fv. 5310 Fosse-Moldekleiv (Nordhordlandspakken)

- Prosjektet ynskjer å avgrense bruken av dyrka mark og innmarksbeite til riggområde i anleggsperioden. Eit av riggområda vil bli utbetre og opparbeida til landbruksareal i etterkant.
- Prosjektet vil ha eit særleg fokus på å hindre spreiding av framande artar.



Fv. 5402 Bavallsvegen

- Prosjektet vil arbeide for ei løysing som gjev minst tap av dyrka mark. Må ein nytte dyrka mark skal dette gjerast slik at det gjev minst mogleg ulemper.



Klimabudsjett

Vestland er fylket i Noreg med høgast klimagassutslepp. Samstundes er ambisjonane om utsleppskutt i regionen svært ambisiøse. I [utkast til ny regional planstrategi: Utviklingsplan for Vestland 2024–2028](#) er klima og natur eit av fire satsingsområde: *I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga.*

Fram mot 2030 og 2050 skal så og seie alle klimagassutslepp fjernast på vegen mot nullutsleppssamfunnet. Dette er ei storstilt omstilling av samfunnet og den blir meir krevjande jo lengre vi ventar. For å nå måla er det trong for eit breitt spekter av tiltak. Dette krev innsats frå det offentlege, innbyggjarar og næringsliv i Vestland, og eit aktivt samarbeid på tvers av nivå og sektor i regionen og nasjonalt.

Målgapet er framleis stort. Frå 2021-2022 har vi i Vestland redusert direkte utslepp i regionen med 3,9 %. Det hastar med å auke klimainnsatsen og dra i gong dei løysingane som trengs for å redusere klimagassutsleppa.

Klimabudsjett for 2025 syner at vedtekne tiltak tar oss eit stykke på veg, men at det står att mykje innsats for kome vidare ned mot netto-null av direkte utslepp i Vestland innan 2030 og omstille til eit forbruk med lågare klimafotavtrykk.

Med den vedtekne politikken for Vestland fylkeskommune, vil største reduksjon i klimagassutslepp i økonomiplanperioden kome frå planlagde tiltak innan kollektivanboda. Det blir også arbeidd systematisk med å redusere klimagassutslepp knytt til bygge- og anleggsverksemda og til fylkesvegane. Her jobbar verksemda med å talfesta klimagassutslepp gjennom årleg rapportering for å gi betre styringsgrunnlag til vidare forbetningsarbeid.

Fram mot 2030 blir vi utfordra til å finne fram til konkrete tiltak og investeringar som mellom anna;

- bidreg til monalege og raske kutt, samstundes som at vi,
- ikkje bidreg til å låse inne infrastruktur som gjer det vanskeleg å oppnå varige og berekraftige omstillingar,
- og stimulerer til eit meir sirkulært forbruk, slik at det materielle forbruket blir dempa

Klimamål

Det er i [Regional plan for klima 2022-2035](#) vedtatt klimamål for Vestland (figur 1) om å redusere direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030. Samstundes skal vi også redusere klimafotavtrykket vårt (*direkte og indirekte utslepp*) ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysningar, redusert materielt forbruk og avfall.

Mykje av det som må til for å bremse temperaturauken, er også klokt av fleire omsyn. Vi kan ikkje løyse klimakrisa utan å også ta betre vare på naturen – og omvendt. Gjennomføring av klimatiltak kan ha samfunnseffektar utover å redusera klimagassutslepp, som til dømes klimatilpassing, betre luftkvalitet, naturmangfald, folkehelse, teknologiutvikling og grøn næringsutvikling. Omstillinga må vere sosialt rettferdig og berekraftig.

Hovudmål	Vestland – ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet				
Plantema					
	Redusere direkte klimagassutslepp	Redusere klimafotavtrykket	Trygt og robust Vestland	Sikre naturmangfald	Klimarettferd og folkehelse
Temamål	Vestland reduserer direkte klimagassutslepp med mål om netto nullutslepp innan 2030.	Vi reduserer klimafotavtrykket vårt ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysningar, redusert materielt forbruk og avfall.	Ein trygg plass å bu og eit klimarobust samfunn som er førebudd på konsekvensar av klimaendringane.	Gjennom god kunnskap tek vi vare på naturen sitt mangfald for å redusere klimarisiko.	Vestland er ein pådrivar for ei rettferdig klimaomstilling til det beste for innbyggjarane i dag og i framtida.

Figur 1: Klimamål Vestland (regional plan for klima 2022-2035)

Fylkeskommunen sitt handlingsrom


Dei verkemidla fylkeskommunen rår sterkast over er vedtak om tiltak i eiga verksemd, kravstilling i innkjøp, aktiv eigarskap og tilskotsordningar. Fylkeskommunen sine moglegheiter til å påverke dei direkte utsleppa i Vestland er store når det gjeld innkjøp av kollektivtransport og ved bygging, drift og vedlikehald av vidaregåande skular og fylkesvegar. For utsleppskutt på dei fleste andre områda er samarbeid naudsynt. Fylkeskommunen kan spele ei viktig rolle som koordinator for tiltak som krev samspel mellom kommunar og/eller private aktørar, til dømes slik det blir gjort gjennom Grøn region Vestland og utbygging av ladeinfrastruktur. Tiltak for nullutslepp på bygg- og anleggsplassar og berekraftig masseforvaltning er andre dømer der fylkeskommunen kan ta ei aktiv rolle i regionen (jf. [CICERO 2022](#)). Fylkeskommunen er samstundes ein viktig pådrivar overfor stateleg nivå.

Utfordringsbilete

Vi går mot 3 gradars global oppvarming med dagens vedtekne politikk: Ny FN-rapport «[Emissions Gap Report 2024](#)» melder at vidareføring av dagens politikk vil føre til global temperaturauke på opp til 3,1 grader i løpet av hundreåret. Rapporten melder at det framleis er «teknisk mogleg» å nå 1,5 gradersmålet, men at dette vil krevje global mobilisering med drastiske tiltak i dag. I 2023 var temperaturen 1,45 gradar varmare enn førindustriell tid. Verda merker konsekvensane allereie. Eit

viktig budskap i rapporten er å halde handlekrafta oppe. Kvar desimalgrads oppvarming verda klarer å unngå, vil gjere konsekvensane eit hakk mindre alvorlege i form av liv redda, økonomiar beskytta, skadar unngått, og biologisk mangfald bevart. Rapporten peiker mellom anna på sol- og vindkraft som ei av løysingane.

Skogens opptak og lagring av klimagassar i Noreg er redusert. Samtidig aukar klimagassutsleppa frå andre areal: [Miljødirektoratet har oppdatert klimagassrekneskapen for kommunar og fylke for skog- og arealbrukssektoren](#), i samarbeid med Nibio. Rekneskapen viser korleis vi menneske bruker og byggjer ned areal, og korleis dette har påverka utslepp og opptak av klimagassar i periodane 2011-2015 og 2016-2020. Tal for Vestland frå dei ulike arealbrukskategoriane i perioden 2011-2015 og 2016-2020, viser redusert opptak i skog og auka utslepp frå kategorien «utbygd areal» (figur 2). Klima- og naturutfordringane heng tett saman.



Figur 2: Årleg utslepp og opptak av klimagassar i Vestland 2011-2015 og 2016-2020 (Kjelde: Miljødirektoratet/Nibio)

Status for å nå mål om å redusere direkte klimagassutslepp i Vestland til netto-null i 2030


Utsleppa går ned, men ikkje raskt nok

Frå 2021-2022 har vi i Vestland redusert direkte utslepp i regionen med 3,9 %. I 2022 hadde fylket eit klimagassutslepp på 6,5 millionar tonn CO²-ekvivalentar (figur 3).

Ser ein utviklinga i fylket over fleire år, er klimagassutsleppet redusert med 18 % frå toppåret i 2013 til 2022. Samanliknar ein med år 2009, er det tilnærma likt nivå i 2022. [Utfordringsdokument for Vestland 2024-2028](#) viser til at det etter 2013 har vore nedgang i utsleppa kvart år fram til 2019. Frå 2019 til 2021 auka utsleppa att med 5,2 % og det var sektoren «industri, olje og gass» som stod for nær heile veksten for fylket samla sett. I dei same to åra var det nedgang i utslepp frå vegtrafikk, oppvarming, luftfart og avfall.

Reduksjonen frå 2021-2022 skuldast i stor grad redusert aktivitet ved gasskraftverket på Mongstad (innanfor sektoren energiforsyning), som har gitt ein reduksjon på 278 000 tonn CO²-ekvivalentar. I tillegg har utsleppa innan industri og vegtrafikk gått noko ned. Etter ein nedgang som ei følgje av pandemien har både cruiseskip (sjøfart) og luftfart hatt ei auke i utslepp siste år på til saman 174 000 tonn CO²-ekvivalentar.

[Dashbordet for Grøn region Vestland](#) gir status på mål i prosjektet, mellom anna utsleppskutt frå åra 1991, 2009 og 2013 for Vestland.



Figur 3: Sektorfordelte klimagassutslepp per år som skjer i Vestland (direkte utslepp). Kjelde: Miljødirektoratet. For 1991-2009 er tala på fylkesnivå usikre. 2013 var eit toppår for Vestland.

*[Når det gjeld utslepp og opptak frå skog og arealbruk](#), er det ein separat klimarekneskap som ser på kva areal som tar opp klimagassar og kva tiltak og omdisponeringar av areal som fører til utslepp (Kjelde: Miljødirektoratet og Nibio).


Mot 2030: Framskriving av direkte klimagassutslepp i Vestland

Cicero og TØI sin rapport (2022) [Utsleppsanalyse mot 2030 for Vestland fylkeskommune](#) tar utgangspunkt i Miljødirektoratet sine tal og peiker på moglege tiltak som kan medverke til få ned klimagassutsleppa i Vestland raskare enn det som ligg i vedteken politikk pr i dag. I oppdatert analyse, gjennomført i 2023, har trendane i dei fleste høve ikkje endra seg vesentleg frå den opphavelige framskrivinga.

Tiltakspakkane fram mot 2030 (figur 4) handlar om å redusere direkte utslepp av klimagassar i Vestland. Medan den første tiltakspakken i stor grad om å unngå bruk av fossile drivstoff i transport, dominerer omstilling i industrien tiltakspakke to. Tiltakspakke tre går vidare på begge dei to føregåande områda og tek mellom anna med karbonfangst.

Det er estimert at tiltakspakke ein vil gi 10 % reduksjon utover referansebanen. Tiltakspakke to vil kunne bidra til 23 % utsleppsreduksjon, forutsett at både tiltakspakke ein og to blir gjennomført. Saman med tiltakspakke 1 og 2 vil tiltakspakke tre kunne redusere klimagassutsleppa med 79 % i 2030.

Restutsleppet vil då vere på 1,177 millionar tonn CO₂-ekvivalentar i 2030, forutsett at alle tiltak i analysen blir gjennomført. Det er altså ikkje mykje rom for å la tiltak liggje. Dei 18 prosentane som er igjen, er for det meste utslepp som er vanskelege å kutte.



Figur 4: Samla klimagassutslepp i referansebanen og i kvar tiltakspakke. Kjelde: Rapport 2022:02 Utsleppsanalyse mot 2030 (CICERO og TØI)

Fylkeskommunale tiltak i klimabudsjett 2025 for netto-nullutslepp 2030

Oppsummert for regionen, er innsatsområda i utsleppsanalysen (CICERO) i tråd med fylkeskommunen si satsing på grøn industriutvikling, omstilling av køyretøy- og maskinparken i Vestland og skipsfart til utsleppsfrie alternativ.

Dei enklaste tiltaka i rapporten er henta frå Solberg-regjeringa sin [Klimaplan for 2021-2030](#) når det gjeld transport til lands og til sjøs. I tillegg til nasjonale verkemiddel, kan kommunar og fylkeskommunen ha stor grad av påverknad for nokre av desse tiltaka. Vestland fylkeskommune si satsing for nullutsleppsbusar og ladeinfrastruktur for personbilar og tyngre køyretøy er døme på dette.

I tiltakspakke 2 foreslår rapporten nokre moderate tiltak ut over Solberg-regjeringa sin klimaplan 2021-2030. Desse er henta frå [Klimakur 2030](#) og handlar i hovudsak om industri, men også fartøy i kollektivtransport. Industrien er det private aktørar som rår over, men fylkeskommunen legg til rette der det er mogleg. På hurtigbåtar og ferjer har fylkeskommunen stor påverknad.

For å nå Vestland sitt 2030-mål, må innsatsen intensiverast både i fylkeskommunen og blant alle aktørar i Vestland.

Status for å nå mål om å redusere klimafotavtrykket

For å leve liv i tråd med måla i Paris-avtalen, må både dei direkte og dei indirekte klimagassutsleppa våre reduserast. Med andre ord; vi må redusere klimafotavtrykket vårt slik at verda kan klare å halde seg under 2 graders oppvarming ved slutten av dette hundreåret. Ei meir berekraftig utvikling av samfunnet inkluderer at vi tek vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, at vi reduserer det materielle forbruket vårt, held produkta og ressursane i omløp så lenge som mogeleg, og reduserer mengda avfall som blir produsert ([Regional klimaplan 2022-2035](#)).

Reduksjon på over 40 % i klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda sidan 2015

Vestland fylkeskommune jobbar for å redusere både direkte og indirekte klimagassutslepp, og nytte heile handlingsrommet til å vere pådrivar i klimaarbeidet. For dei aller fleste verksemdar, offentlege som private, står indirekte utslepp for om lag 80 til 90 % det samla klimafotavtrykket. Det er også her fylkeskommunen har størst påverking på utsleppsreduksjon som verksemd.


Ved å nytte eit estimat, basert på KOSTRA-tal, kan vi vurdere klimafotavtrykket til den fylkeskommunale verksemda. Dette viser på overordna nivå «konsekvensane» av innkjøpa våre i form av klimagassutslepp og kvar man bør prioritere å sette inn tiltak. Dette er estimat som Asplan Viak gjer basert på sine faglege vurderingar, i samsvar med GHG-protokollen (Greenhouse Gas Protocol).

Totalt sett viser klimafotavtrykksanalysen frå Asplan Viak (2024) at utsleppa har gått frå om lag 510 000 tonn CO²-ekvivalentar i 2015 til 290 000 i 2023, ein reduksjon på over 40 %.

Dei største utsleppsreduksjonane dei tre siste åra finn vi innan ferjene, bybaneutbygging og innan buss (731 Fylkesveiferjer, 734 Sporveier og forstadsbaner og 730 Bilruter). For utbygging av bybanen heng dette delvis saman med meir klima- og miljøvenleg utbygging og variasjon i sjølve utbyggingsaktiviteten.

Ser vi nærare på året 2023 var det totale klimagassutsleppet frå Vestland fylkeskommunes eigen verksemd 290 328 tonn CO²-ekvivalentar og syner at dei største utsleppa (figur 5) kjem frå:

1. innkjøp av tenester til hurtigbåttransport
2. klimafotavtrykket frå entreprenørtjenester innkjøpt til å drifte og investere i fylkesvegar
3. klimafotavtrykket som er estimert for bygg og drift av vidaregåande skule
4. klimafotavtrykk frå kollektivtransport/buss (bilruter)



Figur 5: Klimafotavtrykket for VLFK i 2023 (analyse utført av Asplan Viak) viser klimagassutsleppa fordelt på tenesteområda

I tillegg til utsleppsreduksjonar innan kollektiv, er det i [klima- og miljørekneskapen som er del av årsmeldinga til Vestland fylkeskommune](#), rapportert om lågare energibruk i fylkeskommunale bygg og fleire solcelleanlegg i 2023. Avfallsmengdene går noko ned og gjenbruk opp, medan utslepp frå tenestereiser med fly aukar.


For kjøretøy totalt, står det framleis meir att for at fylkeskommunen skal bli ei fossilfri verksemd. I 2023 utgjorde fossile utslepp frå den fylkeskommunale bilparken 877,6 tonn CO²e. Då var 35 prosent av person- og varebilane elektriske (34 prosent i 2022). Talet på elektriske varebilar gjekk opp frå 10 til 19 (2022–2023). Delen er no oppe i 16 prosent.

Mot 2030: Framskriving av klimafotavtrykket for fylkeskommunen (verksemd)

Det er ikkje talfesta mål for utvikling i det samla klimafotavtrykket for fylkeskommunen (scope 1, 2 og 3), utover å redusere utsleppa så mykje som råd. Figur 5 viser dei historiske utsleppa, trendar og info om vedtak i VLFK, basert på HØP 2024 – 2027. Dette er lagt til grunn for ei framskriving av klimagassutslepp (Asplan Viak, 2024), kalla referansebane. Referansebanen estimerer utviklinga av utsleppa fram i tid dersom ingen nye tiltak blir innført og viser 17 % reduksjon i 2030 (referanseår 2020). Jo lengre fram i tid utsleppa blir framskrive, jo større usikkerheit følgjer med.

Søylene i tiltaksbanen i figur 6 viser korleis fylkeskommunen med ytterlegare tiltak ville kunne redusere klimafotavtrykket med om lag 29 % innan 2030 (referanseår 2020).

Dei viktigaste føresetnadane for utsleppsreduksjonen er å halde fram med overgang til elektrisk/hybrid drift for båtane, ferjene og el/biogass for bussene, i tillegg til bruk av klimavennlege materialar innanfor både bygg og infrastruktur fram mot 2030.



Figur 6: Framskriving av klimafotavtrykket for VLFK 2024-2030. For 2024-2027 er endringane i budsjettpostane lagt inn som føring for utviklinga. Auke i 2024 kjem av auke i budsjettpostar for ulike område i handlings- og økonomiplanen for 2024 (HØP). Kjelde: Asplan Viak

Klimafotavtrykket (forbruksbaserte utslepp) frå innbyggjarane i Vestland

Korleis fylkeskommunen kan påverke andre aktørar sitt klimafotavtrykk handlar i stor grad om å påverke forbruksbaserte klimagassutslepp. [Miljødirektoratet publiserte i januar 2024 for første gang estimat for forbruksbaserte utslepp i Noreg](#). Forbruket av varer og tenester i norske hushald, privat næringsliv og offentlig sektor sto for eit samla klimagassutslepp på 70 millionar tonn CO²-ekvivalenter i 2020. Det utgjer 13 tonn per innbyggjar.

Hushalda står for 50 % av dei forbruksbaserte klimagassutsleppa i Norge. I mangel av betre data, antar vi at dette også gjeld for hushald i Vestland. Det er «mat» og «transport» som står for størstedelen av hushalda sitt klimafotavtrykk.

Sidan 59 % av hushalda sitt fotavtrykk kjem utanfor Norge sine grenser, kan eit slikt perspektiv supplere den territorielle utsleppsrekneskapen, og bidra til ein meir heilskapleg oversyn også over utsleppa som «Vestlendingar» står bak.

Fylkeskommunen medverkar allereie til å redusere fotavtrykket til innbyggjarane i Vestland, til dømes gjennom kollektivtilbodet. Det fylkeskommunale handlingsrommet til å påverke hushalda sitt forbruk kan bli tydelegare i komande klimabudsjett. Den nyleg publiserte rapporten [«Forbruk og utslepp i fylkeskommunen»](#) (Vestlandsforskning, oktober 2024) ser på kva for handlingsrom fylkeskommunen har for å redusere forbruksbaserte klimagassutslepp. Dette er kunnskapsgrunnlag som fylkeskommunen vil ta med seg inn i vidare arbeid med å identifisere fleire moglege innsatsfelt for utsleppsreduksjon.

Viktige innsatsområde i klimabudsjett 2025

Klimabudsjettet har ambisjon om å vise korleis fylkeskommunen skal bruke midlar og gjennomføre tiltak for å kutte klimagassutslepp i komande økonomiplanperiode i høve måla for utsleppsreduksjon i [Regional plan for klima 2022-2035](#). I det følgjande er ei oppsummering av viktige satsingar i klimabudsjett 2025.

Berekraftig mobilitet

Vestland fylkeskommune har som mål å utvikle eit velfungerande og berekraftig mobilitetssystem for innbyggjarar og samfunn i Vestland. Kollektivtransport og delemobilitet som er basert på fornybar energi, gjer fotavtrykket frå transporten mindre. Enkelt sagt bidreg bybanen eller bussen til mindre arealforbruk, støy, avfall og klimagassar enn privatbilen.

Nullutslepp til sjøs og på land

Vestland fylkeskommune har teke leiarskap i innføringa av elektriske ferjer, og vi er i dag regionen med mest elferjer i verda. Ein stor del av klimagassutsleppa i Vestland har kome og kjem frå energibruk i transportsektoren. Å gå over til nullutsleppsdrift i kollektivtransporten, og mobilitetssystemet elles, er difor eit naudsynt bidrag for å nå både regionale og nasjonale klimamål.

Det er gjort politiske vedtak om tiltak som vil redusere klimagassutsleppa frå båt- og bussdrifta i løpet av dei neste åra:

- Det er mellom anna inngått *busskontrakt i Hardanger/Voss, Modalen/Vaksdal og Nordfjord*. Kontraktane omfattar eit krav om elektrisk køyring med forventa klimagassreduksjon på om lag 4 600 tonn CO² per år frå driftsoppstart juni 2025
- Nye kontraktar for *lokalbåtar i Florøbassenget og Sognefjorden* hadde oppstart mai 2024 med eit estimert utsleppskutt på 2 400 tonn CO² per år, noko avhengig av justering i rutetilbod. I oppstartsfasen er fokus på å sikre eit stabilt tilbod for dei reisande. Utfordringar knytt til fartøy og rutetabell kan gje noko høgare utslepp enn forventa i 2024 og 2025

- *Elektrifisering av Askøysambandet og deelektrifisering Nordhordlandsruta* er venta å ha eit potensiale for utsleppskutt på 2700 tonn CO² per år ved innfasing i 2025.
- For *ferjesamband i Sogn og Fjordane* er det vedteke å stille krav om utsleppskutt tilsvarande 65 til 70 prosent. Konkurransen vart lyst ut hausten 2024 og driftsoppstart er i 2027. Det er estimert klimagassreduksjon på 8 500 tonn CO² per år med innfasing frå haust 2027
- For nye *hurtigbåtar mellom Bergen og Nordfjord og Bergen og Sogn/Flåm* førte manglande medfinansiering frå staten til at Fylkestinget i juni vedtok avlysing av konkurransen. Skyss har tidlegare estimert eit reduksjonspotensialet på 15 000 tonn CO² årleg frå innfasing. Det blir jobba vidare med å utgreie moglege løysingar

Nullvekstmål i byområda

Miljøløftet (14.1) er partssamarbeid for å nå nullvekstmålet som vi er forplikta til gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet. Alle prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal porteføljestyrt opp mot måloppnåing i høve til nullvekstmålet og slik bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet.

Personbiltrafikken har vore prega av pandemien dei seinaste åra. Rapportering på nullvekstmålet blir gjort ved eit treårig glidande snitt, og pandemien påverkar dermed framleis resultatet. Byindeksen viser at det ikkje var ein trafikkauke i 2023 samanlikna med referanseåret 2018. Det vil si at nullvekstmålet er oppnådd også i år. Utviklinga er likevel urovekkande. Trafikken har auka kvart år sidan 2020, og om vi samanliknar 2023 med 2022 var det ein auke i personbiltrafikken på 1,1 prosent. Om denne utviklinga held fram, vil vi til neste år ikkje nå målet om nullvekst.

Forskrift om nullutslepp for drosjar

Vestland fylkeskommune si forskrift med krav om nullutslepp for drosjar trådte i kraft frå 1.april 2024 for kommunane i Hordaland og vil tre i kraft frå 1.4.2026 for kommunane i Sogn og Fjordane.

Basert på tidlegare utgreiing for Hordaland, var det samla utsleppet frå drosjedrift i tidl. Hordaland fylke rekna til 10 100 tonn CO²-ekvivalentar. Om ein reknar drosjer i Sogn og fjordane som vil kunne omfattast av miljøkravet, vil innføring av eit nullutsleppskrav kunne gi eit reduksjonspotensialet på 2 230 tonn CO²-e årleg i direkte utslepp av klimagassar i nordre del av fylket.

Ladeinfrastruktur

Elektrifisering av bilparken er eitt av satsingsområda for å nå måla om klimaomstilling. Det skal vere praktisk å køyre elbil i heile fylket, og fylkeskommunen har gitt bidrag til utrulling av det offentlege hurtigladenettet over fleire år.

Vestland fylkeskommune held fram med satsinga og det vart sett av 4,7 millionar kroner til tilskot til hurtigladeplassar for elbil i 2024. Utlysinga gjeld for heile fylket, men fylkeskommunen har i denne runden prioritert betre dekning i distrikta med hovudvekt på å løyse utfordringar for drosjenæringa. Både kommunar og private hurtigladeoperatørar kan søkje fylkeskommunen om tilskot til å etablere hurtigladeplassar. I tillegg til hurtigladeplassar for elbil er det aktuelt å prioritere sambruk av infrastruktur mellom bil og båt.

Fylkestinget har også vedtatt ny Strategi for ladeinfrastruktur for tunge køyretøy i Vestland og beden administrasjonen vurdere eit pilotprosjekt med kombinasjonen av lading for buss og tungbil. Fire av dei tungbillading-stasjonane som fekk tilskot i 2024 er bygd. Det er ikkje løyvd midlar til tilskot for tungbillading i 2025 då det ikkje har vore budsjettpost for dette. Eigedom har tilbuddt Eviny å leige areal til tungbillading i Åsane. I oktober løyva fylkeskommunen nær 5 millionar til nye lynladarar i Vestland, med spesiell fokus på distrikt der drosjenæringa hadde peika på behov for betre ladetilbod. Frå 2020 og fram til no har talet på hurtigladeuttak i Vestland blitt meir enn tredobla med ein auka frå 315 til 1067.

Grøn region Vestland

Grøn region Vestland samlar kreftene for grøn omstilling av industrien i Vestland. Det er eit samarbeids- og koordineringsprosjekt eigd av Innovasjon Noreg og Vestland fylkeskommune. Prosjektet er satt opp for å støtte, oppmuntre og hjelpe industrien i fylket til å nå viktige mål for den grønne omstillinga med lågare CO²-utslepp, auka fastlandseksport og fleire grønne jobbar.

Grøn region Vestland har mellom anna gjennomført Rundebordskonferanse med dei største industrielle knutepunkta i Vestland. Saman med regionale og nasjonale politikarar og arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar er det diskutert kritiske suksessfaktorar og barrierar for å lykkast med utsleppskutt og verdiskaping. [Dashbordet for Grøn region Vestland](#) gir status og informasjon om prosjektet.

Miljøkrav i fylkeskommunale anskaffingar

Vestland fylkeskommune nyttar offentlege anskaffingar som verktøy for å nå klima- og miljømåla. Drift og investering blir tilpassa skjerpinga av nasjonale reglar for offentlege anskaffingar som 30 %-kravet.

Det er aukande fokus på klimavennlege materialar innanfor både bygg og infrastruktur. Arbeidet i *avdeling for Infrastruktur og veg (INV)* betyr oppfølging av rutinar og malverk, bistand til prosjekt og kvalitetssikring knytt til klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland:

I 2024 er bruk av resirkulert asfalt kome med i dekkeleggingskontraktar

I fleire bruprosjekt er det testa nytt komposittdække som har halve klimagassutsleppet til bruer i betong. Over 80 prosent av brudekket er laga av resirkulert PET, altså resirkulert plast som brusflasker og korkar

For driftskontrakt Sunnfjord nord er det estimert reduksjon i klimagassutslepp på 408 tonn CO²e i perioden 2024-2028. Tiltaka i denne driftskontraktene gjeld for brøyting, strøing med salt og sand,

stikkesetting og reinhald. Kva slags vinterver vi får vil påverke kva det reell utsleppet blir. Estimata er ei samanlikning utsleppa vi får ved å ikkje gjere nokon tiltak

Bybaneprosjektet går inn i ei fase med lågare aktivitet som følgje av prosess rundt traseval i Bergen sentrum. Grønare bybane skal likevel ligge til grunn for vidare planlegging og for prosjekteringa når denne startar opp att. Her vil ein byggje vidare på erfaringar frå Byggjesteg 4 til Fyllingsdalen, der mellom anna bruk av fossilfrie energibærarar (biodiesel), og bruk av lågkarbonbetong i konstruksjonar var blant hovudtiltaka. Det ble gjennom heile byggetrinnet stilt krav til bruk av lågkarbonbetong klasse A eller betre i konstruksjonar der dette var mogleg. Klimagassberekninga viser at dette tiltaket førte til ein reduksjon av utslepp på 11 726 tonn CO²-ekvivalentar. Dette tilsvara ein reduksjon på 23 % samanlikna med ein situasjon der det ikkje ble stilt krav om lågkarbonbetong.

Framtidsretta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg – solcelleanlegg

Det står til no åtte solcelleanlegg ferdig på fylkeskommunale tak. Dette gir 78,5 tonn CO²e sparte klimagassutslepp per år. Fylkestinget vedtok i 2024 ein handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, «Framtidsretta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg». Handlingsplanen omfattar ei konkret liste på elleve fleire prosjekt der fylkeskommunen ønskjer å installere solcelleanlegg. Målsettinga er å realisere desse innan utgangen av 2026. Dette vil kunne gi reduksjon på om lag 979 tonn CO²e årleg (Sweco, 2023).

Klimasamarbeid med kommunane

Fylkeskommunen er ein pådrivar og ein samarbeidspart for kommunane i klimaomstillingsarbeidet gjennom nettverk, planlegging, prosjekt og utvikling av nye verktøy til dømes for arealrekneskap.

Miljødirektoratet konkluderer i sitt notat «Hvor viktige er kommunene for å nå norske klimamål?» at utan auka innsats frå kommunar og fylkeskommunar vil det bli svært vanskeleg å oppnå naudsynte utsleppsreduksjonar fram mot 2030 og nærast umogleg å nå nasjonalt mål for 2050. Handling frå kommunane står sentralt for omtrent halvparten av tiltaka i Klimakur 2030 – elles er kommunane ein barriere for gjennomføring av tiltak.

Nye tiltak i klimabudsjett 2025

Klimabudsjett 2025, økonomiplanperiode 2025–2028, syner å vise kva tiltak Vestland fylkeskommune satsar på. Klimabudsjettet er ikkje ei uttømmende liste over klimatiltak i den regionale klimaplanen, men viser til tiltak i [Årsplan Klima](#) der fylkeskommunen bidreg til, eller legg til rette for, å redusere utslepp av klimagassar. Tiltaka i klimabudsjettet nyttar same tiltaksnummer som i årsplanen.

Det er for nokre tiltak berekna venta klimagassreduksjon. Tiltak og verkemiddel kan leggje til rette for utsleppskutt, sjølv om det er krevjande å rekne ut direkte klimaeffekt. Det blir jobba systematisk med å talfesta effekt for fleire tiltak.

Avdelingane har gjennom klimabudsjettprosessen både oppdatert status på tiltak som blir vidareført i Klimabudsjett 2025 og løfta inn nye tiltak:

NYVEST (52.1)

NYVEST er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland, Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar, Vestlandsforskning og NINA. Prosjektet skal vidareutvikle metode for regionalt arealrekneskap, både som datagrunnlag, verktøy og vilkår for å forbetre avgjerdsprosessar knytt til arealbruk. Prosjektet har mål om å utvikle nyskapande metodar for naturdata og arealrekneskap for å vise samspeleffektar mellom natur og klima på Vestlandet.

KlimaVestland (10.3)

KlimaVestland satsing på samarbeid med kommunane i Vestland om klimaomstillinga. Gjennom satsinga blir det tilrettelagt for kunnskapsdeling, opplæring via klimanettverk og webinarar, og gjennom rådgjeving i planleggingsprosessar.

Klimavenlege innkjøp: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen (39.5)

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har publisert ein drivstoffmatrise og tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår. Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt direkte, i ein marknadssdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det er òg utarbeidd standardkrav for rapportering på utslepp og i nokon kontraktar er krav til rapportering allereie innarbeida.

Ønska tiltak

Klimabudsjettet syner at det står att mykje innsats for å tette målgapet. Framsikt gir moglegheiter til å synleggjere klimatiltak med potensiale for utsleppsreduksjonar, men som ikkje er vedtekne – kalla «ønska tiltak». Lista med ønska tiltak kan etter kvart kunne bidra til å konkretisere og synleggjere handlingsrommet til VLFK ytterlegare og løfte fram tiltak med behov for finansiering eller anna tilrettelegging. I årets klimabudsjettprosess er avdelingane for fyrste gong inviterte til å melde inn «ønska tiltak». Førabels er følgjande spelt inn:

Plan for utfasing av fossile person- og varebilar i VLFK innan 2030: Oppfølging av Finansutvalet sitt prosessvedtak juni 24: 8. Fylkeskommunen må auke tempoet på elektrifisering av eigen bilpark innan eksisterande rammer.

Klimatiltak med i økonomiplanen

Klimatiltaka i klimabudsjettet er delt opp i fire kategoriar, der inndelinga følgjer Framsikt sine kategoriar og langt på veg [Handlingsprogram 2022-2025 - Klima](#) si inndeling av tiltak etter plantema (*Redusere direkte klimagassutslepp* og *Redusere klimafotavtrykk*):

- **Direkte utslepp** er her definert som klimagassutslepp som skjer innanfor det geografiske området Vestland. Eit eksempel er bilkøyring, der ein slepper ut CO² direkte frå eksosrøret. Tiltaka i denne tabellen viser til fylkeskommunale aktivitetar og tenester som påverkar kjelder for klimagassutslepp som vist i Miljødirektoratet sitt klimarekneskap for kommunar/fylkeskommunar og er kopla til plantema «*redusere direkte klimagassutslepp*» i regional klimaplan.
- **Indirekte utslepp** kjem frå varer og tenester som blir importerte til det geografiske området. I klimabudsjettet vil denne tabellen hovudsakleg innehalde tiltak for meir klima- og miljøvenlege anskaffingar og forbruk, knytt til plantema «*Redusere klimafotavtrykket*» i regional klimaplan.

Merk at anskaffingar som gjeld til dømes kollektivtransport der ein har stilt krav om utsleppsreduksjon i ferje og busskontraktar, ligg i tabellen for direkte utslepp. Grunngeving for dette valet er at tiltaka har effekt på direkte klimagassutslepp i den geografiske regionen Vestland. I klimarekneskapen til fylkeskommunen som verksemd, vil desse anskaffingane sortere under indirekte utslepp (scope 3) i tråd med til GHG-protokollen.

- **Andre samfunnseffektar** viser til fylkeskommunale tiltak og verkemiddel som understøtter utsleppsreduksjonar. Tiltaka syner fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle og tilrettelegging for reduksjon i utslepp blant alle aktørar. Tiltaka kan inkludere både direkte og indirekte utslepp. Tiltaka er knytt til tema for «samarbeid» og «auka klimafokus i kommunane» i regional plan for klima sitt handlingsprogram 2022-2025
- **Ønska tiltak:** Framsikt gir moglegheiter til å synleggjere klimatiltak med potensiale for utsleppsreduksjonar, men som ikkje er vedtekne – kalla «ønska tiltak». Lista med ønska tiltak kan etter kvart kunne bidra til å konkretisere og synleggjere handlingsrommet til fylkeskommunen ytterlegare og løfte fram tiltak med behov for finansiering eller anna tilrettelegging

Andre samfunnseffekter

Reduksjonar synast i tonn CO² ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjon 2023	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027	Reduksjon 2028	Langsiktig reduksjon
Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv (32.3.)	Annen mobil forbrenning	Bygg og anlegg	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren (41.1)	Annet	Ufordelt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimaråd Vestland (1.1)	Annet	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
KlimaVestland (10.3)	Annet	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Tilskotsordning til berekraftig samfunnsutvikling (5.2)	Annet	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Forarbeid arealrekneskap (NYVEST 52.1, 52.2)	Arealbruk	Utslipp og opptak av klimagasser	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Grøn Region Vestland (31.1.)	Industri, olje og gass	Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimapartnere Vestland (4.1)	Miljøledelse	Annet	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Miljøfyrtårnsertifisering VLFK (3.3.)	Miljøledelse	Ufordelt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum			0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO² ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjo n 2023	Reduksjo n 2024	Reduksjo n 2025	Reduksjo n 2026	Reduksjo n 2027	Reduksjo n 2028	Langsikti g reduksjon
Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland (32.2)	Annen mobil forbrenning	Bygg og anlegg	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar (32.1)	Annen mobil forbrenning	Dieseldrevne motorredskaper	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Etablere dialog og samarbeidsform med dei største punktutslappa (35.1)	Industri, olje og gass	Industri, olje og gass	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Tiltakspakke Klimavenleg landbruk (28.1, 29.1, 30.1)	Jordbruk	Jordbruk	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Vestlandssatsing på elektrisk luftfart (18.1.)	Luftfart	Innenriks luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Elektrifisering Askøysambandet og deelektrifisering Nordhordlandsruta (20.3.)	Sjøfart	Passasjer	0,0	0,0	2 700,0	2 700,0	2 700,0	2 700,0	2 700,0
Elektrifisering av båtruter i Hordaland (20)	Sjøfart	Passasjer	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Elektrifisering av ferjesamband (19.2.)	Sjøfart	Passasjer	16 800,0	16 800,0	16 800,0	16 800,0	21 050,0	21 050,0	16 800,0
Elektrifisering og biodrivstoff lokale båtruter Sogn og Fjordane (20.1.)	Sjøfart	Passasjer	0,0	1 200,0	2 400,0	2 400,0	2 400,0	2 400,0	2 400,0
Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt (20.4.)	Sjøfart	Passasjer	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart (19.1)	Sjøfart	*Estimat sjøfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Grønare bybanebygging (15.1.)	Veitrafikk	Dieseldrevne motorredskaper	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hurtigladeinfrastruktur til tyngrer kjøretøy (21.3)	Veitrafikk	Tunge kjøretøy	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimavenleg fylkesveg: Fokus på klima i tidleg fase av veg- og infrastrukturprosjekt (23.1)	Veitrafikk	Dieseldrevne motorredskaper	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimavenleg fylkesveg: Klimagassutslepp i driftsfase (23.4)	Veitrafikk	Dieseldrevne motorredskaper	0,0	30,6	77,7	83,0	95,7	121,0	121,0
Klimavenleg massehandtering (24.1.)	Veitrafikk	Tunge kjøretøy	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Miljøløftet (14.1.)	Veitrafikk	Personbiler	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Nullutsleppsteknologi buss (22.1)	Veitrafikk	Busser	0,0	0,0	2 300,0	4 600,0	4 600,0	4 600,0	2 300,0
Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjer (21.2.)	Veitrafikk	Personbiler	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtiglade plassar i Vestland (21.1.)	Veitrafikk	Personbiler	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum			16 800,0	18 030,6	24 277,7	26 583,0	30 845,7	30 871,0	24 321,0

Indirekte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO² ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjo n 2023	Reduksjo n 2024	Reduksjo n 2025	Reduksjo n 2026	Reduksjo n 2027	Reduksjo n 2028	Langsikti g reduksjo n
Klima- og miljøvenlege bygg (25.2.)	Bygg	Bygg og anlegg	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimavenlege innkjøp: Grøne IT-løysingar (39.2)	Innkjøp	Ufordelt	419,0	400,0	300,0	300,0	300,0	300,0	419,0
Klimavenlege innkjøp: Klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane i Vestland (39.1.)	Innkjøp	Bygg og anlegg	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Klimavenlege innkjøp: Sirkulære møbler (39.3)	Innkjøp	Ufordelt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Bærekraftige kantiner (40.1)	Miljøledelse	Jordbruk	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Eigarstyring og eigarstrategiar (3.4)	Miljøledelse	Ufordelt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Plaststrategi (37.1)	Miljøledelse	Ufordelt	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Handlingsplan for heilskaplege og framtidsetta energiløysingar (25.1) – solcelleanlegg	Oppvarming	Elektrisitetsproduksjon og annen energiforsyning	78,8	78,8	122,1	122,1	122,1	122,1	122,1
Klimavenlege innkjøp: Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen (39.5)	Veitrafikk	Tunge kjøretøy	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum			497,8	478,8	422,1	422,1	422,1	422,1	541,1

Ønska tiltak

Direkte utslipp

Reduksjonar synast i tonn CO² ekvivalentar

Klimatiltak	Sektor	Kjelde	Reduksjon 2023	Reduksjon 2024	Reduksjon 2025	Reduksjon 2026	Reduksjon 2027	Reduksjon 2028	Langsiktig reduksjon
Utfasing av fossile person- og varebilar i VLFK	Veitrafikk	Personbilar	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum			0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0

Budsjettreglement

1. Innleiing

Utgangspunktet for budsjettreglementet er Reglement for økonomiforvaltninga, Reglement for dei fire hovudutvala og Reglement for delegering til fylkesdirektøren.

Reglementet fastset fylkestinget sitt mynde, delegering av mynde til andre folkevalde organ og til fylkesdirektøren. Fylkestinget vedtek sjølv endringar i reglementet.

2. Struktur og spesifikasjonsgrad

§§5-4 og 5-5 i Budsjett- og regnskapsforskriften legg føringar for oppstilling av fylkeskommunen sitt budsjett. Utover dette er budsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på hovudprosjekt, ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på rammeområde og sentrale inntekter og utgifter.

2.1 Driftsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande rammeområde:

Rammeområde
Politisk styring og kontrollorgan
Organisasjon og økonomi
IKT og digitalisering
Tannhelse
Eigedom og utbygging
Næring, plan og innovasjon
Opplæring og kompetanse
Kultur og folkehelse
Mobilitet og kollektivtransport
Infrastruktur og veg

Sentrale inntekter og utgifter er spesifisert i forskriftsskjema.

2.2 Investeringsbudsjettet

Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle investeringane inn i tre ulike program slik:

- Investeringsprogram bygg
- Investeringsprogram fylkesvegar
- Investeringsprogram kollektiv

Investeringsprogramma er delt inn i grupper. Gruppene gang- og sykkelveg, trafikktryggingstiltak, kollektivtrafikktiltak og miljø- og servicetiltak i investeringsprogram fylkesvegar inkl. rassikring vert også definert som programområde.

Investeringsprogramma syner spesifikasjon av det enkelte investeringsprosjekt.

3. Budsjettoppfølgning og budsjettendringar

3.1 Budsjettoppfølgning

Fylkestinget vedtek årsbudsjett og økonomiplan for fylkeskommunen og endringar i desse, i medhald av kapittel 14 i kommunelova.

Løyvingane i driftsbudsjettet vert vedtekne som netto driftsrammer pr rammeområde.

Løyvingane i investeringsbudsjettet vert vedtekne brutto for ulike prosjekt/sekkepostar.

Alle fylkeskommunen sine politiske organ skal gjennomføre fylkestinget sitt budsjett innafor eigne ansvarsområde. Eventuelle budsjettendringar i løpet av året skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Mål, prioriteringar og føresetnader for løyvingane frå fylkestinget går fram av tekstdelen av årsbudsjett- og økonomiplandokumentet.

Dersom løyvingane ikkje vil halde, pliktar fylkesdirektøren å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre påreknast dersom behovet ikkje var råd å føresjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.

Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

3.2 Fylkestinget

3.2.1 Fylkestinget vedtek budsjettendringar mellom ansvarsområda til hovudutvala.

3.2.2 Fylkestinget kan elles delegere mynde til andre politiske organ og til fylkesdirektøren.

3.2.3 Fylkestinget behandlar rapport etter første og andre tertial, etter innstilling frå fylkesutvalet. Tertialrapport skal vise utviklinga i inntekter og utgifter i høve til vedteke årsbudsjett, med nødvendige framlegg til justeringar.

3.3 Fylkesutvalet

3.3.1 Fylkesutvalet kan vedta dei same endringane i budsjettet som fylkestinget dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 11-8 er til stades.

3.3.2 Fylkesutvalet har, med unntak for Kontrollutval, mynde til å gjere endringar i driftsbudsjettet gjennom året for følgende rammeområde:

- Politisk styring
- Organisasjon og økonomi
- IKT og digitalisering
- Tannhelse
- Eigedom og utbygging

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet, og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

Fylkesutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for desse sektorane to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.3.3 Fylkesutvalet har mynde til å fordele tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor områda folkehelse, klima, senter- og stadutvikling og plan og utviklingsarbeid.

3.4 Fylkesordføraren

3.4.1 Fylkesordføraren har fullmakt til å disponere inntil kr 200 000 til gåver og mindre tilskot. Bruken av midlane vert rapportert til fylkesutvalet årleg.

3.5 Kontrollutvalet

3.5.1 Kontrollutvalet skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eige rammeområde to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.6 Hovudutvala

3.6.1 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar for eigne sektorar to gonger i året, etter 1. og 2. tertial.

3.6.2 Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i driftsbudsjettet.

Slike endringar skal vere i samsvar med fylkestinget sine føringar og prioriteringar gitt i årsbudsjettet og ikkje kunne binde opp fylkestinget sine løyvingar for seinare år.

3.6.3 Budsjettreglementet pkt. 3.8.4 omhandlar fylkesdirektøren sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar for sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.

3.6.4 Hovudutvala har mynde til å fordele statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt ansvarsområde.

3.6.5 Hovudutvala har mynde til å fordele fylkeskommunale tilskot- og stønadsordningar innanfor sitt ansvarsområde.

3.6.6 Hovudutvala har mynde til å disponere ikkje-fordelte løyvingar innanfor sitt ansvarsområde. Dette gjeld både drifts- og investeringsløyvingar.

3.7 Trafikktryggingsutvalet

3.7.1 Trafikktryggingsutvalet har mynde til å fordele løyving på FTU-midlar på ulike tilskotsordningar samt mynde til å tildele tilskot innafor sitt ansvarsområde.

3.8 Fylkesdirektøren

3.8.1 Etter at fylkestinget har vedteke årsbudsjettet for drift per rammeområde, fordeler fylkesdirektøren driftsbudsjettet vidare til tenleg detaljeringsnivå for å sikre god økonomistyring. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.8.2 Fylkesdirektøren disponerer løyvingane i årsbudsjettet, og har tilvisingsrett. Fylkesdirektøren kan delegere dette myndet til andre leiarar.

3.8.3 Fylkesdirektøren har mynde til å justere budsjettet gjennom året med endringar av teknisk karakter, t.d. avskrivningar, og fordele samleløyvingar, t.d. personalmidlar, lønsavsetjing o.l. på tvers av rammeområde som fylkestinget har vedteke. Dette myndet kan delegerast vidare til andre leiarar.

3.8.4 Fylkesdirektøren får fullmakt til å sjå utgifter og inntekter som gjeld administrative løyvingar på tvers av rammeområda i samanheng.

3.8.5 Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre låneopptak i samsvar med vedtak i fylkestinget.

3.8.6 Fylkesdirektøren har mynde til å redusere låneopptak til IKT investeringar og auke driftsrammene til IKT etter eit forholdstal på 1/5.

3.8.7 Fylkesdirektøren har mynde til å tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet i samband med fellesfinansiering av digitaliseringsprosjekt, og der forskriftene krev at prosjekt, utstyr og inventar skal førast i kapitalrekneskapen.

3.8.8 Fylkesdirektøren har mynde til å setje i verk naudsynte strakstiltak ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar.

3.8.9 Fylkesdirektøren har mynde til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

3.8.10 Fylkesdirektøren har mynde til å omdisponere mellom prosjekt innanfor dei enkelte programområda slik dei går fram av fylkesvegbudsjettet.

3.8.11 Fylkesdirektøren har mynde til å nytte avsette midlar på disposisjonsfond. Ein føresetnad for dette myndet er at fylkestinget tidlegare år har vedteke fondsavsettinga til eit konkret føremål, og at dette føremålet no er i posisjon til å få løyvinga utbetalt.

4. Årsavslutning

4.1 Driftsbudsjettet

4.1.1 Fylkesdirektøren har mynde til å setje av midlar til disposisjonsfond for bruk seinare år innanfor drifta av skular og tannklinikkar.

4.1.2 Driftsresultatet for prosjektet Sogn og Fjordane kunstmuseum (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune.

4.1.3 Fylkesdirektøren har mynde til å gjennomføre naudsynte strykingar ved rekneskapsavslutninga i samsvar med kap. 4 i Budsjett- og regnskapsforskriften. Fylkesdirektøren skal leggje til grunn følgjande rekkjefølgje ved gjennomføringa av strykingane:

1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet
2. Andre avsetjingar til disposisjonsfond, men unntak av fondsavsetting som nemnt i pkt. 4.1.2
3. Avsetjing av evt. overskot i vidaregåande skular og i tannhelsetenesta
4. Avsetjing til disposisjonsfond nemnt i pkt. 4.1.2

4.2 Investeringsbudsjettet

4.2.1 Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unytta løyvingar i kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.

4.2.2 Dei ikkje-utnytta løyvingane vert budsjetterte opp att som del av det vidare budsjettbehovet som er naudsynt for å avslutte prosjektet.

Fylkeskommunen sine tenesteområde

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Politisk organ	55 550	61 690	59 357	62 357	59 357
Kontrollorgan	11 550	11 626	11 626	11 626	11 626
Sum	67 100	73 316	70 983	73 983	70 983

Omtale av rammeområde

Politisk styring

Politisk styring omfattar utgifter til politiske utval, gjennomføring av møte i folkevalde organ, partistønad og diverse godtgjersle til folkevalde i ulike organ. Fylkeseldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og medverknadsorgan for ungdom vert også budsjettert her.

Tabellen gjev eit overslag over kostnadsfordelinga mellom dei ulike folkevalde organa og tilskotsordningar.

	2024	2025
Fylkesting	17 250	18 000
Fylkesutval	10 200	10 750
HU samferdsel og mobilitet	2 140	2 250
HU opplæring og kompetanse	2 140	2 250
HU næring	2 140	2 250
HU kultur, idrett og inkludering	2 140	2 250
Fylkeseldrerådet	500	500
Rådet for menneske med nedsett funksj.evne	500	500
Vestland ungdomsutval	500	500
Andre møte og utval	3 015	3 000
Frikjøpsordning	1 125	1 200
Partistønad	12 750	13 400
Val	0	3 640
Tilleggsøyving fylkesutvalet	1 150	1 200
Total	55 550	61 690

Det kan vere praktisk at fylkesordføraren har ein sum som kan disponerast til gåver og mindre tilskot. Innanfor ramma til fylkestinget vert det sett av kr 200 000 til dette.

Kontrollorgan

Løyvingane omfattar kontrollutvalet, sekretariat for kontrollutvalet og kjøp av revisjonstenester.

Kontrollutvalet har ein sum på 0,5 mill. kr som kan disponerast dersom det dukkar opp uføresette forhold som gjer at det må kjøpast meir ekstern bistand for å utføre kontrollarbeidet.

Kontrollutvalet handsama budsjettforslaget for sitt ansvarsområde i møtet den 2. september.

Det er budsjettert med 5 årsverk for sekretariatet. Sekretariatet har pr. i dag avtale med 14 kommunar om å vere sekretariat for deira kontrollutval.

Endring frå 2024-2025

Auken i budsjettet skuldast at det er lagt inn midlar til gjennomføring av stortingsvalet i 2025.

Rammeoversikt

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	Beløp i 1000			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	67 100	67 100	67 100	67 100
Sum Vedtak forrige periode	3 000	667	3 667	3 667
Sum Lønns- og prisvekst	3 216	3 216	3 216	3 216
Konsekvensjusteringer	6 216	3 883	6 883	6 883
Konsekvensjustert ramme	73 316	70 983	73 983	73 983
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Val 2025 og 2027	0	0	0	-3 000
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	0	0	0	-3 000
Nye tiltak og realendringer	0	0	0	-3 000
Ramme 2025–2028	73 316	70 983	73 983	70 983

Økonomiplan 2025–2028

Endringane frå år til år skuldast utgifter til val annakvart år. Elles vart det ved salderinga av 2024-budsjettet lagt inn ei innsparing på reiseutgifter i 2024. Innsparinga er vidareført til 2025, men trappa ned med kr 667 000 frå 2026.

Organisasjon og økonomi

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Fylkesdirektør	3 026	3 188	3 188	3 188	3 188
Leiling Organisasjon og økonomi	6 320	10 524	10 791	10 791	8 791
Juridisk seksjon	22 810	24 505	24 505	24 505	24 505
Økonomiseksjonen	31 535	34 375	34 375	34 375	34 375
Stab organisasjon og økonomi	18 156	22 960	22 960	22 960	22 960
Innkjøpsseksjonen	18 932	19 705	19 705	19 705	19 705
HR-seksjonen	54 253	66 338	66 338	66 338	66 338
Kommunikasjonsseksjonen	12 936	13 649	13 649	13 649	13 649
Sum	167 967	195 243	195 510	195 510	193 510

Omtale av rammeområde

Om avdelinga

Organisasjons- og økonomiavdelinga skal levere gode fellestenester innan fagområda HR, økonomi, innkjøp, juridisk og kommunikasjon. Avdelinga har også ansvar for mobbeomboda og elev- og lærlingomboda. Oppdraget til organisasjons- og økonomiavdelinga er å setje retning, samordne og utvikle organisasjonen ved å levere framtidretta fellestenester og god støtte og oppfølging.

Økonomi

Økonomiseksjonen arbeider med budsjett og økonomiplan og har ansvar for å behandle økonomisaker til politiske organ. Rapportering av den økonomiske situasjonen gjennom året ligg òg til seksjonen sitt ansvarsområde.

Andre arbeidsoppgåver er likviditetsstyring og finansiering av investeringar gjennom låneopptak, i tillegg til forvaltinga av fylkeskommunen si konsesjonskraft. Seksjonen er òg systemforvaltar for Vestland fylkeskommune sitt ERP-system.

Seksjonen omfattar også einingar for rekneskap og løn. For rekneskap er utarbeiding av fylkeskommunen sin årsrekneskap ei sentral arbeidsoppgåve, i tillegg til utbetaling/remittering, mottak av leverandørfaktura, kundefakturerings, rapportering av mva, mm. Løn syter mellom anna for at løna vert betalt ut til rett tid, og at alt som gjeld løn, pensjon og andre ytingar vert korrekt registrert på den tilsette og rapportert på a-meldinga.

Juridisk

Seksjonen søker å dekke rettshjelpsbehovet for alle einingar, og har ansvar for praktisk gjennomføring av alle politiske møte i fylkeskommunen.

Den gir støtte til alle einingane i fylkeskommunen i ulike typar saker og held oversikt over rettstvistar fylkeskommunen er involvert i.

Ansvar for eigarskapsoppfølging femner om eigarskapen fylkeskommunen har i ulike typar selskap, inkludert utarbeiding av ei årleg eigarskapsmelding. Seksjonen førebur også saker om val til eksterne organ, m.a. selskap, råd og stiftingar. Sekretariatet for varslingsutvalet ligg til seksjonen.

Politisk sekretariat er delen av juridisk seksjon som har ansvaret for førebuing, gjennomføring og oppfølging av møte i folkevalde organ. Sekretariatet har vidare ansvar for å førebu og ivareta fylkeskommunen sine oppgåver ved gjennomføring av stortingsval, kommunestyre- og fylkestingsval.

HR

HR leverer tenester langs heile verdikjeda av HR-feltet. I tillegg til å vere ein strategisk partner gir vi leiarstøtte, leverer tenester innan helse, miljø, sikkerheit (HMS), kvalitetsstyring og arbeidsgjevarpolitikk.

HR-seksjonen er ein strategisk partner for den administrative leiinga i fylkeskommunen, og bidreg til å utvikle engasjerte medarbeidarar og ein framtidsretta kunnskapsorganisasjon.

HR skal syte for at Vestland fylkeskommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar. Seksjonen har utstrekt samarbeid med fylkeshovudverneombodet og dei hovudtillitsvalde.

Kommunikasjon

Kommunikasjonsseksjonen har ansvar for drift og innhald på Vestland fylkeskommune sine digitale flater og kanalar.

Målgruppa er folkevalde, kommunetilsette, brukarane av tenestene våre og innbyggjarar generelt. Ei viktig oppgåve er å formidle vedtak frå dei politiske møta.

Kommunikasjonsseksjonen har òg ansvar for intern kommunikasjon og legg til rette for bruk av nye digitale kommunikasjonsflater. Tilsette ved seksjonen hjelper avdelingane i deira arbeid på nettsidene, med kampanjar eller merksemd i sosiale media.

Alt arbeid knytt til bruk av den grafiske profilen ligg til seksjonen.

Innkjøp

Innkjøpsseksjonen har ansvar for å leggje til rette for gode innkjøpsprosessar og sikre godt samarbeid mellom dei ulike innkjøpsmiljøa i Vestland fylkeskommune.

Innkjøpsseksjonen skal syte for at styringssystem for Kvalitet og HMS er oppdatert med godkjente prosedyrar og malar for konkurransegjennomføring og for handtering av bestillingar og faktura.

Alle kjøp er underlagt offentleg lov- og regelverk samt interne fylkeskommunale retningslinjer og skal gjennomførast ved hjelp av gjeldande innkjøps- og konkurransestyringsverktøy.

Miljø og berekraft, samfunnsansvar, lønns- og arbeidsvilkår, innovasjon, integritet, kostnadseffektivitet, kontraktsoppfølging og leverandørutvikling er viktige omsyn i arbeidet med innkjøp til Vestland fylkeskommune.

Endring frå 2024-2025

Det er lagt inn følgjande endringar i budsjettet sammenlikna med 2024:

	Endring mill. kr
Lønskostnader	-0,9
Lærlingar	4,0
Utanforskap	5,0
Omstillingsmidlar	1,0
Omstillingsmidlar Bybanen utbygging	2,0
Midlar til leiarutvikling	2,0
Auke lisenskostnader	3,5

Reduserte lønskostnader

Avdelinga har gjennom effektivisering av drifta redusert lønskostnadane i økonomiseksjonen.

Lærlingar

Vestland fylkeskommune har ei uttalt satsing på lærlingar og har pt ca. 80 lærlingar i eigen organisasjon. For å kunne oppretthalde talet på lærlingar i 2025, er det nødvendig å auke budsjettet med 4 mill. kr.

Utanforskap

Vestland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtalar med NAV, der målet er å motvirke utanforskap og bidra til at fleire kan ta del i arbeidslivet. Som ledd i denne satsinga ønskjer fylkeskommunen som ein start å øyremerke 5 mill. kr til stillingar for menneske med nedsett funksjon i eigen organisasjon

Omstilling

Det er lagt inn auke på 1 mill. kr knytt til auka behov i omstillingsmidlar for 2025. Det er totalt sett av 5,4 mill. kr i slike sentrale omstillingsmidlar, som vert disponert av HR-seksjonen. Midlane vert nytta i tilfelle der tilsette av ulike årsaker har behov for kompetanseutvikling/ny stilling i fylkeskommunen, t.d. som følge av sjukdom, overtal eller omstilling generelt. Ein stor del av desse midlane er allereie bundne opp i faste forpliktingar.

Det er i tillegg lagt inn omstillingsmidlar på 2 mill. kr som følgje av endringar for Bybanen utbygging, jf. fylkestingssak 124/24 Organisering og og bemanning av Bybanen utbygging. Fylkestinget godkjende i saka at Bybanen utbygging vert organisert som ein seksjon i Eigedoms- og utbyggingsavdelinga med 12 årsverk. Fylkesdirektøren vurderer at det er behov for omstillingsmidlar for å sikre gjennomføring av overføring av tilsette til ulike avdelingar i fylkeskommunen.

Leiarutvikling

Vestland fylkeskommune er framleis ein relativt fersk organisasjon med behov for å byggje felles praksis og kultur i samsvar med ny organisasjonsstrategi. Leiarane er sentrale bærebjelkar i dette arbeidet. For å styrke fokuset på leiarutvikling og organisasjonsbygging på tvers vil det bli sett i verk eit gjennomgåande leiarutviklingsprogram, som vil omfatte alle leiarane i fylkeskommunen og gå over tre år. Det er lagt inn ein netto auke på 2 mill. kr. basert på ei forventning om økonomisk støtte til programmet frå KS sine OU-midlar.

Lisenskostnadar

Lisenskostnadane innan IKT har auka svært mykje den siste tida, heilt opp mot 12% auke for nokre lisensar. Fylkesdirektøren legg opp til at kostnader knytt til ulike fag- og fellessystem som dei einskilde avdelingane har ansvar for, vert budsjettert og kostnadsført hos dei respektive avdelingane. Dette har til no vore ført på avdeling for IKT og digitalisering og det vert gjort ei budsjettendring for å følgje opp dette. Med den sterke auken ein har sett i det siste, er det nødvendig å auke budsjettet for organisasjons- og økonomiavdelinga med 3,5 mill. kr utover budsjettoverføringa frå IKT og digitalisering. Avdelinga har m.a. ansvar for drifta av ERP-systemet.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Organisasjon og økonomi

	Beløp i 1000 kr				
Inntekt/utgift	Opphavelg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-421	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-7 614	-7 614	-7 614	-7 614	-7 614
Sum driftsutgifter	176 002	202 858	203 125	203 125	201 125
Totalsum	167 967	195 243	195 510	195 510	193 510

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	167 967	167 967	167 967	167 967
Sum Tekniske justeringer	-1	-1	-1	-1
Sum Vedtak forrige periode	-900	-633	-633	-633
Sum Lønns- og prisvekst	10 678	10 678	10 678	10 678
Konsekvensjusteringer	9 777	10 044	10 044	10 044
Konsekvensjustert ramme	177 743	178 010	178 010	178 010
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon forrige økonomiplan	900	633	633	633
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	900	633	633	633
Innsparingstiltak				
Stillingsreduksjon	-900	-633	-633	-633
Sum Innsparingstiltak	-900	-633	-633	-633
Nye tiltak				
Kostnadsauke lisensar	3 500	3 500	3 500	3 500
Leiarutvikling	2 000	2 000	2 000	0
Læringar	4 000	4 000	4 000	4 000
Omstillingsmidlar	1 000	1 000	1 000	1 000
Omstillingsmidlar Bybanen utbygging	2 000	2 000	2 000	2 000
Utanforskap	5 000	5 000	5 000	5 000
Sum Nye tiltak	17 500	17 500	17 500	15 500
Nye tiltak og realendringer	17 500	17 500	17 500	15 500
Ramme 2025–2028	195 243	195 510	195 510	193 510

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	7 444	7 500
Konsulenttenester	3 141	3 100

Administrasjonsutgifter	5 145	22 032
Ordinære driftsutgifter	0	0
Lønsutgifter og -refusjonar	154 337	173 734
Ordinære inntekter	-2 100	-11 213
Andre utgifter og inntekter		
SUM	167 967	195 153

Klimavurdering 2025

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med reiser mellom dei ulike kontorlokasjonane. Organisasjons- og økonomiavdelinga er ei stabsavdeling med arbeidsoppgåver i stor grad retta mot dei andre avdelingane i fylkeskommunen og mot politisk nivå og har slik ikkje stor del eigne klimautslepp.

Innkjøpsseksjonen har klimakriterium i arbeidet med innkjøpsavtalane. Reduksjonen i klimagassutslepp dette arbeidet medfører kjem heile organisasjonen til gode i og med at innkjøpa gjeld mange teneste- og varekjøp som gjeld heile fylkeskommunen.

IKT og digitalisering

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
IKT og digitalisering	2 090	2 205	2 205	2 205	2 205
Sikkerheit og støttetenester	26 426	27 854	27 854	27 854	27 854
Digitalisering	15 390	16 242	16 242	16 242	16 242
IKT	145 883	159 741	159 908	159 908	159 908
Sum	189 789	206 042	206 209	206 209	206 209

Omtale av rammeområde

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Vi skal bruke teknologien til å fornye, forenkle og forbetre. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruke, effektive og pålitelege. Ansvaret for IKT-sikkerheit, personvern og beredskap ligg også under denne avdelinga.

Seksjon for sikkerheit og støttetenester

Seksjonen har det overordna ansvaret for førebyggjande aktivitetar innan fagområdet for sikkerheit, og gir føringar for sikkerheits- og beredskapsarbeidet i Vestland fylkeskommune. I seksjonen har vi samla fagmiljøet for prosjektleiing, personvern, internkontroll, beredskap og IKT-sikkerheit.

Seksjonen har ved dokumentssenteret det faglege ansvaret for arkivdanning i Vestland fylkeskommune, er systemeigar for sak- og arkivsystemet og ansvarleg for hovudpostmottaket.

Seksjon for digitalisering

Digitaliseringsseksjonen skal bidra til å digitalisere fylkeskommunen gjennom fornying, forenkling og forbetring. Dette skal gjerast på ein slik måte at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir hensiktsmessig. Brukarane er i sentrum av arbeidet vårt. Ved å legge til rette for datadeling og rett bruk av ny teknologi, bidreg vi til kunnskapsbaserte avgjerder i verksemda. Gjennom god arkitektur, portefølje- og prosjektstyring skapar vi smartare måtar å jobbe og samarbeide på. Dette gjer at vi realiserer gevinstar som meir brukarvennlege tenester og effektiv bruk av ressursar.

Seksjon for IKT

IKT-seksjonen drifrar og vedlikeheld IKT-system og IKT-infrastruktur, og har ansvaret for den operasjonelle IKT-sikkerheita med overvaking og den daglege sikkerheitsstyringa av IKT-infrastruktur, system og programvare. Seksjonen sikrar ein stabil og framtidsretta digital grunnmur, gjev brukarane IKT-støtte, og har ansvar for innkjøp av personleg IKT-utstyr for heile fylkeskommunen.

IKT-sikkerheit

Etter sikkerheitslova skal fylkeskommunen etablere styringssystem for sikkerheit. Styringssystemet for sikkerheit omfattar heile det førebyggjande sikkerheitsarbeidet, dvs. dei aktivitetane som kan ha betydning for sikkerheit – både direkte og indirekte.

Dette området må vurderast saman med IKT-sikkerheit. På seksjon for sikkerheit og støttetenester har ein samla fagmiljøet for overordna beredskap, internkontroll, personvern og IKT-sikkerheit, medan ein på IKT har ansvaret for den operasjonelle IKT-sikkerheita med overvaking og den daglege sikkerheitsstyringa av IKT-infrastruktur, system og programvare.

IKT utgjør grunnmuren for samhandling mellom fylkeskommunen, samarbeidspartnarar og befolkinga, og er ein kritisk infrastruktur. I takt med digitaliseringa har IKT og informasjon/data som flyt mellom system i nettverk blitt ei strategisk sikkerheitsutfordring. Sikkerheitsutfordringane omfattar alle nivå, frå vern av enkeltpersonar sine mobiltelefonar til sikring av fylkeskommunen sine IKT-system, kommunikasjonsløyningar og data.

Det er eit eige team (fem stillingar) for operasjonell IKT-sikkerheit dedikert til denne oppgåva. Desse skal jobbe med sikkerheitsarkitektur, sikkerheitsanalyse, ROS-analysar, applikasjonssikkerheit, sårbarheitsvurderingar, testing av sikkerheitsnivå, overvaking av system og infrastruktur.

IKT-sikkerheit er styrka med 10 mill. kr i budsjettet for 2025, jf. omtale om endring frå 2024 til 2025.

Endring frå 2024-2025

Avdelinga si budsjetttramme er auka med 10 mill. kr for 2025 der 5 mill. kr skal gå til eit IKT-sikkerheitsverktøy som skal handtere endepunktssikring, logginnsamling og automatisering av overvaking (handtering av trugslar og forsøk på inntrenging i våre system). Dette er ein varig auke i dei årlege driftskostnadene.

Dei resterande 5 mill. kr skal blant anna gå til å dekke den generelle auken i lisenskostnader innan IKT, til utskifting av pc-ar for å møte sikkerheitskrav og avtalar for å sikre hendingshandtering (sikre støtte ved omfattande IKT-sikkerheitsbrot).

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for IKT og digitalisering

					Beløp i 1000 kr
Inntekt/utgift	Opphøveleg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum driftsinntekter	-1 456	-1 507	-1 507	-1 507	-1 507
Sum driftsutgifter	191 245	207 549	207 716	207 716	207 716
Totalsum	189 789	206 042	206 209	206 209	206 209

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	189 789	189 789	189 789	189 789
Sum Vedtak forrige periode	-2 800	-2 633	-2 633	-2 633
Sum Lønns- og prisvekst	9 053	9 053	9 053	9 053
Konsekvensjusteringer	6 253	6 420	6 420	6 420
Konsekvensjustert ramme	196 042	196 209	196 209	196 209
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon forrige økonomiplan	2 800	2 633	2 633	2 633
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	2 800	2 633	2 633	2 633
Innsparingstiltak				
Lisensbesparing	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Redusere konsulentkostnader	-400	-400	-400	-400
Redusere utskiftingstakt personleg IKT-utstyr	-400	-233	-233	-233
Sum Innsparingstiltak	-2 800	-2 633	-2 633	-2 633
Nye tiltak				
Styrking IKT og digitalisering	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum Nye tiltak	10 000	10 000	10 000	10 000
Nye tiltak og realendringer	10 000	10 000	10 000	10 000
Ramme 2025–2028	206 042	206 209	206 209	206 209

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Beredskapsøvingar og ROS-analysar	500	500	500	500
Innkjøp PC-ar	1 000	1 000	1 000	1 000
Kontorbudsjett IKT	1 700	1 700	1 700	1 700
Stillingar IKT	4 000	4 000	4 000	4 000
Sum	7 200	7 200	7 200	7 200

Nye tiltak

Beredskapsøvingar og ROS-analysar

- Førebyggjande sikkerheitsarbeid innan desse fagområda krev at fagressursane er ute i organisasjonen og informerer for å få til ei haldningsskapande endring, jf. forvaltningsrevisjonane.

Innkjøp PC-ar

- Vi har behov for å bytte ut PC-ar til ein verdi av 28 millionar dei neste 2 budsjettåra. Det betyr at vi må få ei auke i budsjettposten som går til PC-ar.

Kontorbudsjett IKT

- Kontorbudsjettet for 2024 er alt for lavt, vi har ikkje moglegheit i IKT seksjonen til å gje våre tilsette tilstrekkeleg med kompetansepåfyll ved dette budsjettnivået. Her må vi tilbake til 2022 nivå. Dette er ein viktig budsjettpost for å klare å halde på våre tilsette.

Stillingar IKT

- Auka aktivitet gjev behov for fleire IKT medarbeidarar som kan jobbe med fagfeltet Azure (sky). Det er også eit auka fokus på sikkerheit, og mobilane våre må flåtestyrast for å ivareta sikkerheit også på dette området. Det er også behov for fleire personar som jobbar med PC-plattformar då ein må endre på oppsettet med lokal administrasjon. Behov for 2025 er 2-3 personar, men det kan bli behov for fleire ressursar allereie i 2026 alt etter forventningane frå Skyss og resten av VLFK til leveransane frå IKT.

Økonomiplan 2025–2028

Avdelinga spelar ei nøkkelrolle i arbeidet med digital transformasjon i fylkeskommunen, og dette er eit viktig satsingsfelt i organisasjonsstrategien. Digitaliseringa skal gjennomførast slik at vi både effektiviserer prosessar og nyttar ressursane meir hensiktsmessig.

Økonomiske utfordringar i perioden

Avdeling for IKT og digitalisering skal levere gode IKT-tenester og sikre forsvarleg drift av Vestland fylkeskommune. Det er ei utfordring at prisveksten for IKT-kostnader har vore og er høgare enn budsjettet, og at vi generelt får auka kostnader knytt til skytenester og innføring av ny teknologi i heile organisasjonen. Driftsutgiftene aukar også som følgje av innføring av kunstig intelligens, auka krav til streaming av møte og konferansar, og auka krav til løysingar som ivaretek informasjonssikkerheit.

Ved finansiering er det lagt vekt på kostnader ved innføring (investeringsmidlar) medan midlar til årlege driftsutgifter ikkje har følgd på.

Førebyggjande arbeid innan fagområda personvern, beredskap og IKT-sikkerheit krev at fagressursane er ute i organisasjonen og skaper ei haldningsendring.

Forvaltningsrevisjonane; «Informasjonssikkerheit» og «Overordna beredskap» pålegg oss å jobbe meir førebyggjande med sikkerheitsarbeid i heile organisasjonen.

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	2 558	2 647
Konsulenttenester	2 000	1 670
Administrasjonsutgifter	9 400	9 729
Ordinære driftsutgifter	62 504	72 292
Lønsutgifter og -refusjonar	114 783	121 211
Ordinære inntekter	-1 456	-1 507
Andre utgifter og inntekter		
SUM	189 789	206 042

Artsgruppene for 2024 er vidareført til 2025 med justering for løns- og prisstigning, og salderingstiltak og ekstraløyving.

Klimavurdering 2025

Avdelinga sine klimagassutslepp heng i hovudsak saman med innkjøp og bruk av elektronisk utstyr, og reiser i eiga drift.

Klima- og miljøkrav i anbod, spesielt for elektronisk utstyr som PC, og retningslinjer for innkjøp og drift som tek omsyn til gjenbruk og sirkulær økonomi kan gi klimaresultat. Seksjon for digitalisering har i stor grad lagt til rette for gjennomføring av digitale møte og konferansar.

Seksjon for IKT har hatt tre ressursar som har jobba mykje for at alle politiske møte og ein del konferansar har vore mogleg å gjennomføre digitalt. Dette, i tillegg til digitale møte mellom tilsette og mot eksterne, gjer at vi har betydeleg lågare reiseaktivitet både på politisk og administrativt/operativt nivå enn vi hadde før pandemien. Dette gjer det mogleg å samhandle med mindre miljøavtrykk.

Gjennom avtale med Foxway, som vi har samarbeida med sidan hausten 2021, så har vi hittil i 2024 (per september) selt tilbake 1845 einingar, og 932 av desse einingane er allereie i ny sirkulasjon. Frå januar 2024 til september 2024 er det spart 320 tonn CO² med denne ordninga. Overskotet av kostnaden går tilbake til Vestland fylkeskommune. På enkelte infrastrukturkomponentar sel vi utfasa komponentar tilbake til leverandør slik at desse kan brukast om att hjå andre kundar som ikkje har same krav til moderne teknologi.

Eigedom og utbygging

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Eigedom	608 603	612 860	612 127	612 127	612 127
Sum	608 603	612 860	612 127	612 127	612 127

Omtale av rammeområde

Dette rammeområdet omfattar forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling av heile eigedomsmassen til Vestland fylkeskommune. Løns- og personalkostnader er også budsjettet her.

Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedomane skal vere tilpassa dagens behov og utviklast med omsyn til framtidige behov og mål fastsett i regionale planar og strategiar.

Avdelinga er inndelt i 5 seksjonar

Utbyggingsseksjonen: Hovudområde er nybygg og ombyggingar av eigedomane

Stab- og forvaltningsseksjonen: Omfattar innleige- og utleigeavtalar, resepsjonstenester, fellestenester i administrasjonslokale, bistand innan innkjøp og økonomistøtte

Driftsseksjonen: Omfattar driftsleiartenester, reinhaldstenester, vedlikehald, kartlegging og energi

System og utviklingsseksjonen: Ansvar for naudsyn system for heile avdelinga, HMS og utvikling

Bybanen utbygging: Ansvar for planlegging, prosjektering og utbygging av bybanen i Bergen

Endring frå 2024-2025

Det er lagt opp til ein reduksjon i budsjettet på 22 mill. kr. Den fordeler seg mellom husleige, energi og reduksjon i vedlikehaldsbudsjettet.

Kostnader til forvaltning, og drift av fellestenestene aukar. Det er mellom anna kome på plass mange nye avtalar på kaier. Eigedom og utbygging har overteke leigekostnadane for lokale til Karriere Vestland og det har kome til ein ny tannklinikk på Danmarks plass der eigedomsavdelinga dekkjer husleige og felleskostnader. Samstundes er arbeidet i Vestlandshuset ferdig og leigeinntektene aukar.

Det er venta at kostnader til energi igjen kan reduserast, det er lagt inn ein reduksjon på om lag 5 mill. kr. Det er også lagt inn ein reduksjon i vedlikehaldsbudsjettet med om lag 5 mill. kr.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Eigedom og utbygging

Beløp i 1000 kr

Sumrad (tekst)	Opprinnelig budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum driftsinntekter	-81 300	-84 300	-84 300	-84 300	-84 300

Sumrad (tekst)	Opprinnelig budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum driftsutgifter	689 903	697 160	696 427	696 427	696 427
Totalsum	608 603	612 860	612 127	612 127	612 127

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	608 603	608 603	608 603	608 603
Sum Vedtak forrige periode	-23 800	-24 533	-24 533	-24 533
Sum Lønns- og prisvekst	26 500	26 500	26 500	26 500
Konsekvensjusteringer	2 700	1 967	1 967	1 967
Konsekvensjustert ramme	611 303	610 570	610 570	610 570
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Auke i leieinntekter	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
For spesifikasjon forrige økonomiplan	13 300	13 300	13 300	13 300
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	10 300	10 300	10 300	10 300
Innsparingstiltak				
Reduksjon i vedlikehold	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Reduksjon straumkostnader	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Sum Innsparingstiltak	-10 300	-10 300	-10 300	-10 300
Nye tiltak				
Overføring frå OPK - teknisk justering	500	500	500	500
Overføring THT - teknisk justering	1 057	1 057	1 057	1 057
Sum Nye tiltak	1 557	1 557	1 557	1 557
Nye tiltak og realendringer	1 557	1 557	1 557	1 557
Ramme 2025–2028	612 860	612 127	612 127	612 127

Ønska tiltak

Beløp i 1000

Økonomiplan				
	2025	2026	2027	2028
Auka prisvekst i byggemarknaden	6 500	6 500	6 500	6 500
Sum	6 500	6 500	6 500	6 500

Nye tiltak

Auka prisvekst i byggemarknaden

Prisstigning i byggemarknaden har vore vesentleg større enn inntektsutviklinga i budsjettet. Forskjellen er ca 5%. Om lag 130 mill.kr av driftsbudsjettet er knytt til byggemarknaden. Dette har så lagt vorte justert med redusert vedlikehald, som er ugunstig på lengre sikt. Denne meirkostnaden utgjør 6,5 mill .kr

Økonomiplan 2025–2028

Avdelinga si utfordring i økonomiplanperioden er knytt til prisstigning i byggemarknaden. Den har vore vesentleg større enn inntektsutviklinga i budsjettet, forskjellen er på ca 5%. Om lag 130 mill. kr av driftsbudsjettet er knytt til byggemarknaden. Dette har så langt vorte justert med redusert vedlikehald, som ikkje er ei god løysing på sikt.

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	4 026	4 626
Konsulenttenester	2 355	2 455
Administrasjonsutgifter	2 045	2 375
Ordinære driftsutgifter	427 633	436 893
Lønsutgifter og -refusjonar	247 544	264 511
Ordinære inntekter	-75 000	-98 000
Andre utgifter og inntekter	0	0
SUM	608 603	612 860

Klimavurdering 2025

Drift

Det er seks hovudoppgåver knytt til klima som drift i eigedom kan og skal fokusere på; avfall, kjemikalie, transport, vedlikehald, energibruk og utstyr til å utføre driftsarbeid. Plassering og tal sorteringspunkt er viktig for å leggje til rette for sortering i så mange fraksjonar som er hensiktsmessig, dette skal vurderast fortløpande for å unngå restavfall i størst mogeleg grad. I dette ligg og handtering av komponentar som vert skifta ut i ein driftssituasjon og bygningselement som inngår i eksisterande bygningsmasse.

Drift skal syte for å ha oversyn over førekomst av kjemikalie i alle bygg, fornuftig og forskriftsmessig oppbevaring og bruk av kjemikalie, samt endeleg levering av farleg avfall til renovasjonsselskap.

I størst mogleg grad skal reiser og materialtransportar planleggjast og koordinerast slik at ein kan unngå unødvendig køyring. Alternativ transport med lågare klimabelastning skal alltid undersøkast og prioriterast.

For vedlikehald av fylkeskommunal bygningsmasse skal material med låg klimabelastning prioriterast. I tillegg skal løysingar som er effektive, treng lite eller har enkelt vedlikehald og som er forventa å ha lang levetid føretrekkast.

Bruk av energi i fylkeskommunal bygningsmasse skal ha kontinuerleg tilsyn og optimaliserast, identifisering av mogleg forbettringspotensiale ved både enkle justeringar og ved investering som fører til redusert klimabelastning skal og ha høg prioritet.

Avdelinga skal ha oversyn over tilgjengeleg utstyr brukt i drifta, samt geografisk plassering, for å sikre gode tilhøve for koordinering av naudsynt transport. Eige utstyr skal slik som for tekniske løysingar prioriterast etter behov for vedlikehald, samt naudsynte innleigde ressursar, lokale og regionale behov, levetid og tilknytt bruk av kjemikalie/drivstoff.

Tannhelse

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Tannhelse	373 204	422 839	423 106	423 106	423 106
Sum	373 204	422 839	423 106	423 106	423 106

Omtale av rammeområde

Tannhelsetenesta

Vestland tannhelseteneste utfører lovpålagde oppgåver i samsvar med tannhelsetenestelova. Fylkeskommunen skal sørge for at tannhelsetenester, også spesialisttenester, i rimeleg grad er tilgjengelege for alle i fylket. Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper etter lova skal vera regelmessig og oppsøkande, og førebygging skal prioriterast framfor behandling.

Tenesta har i 2025 ansvar for å gi eit tannhelsetilbod til om lag 209 000 innbyggjarar som har rett til eit tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Dette er inkludert den nye gruppa 25- og 26-åringar som frå 1. juli 2024 fekk rettar etter budsjettvedtak i Stortinget. Utover det har tidlegare om lag 21 000 vaksne, betalande personar vore under offentlig tilsyn i Vestland tannhelseteneste, men det høve til å ta inn færre og færre vaksne betalande. Årsaka til dette er at mengda prioriterte pasientar har auka med over 30% dei siste åra med utviding av rettane til dei mellom 21-26 år.

Prioriterte grupper

Lov om tannhelsetenester § 1-3 definera dei prioriterte gruppene med lovfesta rettar som:

- a) barn og unge 0-18 år
- b) psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- c) eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon eller i heimesjukepleie
- d) ungdom 19-20 år
- e) personar med ruslidingar
- f) innsette i fengsel og overgangsbustad
- g) andre grupper fylkeskommunen har vedtatt å prioritere

Fleire pasientar

Vestland tannhelseteneste gir etter budsjettvedtak i Stortinget også eit tannhelsetilbod til personar som har opplevd tortur, overgrep og/eller som har odontofobi (TOO) og til 25-26-åringar.

Fylkeskommunen skal sørgja for naudsynt tannhelsehjelp for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket og dette inkludert flyktningar, asylsøkarar og familiesameinte. Det er i hovudsak flyktningar, asylsøkarar og familiesameinte i aldersgruppa 0-18 år som har rett til tannbehandling og tolketenester. Dette har vore ei gruppa som har auka kraftig, særleg på grunn av krigen i Ukraina. Oppsamla og større tannbehandlingsbehov saman med utgifter til tolketenester gir auka kostnader.

Vestland tannhelseteneste har òg ansvar for Tannlegevakta i Bergen, tannbehandling i narkose på Haukeland universitetssjukehus, Førde sjukehus og Stord sjukehus samt eit poliklinisk tilbod om tannbehandling i narkose på Solheimsviken tannklinikk og ved Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter i Bergen (TkVestland).

Dyrare pasientar

SSB viser i sine undersøkingar til at samansetnaden av dei prioriterte gruppene i den offentlege tannhelsetenesta har endra seg dei siste 10 åra. Utgiftene per behandla pasient aukar. SSB syner til at dei prioriterte gruppene samla sett har vorte meir ressurskrevjande å behandla no enn før. At den offentlege tannhelsetenesta no behandlar relativt fleire ressurskrevjande pasientar og i tillegg gjer fleire komplekse og spesialiserte behandlingar, kan vera ei viktig årsak til at utgiftene per behandla pasient aukar.

TOO

Tverrfagleg tannhelsetilbod for pasientar utsett for tortur, overgrep eller som har sterk angst for tannbehandling (TOO-tilbodet) er eit statleg finansiert tilbod for vaksne utan rettar i den offentlege tannhelsetenesta, men TOO-tilbodet blir drifta og organisert av fylkeskommunen. Det finst tverrfaglege TOO-team på dei offentlege tannklinikkane i Florø, Sogndal, Stord og på Årstad i tillegg til Senter for Odontofobi ved TkVestland.

Vaksne utan rettar

Vaksne, betalande pasientar utan rettar i den offentlege tannhelsetenesta får tilbod om behandling på dei tannklinikkane der det er kapasitet og der det manglar anna privat tannhelsetilbod.

Folkehelsearbeid i tannhelsetenesta

Samfunnsoppdraget til tannhelsetenesta er å fremme tannhelsa i befolkninga, organisere førebyggjande tiltak og gje eit regelmessig og oppsøkande tilbod om tannhelsetenester til grupper i befolkninga. Gjennom eit førebyggjande og helsefremmande arbeid i tannhelseteneste, vil vi sikre at alle får kunnskap om korleis ta vare på eigen tann- og munnhelse. Det skal vi gjere gjennom aktivitetar, kampanjar og kompetanseheevande tiltak for heile befolkninga i Vestland. Alle barn og unge er jamleg inne til undersøking av tenner og munn. Dette gir tenesta ei unik moglegheit til å informere om kva som skal til for å ha ei god tann- og munnhelse, og for å kunne førebygge sjukdom og skade i ein tidleg fase. Gjennom det oppsøkande tilbodet og den gode kvaliteten i tannhelsetilbodet, vil tannhelsetenesta bidra til å redusere den sosiale skilnaden som finst i samfunnet. Det overordna målet for folkehelsearbeidet er at folk sjølv skal vere i stand til å ha og bevare god munn- og tannhelse gjennom heile livet.

TkVestland

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter TkVestland. TkVestland består av ein Spesialistklinikk, administrasjon, forskning og Senter for Odontofobi (SFO). TkVestland administrasjon, forskning og SFO vert delfinansierte av Helsedirektoratet.

Spesialistklinikken er lokalisert på Årstad i Bergen, og skal gje tilbod om tverrfagleg spesialistbehandling og utføra fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste. TkVestland har og ein eigen tannklinikk på Haukeland universitetssjukehus, samt ei avdeling med oral kirurg i Stryn. I 2025 er det planar om å opprette eit spesialisttilbod i Førde.

Spesialistklinikken har plassmangel og ikkje kapasitet til ytterlegare auke i 2025, men vil få meir plass når SFO får ny klinikk i løpet av 2025.

Tannbehandling i narkose skal fortsetje i same omfang som i 2024.

Endring frå 2024-2025

Endring frå 2024 - 2025

Tannhelsetenesta har eit budsjettnedtrekk i 2025 på 6,6 mill. kr. Følgjande salderingstiltak er tidlegare presentert og innarbeidd etter prosessvedtak; Takstauke og redusering av kjøpte tenester.

Utover dette har tenesta ein overføring på 1 057 mill til eigedom i samband med verksemdovertaking av Saman tannklinikk (nye Viken tannklinikk). Dette gjeld husleige, felleskostnader og straum.

Utover desse momenta er alle delar av budsjettet tilført pris- og lønsvekst, og vidareført på same nivå som 2024-budsjettet.

Innarbeidde salderingstiltak 2025

Tiltak 1 Takstauke

Tannhelsetenesta legg til grunn prisvekst på takstane. Tenesta ser likevel at dei private tilbydarne har lagt inn ein høgare takst. Det er er naudsynt at den offentlege tannhelsetenesta skal følgje prisane til dei andre tilbydarne. Som grunnlag for dette ligg det ein ESA dom. Dette vil føre til ei inntekstauke på 3,6 mill. kr.

Tiltak 2 redusering kjøp av tenester

Tannhelsetenesta vil redusere kjøp av tenester. Tannhelsepersonell driv med utdanning av spesialistar som etter endt utdanning skal ut i distrikta og utføre tannbehandling. Tannklinikane samarbeider godt med spesialistane på Spesialistklinikken. Mange kasus kan løysast ved dialog og tannbehandlingen kan utførast av tannlegar ute på klinikane. Dette vil gje ei samla innsparing på kjøp av tenester på 3 mill. kr.

Samla innsparing tannhelse vert dermed 6,6 mill. kr i 2025.

Nye grupper

Fylkesdirektøren foreslår å auke tannhelsebudsjettet med 30 mill. kr med bakgrunn i utvida behandlingstilbud til eldre - gruppe C. I rapport etter 1. tertial til fylkestinget i juni var dette tilbudet omtala slik:

“Stortinget la inn auke i rammetilskotet for at fylkeskommunane skulle kunne styrke tannhelsetilbudet til eldre - gruppe C. Det viser seg at det tek tid å byggje opp kapasiteten. Det er usikkert kor mykje som vil gå med i 2024. Fylkesdirektøren foreslår at dei auka midlane i 2024 i første omgang vert sett av til eit disposisjonsfond for å auke kapasiteten i tannhelsetenesta. Midlane kan då takast inn i drifta når ein ser at behovet er der.”

Tannhelsetenesta har ikkje meldt inn behov for å styrke budsjettet for inneverande år. For 2025 er det budsjettert med følgjande i samband med styrking av tilbudet til den nye gruppa:

- Auka bemanning på klinikkane og i stab
- Redusert inntektskrava på klinikkane grunna denne pasientgruppa (gruppe C)
- Auka driftsutgiftene
- Kompetanseheving av tilsette i samband med gruppe C.

Ut frå dette foreslår fylkesdirektøren å auke budsjettet i 2025 med 30 mill. kr finansiert med avsette fondsmidlar. For seinare år i økonomiplanperioden er det lagt til grunn at summen vert finansiert som del av dei frie inntektene.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Tannhelsetenesta

Beløp i 1000 kr					
Inntekt/utgift	Opphavelg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum driftsinntekter	-185 871	-195 977	-195 977	-195 977	-195 977
Sum driftsutgifter	559 075	618 816	619 083	619 083	619 083
Totalsum	373 204	422 839	423 106	423 106	423 106

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	373 204	373 204	373 204	373 204
Sum Vedtak forrige periode	-6 600	-6 333	-6 333	-6 333
Sum Lønns- og prisvekst	22 292	22 292	22 292	22 292
Konsekvensjusteringer	15 692	15 959	15 959	15 959
Konsekvensjustert ramme	388 896	389 163	389 163	389 163
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon forrige økonomiplan- innsparingar tannhelse	6 600	6 333	6 333	6 333
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	6 600	6 333	6 333	6 333
Innsparingstiltak				
Reduserte kjøp av tenester	-3 000	-2 733	-2 733	-2 733
Takstauke	-3 600	-3 600	-3 600	-3 600
Sum Innsparingstiltak	-6 600	-6 333	-6 333	-6 333
Nye tiltak				
Overføring Eigedom - teknisk justering	-1 057	-1 057	-1 057	-1 057
Styrka behandlingstilbud av eldre (gruppe C).	30 000	30 000	30 000	30 000
Styrka tilbud til eldre	5 000	5 000	5 000	5 000
Sum Nye tiltak	33 943	33 943	33 943	33 943
Nye tiltak og realendringer	33 943	33 943	33 943	33 943
Ramme 2025–2028	422 839	423 106	423 106	423 106

Økonomiplan 2025–2028

Økonomiplan 2025–2028

Tannhelsetenesta har dei siste åra fått fleire pasientar som har rett til tilbod i den offentlege tannhelsetenesta. Etter budsjettvedtak i Stortinget har tannhelsetenesta fått ansvar for nye pasientgrupper som gjeld 21-26 åringane. Det er enno usikkert kor mykje dette vil belaste tenesta. Det følgte midlar med denne gruppa, men det er usikkerheit knytt til om dette er nok. Det tek tid å tilsette tannhelsepersonell og tannhelsetenesta har fleire vakante stillingar.

Stortinget løyvde midlar til å utvide ansvaret til også å gjelde 25 og 26-åringar frå 2024. I rundskriv datert 13.08.2024 stod det at «det legges til grunn at midler videreføres i 2025 med en helårseffekt på 210 millioner kroner.» Dette er ikkje vidareført i statsbudsjettet likevel. Mindre enn 2 månader etter rundskrivet vert desse midlane likevel tekne ut att i budsjettforslaget for 2025. Om regjeringa sitt forslag vert ståande, vil ein ikkje ha fått finansiering for meir enn eit halvt år for å utvide ansvaret til også å gjelde dei nye aldersgruppene. Fylkesdirektøren legg i så fall til grunn at fylkeskommunane sitt ansvar ikkje vert utvida til å omfatte dei to nye aldersgruppene.

1. september 2024 overtok tannhelsetenesta Saman-klinikken (nye Viken tannklinikk) og alle tilsette på klinikken. Dette skulle føre til at ein auka kapasiteten i tenesta. Ved overtakinga 1. september hadde fleire av dei tilsette sagt opp stillingane sine av ulike grunnar. Tannhelse er i full gang med å tilsette nye, og håpar å få auka kapasiteten snarast.

Tenesta har og fått eit stort antal flyktningar. Flyktningane er traumatiserte og deira tannhelse ber preg av det. Behandling av desse pasientane tek opp mot fire gonger så lang tid som for andre pasientar.

Pasientgruppe C som omfattar eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon og heimesjukepleie er aukande og med eit større og meir komplekst behandlingsbehov, vil dette kreve meir av tenesta i framtida.

Det er utfordrande når tannhelsetenesta får nye pasientgrupper og nye oppgåver på kort varsel, og som gjer at det blir auka arbeidspress i tenesta. Det vert jobba aktivt med å rekruttere tannhelsepersonell og ein ser behov for ei oppjustering av staben for å møte dei nye oppgåvene og krava.

Fylkestinget vedtok i oktober-møtet 2024 Temaplan for Vestland tannhelseteneste. Planen beskriv fire område som er særskilte relevante for framtida. Det er viktig at planen er godt forankra i kommunane då den eine delen handlar om berekraftig organisering.

NOU 2024: 18 En universell tannhelsetjeneste – Harmonisering, styring og utvidet offentlig ansvar er nyleg lagt fram. Oppfølging av denne utgreiinga kan påverke tannhelsetenesta i økonomiplanperioden.

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	3 867	4 002
Konsulenttenester	1 017	1 100
Administrasjonsutgifter	3 501	3 623
Ordinære driftsutgifter	81 780	82 666
Lønsutgifter og -refusjonar	393 031	415 040
Ordinære inntekter	-109 992	-113 592
Andre utgifter og inntekter	6 000	0
SUM	379 204	392 839

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Reise og kurs:

Under reise og kurs ligg utgifter som gjeld samlingar, kurs ,leiarmøte, stabsmøte, besøk på sjukeheimar, ambulering, vernerundar og reiseutgifter i samband med vedlikehald og service ute på klinikkane.

Konsulenttenester:

Under denne artsgruppa ligg utgifter gjeldane juridisk bistand og tolketenester. Tannhelsetenesta har innkjøpsavtale med Tolkenett som bistår klinikkane dersom dei treng tolk.

Administrasjonsutgifter:

Utgifter som er budsjettert her er kontormateriell, gåver til tilsette, sms varsling til pasientar, telefon og internett utgifter, stillingsannonsar og kostnader gjeldane infoskjerm ute på tannklinikkane.

Ordinære driftsutgifter:

Eit av dei største utgiftspostane er medisinsk forbruksmateriell som eingongsutstyr, og anna knytt til behandling av den einskilde pasient. Her ligg òg pasientreiser, dentalt utstyr, folkehelsetiltak og utgifter knytt opp til vedlikehald og reparasjonar. Utgifter som gjeld henviste pasientar, vert og budsjettert på denne artsgruppa.

Lønsumgifter og refusjonar:

Under dette artsnivået ligg løn og sosiale kostnader for alle tilsette i tannhelsetenesta. I samband med den nye pasientgruppa(21-26 åringar) er det tilsett fleire tannhelsepersonell for å ta hand om desse pasientane.

Ordinære inntekter:

Under ordinære inntekter vert det i hovudsak budsjettert inntekter for betalande pasientar ute på klinikkane.

Andre utgifter og inntekter:

Rekneskapstekniske artar som vert nytta i samband med årsavslutning og fondsføringar vert skilt ut her.

Det er gjort ei budsjettendring her i 2024 som gjeld auke i rammetilskotet.

Klimavurdering 2025

Klimavurdering sektorbudsjett 2025

Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helsefremmande arbeid. Langsiktig mål er at pasientane våre, særskilt barn og unge, skal få ei god oral helse som vil krevja lite behandling i vaksenlivet. Når behovet for operativ tannbehandling vert redusert, vil tenesta vår bidra til eit lågare klimaavtrykk.

Tannhelsetenesta har klimaperspektivet i fokus når det gjeld innkjøpsavtalar. Det er teke omsyn til transport og leveringsmetode, samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall.

Mange av klinikkane er Miljøfyrtårnsertifiserte, men vi manglar sertifisering for klinikkane i område nord.

Næring, plan og innovasjon

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Næring, plan og innovasjon	45 377	46 272	46 272	46 272	46 272
Stab næring, plan og innovasjon	8 909	9 400	9 400	9 400	9 400
Grøn næringsinfrastruktur	29 745	30 987	30 987	30 987	30 987
Naturressursar landbruk og reiseliv	43 987	45 361	45 361	45 361	45 361
Forsking, kompetanse og internasjonalisering	30 375	31 499	31 499	31 499	31 499
Seksjon for plan, klima og statistikk	42 000	48 250	48 250	48 250	44 750
Sum	200 393	211 769	211 769	211 769	208 269

Omtale av rammeområde

Stab næring, plan og innovasjon

Her ligg administrative fellestenester for avdelinga innanfor økonomi og innkjøp, HR, kommunikasjon, digitalisering av arbeidsprosessar og arkiv. Måla er å understøtte drifta i avdelinga, og med det leggje til rette for at fagseksjonane løyser oppgåva med implementering av den regionale planen best mogleg.

Grøn næringsinfrastruktur

Vestland fylkeskommune tek ei leiande rolle i å omstille næringslivet for å nå klimamåla og utvikle Bergen og dei regionale sentra som attraktive senter, som kan fungere som ei drivkraft for heile fylket. Arbeidet skjer i tett samarbeid med næringslivet, innovasjonsøkosystemet og med forskings- og kunnskapsmiljøet, og gjennom mobilisering til nye regionale satsingar, fagleg rettleiing og tilskot til utviklingsprosjekt for å fremje berekraftig verdiskaping, grøn omstilling i næringslivet og sirkulærøkonomi.

Seksjonen for grøn næringsinfrastruktur er hovudbase for avdelinga sitt arbeid med grøn næringsinfrastruktur, både fysisk infrastruktur som energi, nett, breiband, ladeinfrastruktur og næringsareal og innovasjonsinfrastruktur som inkubatorar og næringshagar, klyngesamarbeid, partnerskap, og kontakt med næringslivet og verkemiddelapparatet.

Seksjonen har ansvar for å koordinere arbeidet med 'Berekraftig verdiskaping regional plan for innovasjon og næringsutvikling og verkemidla knytt til planen inkludert ulike tilskotsordningar. prosjektleiaransvar for og regional plan for fornybar energi og dei generelle tilskota til grøn næringsutvikling samt arbeid for å sikre areal til næringsutvikling og auke eksporten. Seksjonen bidrar til berekraftig verdiskaping og grøn omstilling i næringslivet til dømes med Klimapartnere Vestland, Grøn Region Vestland, nullutslepptransport i næringslivet og sirkulærøkonomi.

Fylkeskommunen har oppdragsgjevaransvar for inkubator- og næringshageprogrammet til SIVA og for distriktsmidlane, bedriftsnettverksmidlane og mentorordninga til Innovasjon Norge. Fylkeskommunen får overført midlar frå KDD som er øyremarka til SIVA og Innovasjon Norge. Fylkeskommunen sitt handlingsrom er prioritering mellom desse verktya. Seksjonen følger opp at midlane vert nytta i tråd med identifiserte behov og politisk vedtekne satsingsområde.

Programmet Invest in Bergen arbeidar for å fremje og marknadsføre nyetableringar og investeringar i Bergensområdet. Etablerersenteret tilbyr kurs og rådgeving i å etablere eigen bedrift. Begge tiltak er delvis finansiert av dei deltakande kommunane.

Klimapartnere Vestland er eit partnerskap med 80 verksemdar i heile fylket som arbeider for utsleppskutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis.

Prioriterte område i åra framover er å leggje til rette for omstilling til grøn fornybar energi gjennom utvikling av nye verdikjeder og regional innovasjon, og å auke omstillinga til sirkulær økonomi i ulike bransjar. Dette er i tråd med regional plan og næringsutvikling, der det er fastsett eit mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030. Energi får særskilt fokus ved å følgje opp regional plan for fornybar energi og arbeide for betre infrastruktur. Å få fram nok kraft til industriområda i fylket er ein hovudbarriere for grøn vekst i næringslivet og klimaomstilling. For Vestland er det avgjerande å ha eit energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping og klimagasskutt.

Naturressursar, landbruk og reiseliv

Vestland fylkeskommune skal gjennom sine aktivitetar utvikle lokalsamfunna våre, og sikre ei balansert og god utnytting av naturressursane. Arbeidsområda knytt til dette budsjettområdet er utvikling av jordbruk og skogbruk, arbeide for berekraftig verdiskaping innan reiselivet, legge til rette for ei berekraftig verdiskaping innan havbruk og fiskeri – og utvikling av lokalsamfunna våre. Og vi arbeider med ei god forvaltning av marine ressursar, innlandsfisk, vassressursar, vilt, jordressursar og mineral.

Naturressursar, landbruk og reiseliv har ansvar for forvaltning innan vilt, mineral, akvakultur, innlandsfisk og vassforvaltning, der vi samarbeider tett med mellom anna kommunar og statlege etatar. Innsatsen innan vassforvaltning og vilt er for det meste statleg finansiert. Og innan vassforvaltning har vi eit omfemnande arbeid med å iverksetje regional plan for vassforvaltning, der vi arbeider for å sikre tilstrekkeleg vassmiljø i elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

Oppdatering av vassforvaltningsplanen for 2028-2033, utkast til planprogram og dokumentet hovudutfordringar i Vestland vert lagt på høyring første halvår av 2025, og vedtekne hausten 2025. Fylkeskommunen er vassregionstyresmakt for Vestland vassregion og leiar Vestland vassregionutval. Vestland vassregion er delt i 9 vassområde, der vi har vassområdekoordinatorar som arbeider tett saman med kommunane.

Innan akvakulturforvaltning arbeider vi tett saman med andre offentlege etatar, og med andre fylkeskommunar gjennom FAKS (fylkeskommunane sitt akvakultursamarbeid). Fylkeskommunen har ansvar for å klarere dei lokalitetane der oppdrettsverksemda kan skje. Vi er elles godt i gong med eit større samhandlingsprosjekt – Styrka marin innsats – der vi skal fremme ei berekraftig akvakulturverksemd med mindre påverknad på naturmangfald, klima og miljø.

Fylkeskommunen er også inne i samarbeidsprosjektet One Ocean Havbyen Bergen, og vi er også inne både fagleg og finansielt i One Ocean Week/havveka som er i april 2025.

Arbeidet med reiseliv er basert på visjonen "attraktivitet gjennom berekraft", og saman med samarbeidspartnarane våre legg vi til rette for berekraftige løysingar. Vi er godt i gong med eit større prosjekt innan besøksforvaltning, der vi har fått med oss 20 kommunar. Gjennom dette prosjektet samarbeider fylkeskommune, kommunar og reiselivsnæringa om å bli betre til å ta imot besøkande samstundes som vi ikkje forringar natur, miljø og lokalsamfunna våre. Til dette budsjettområdet ligg også støtte til destinasjonsselskapa og Fjord Norge. Temaplan for reiseliv gjev føringar for den vidare innsatsen. Og vi samlar reiselivsaktørane til samråding i Reiselivsforum Vestland.

Landbruket i Vestland er ei viktig næring som bidreg til verdiskaping, matsikkerhet og beredskap. Næringa skaper også ringverknader i andre næringar og i mange lokalsamfunn. Saman med samarbeidspartnarar som Innovasjon Norge, Statsforvaltaren, kommunane og næringa legg vi til rette for å utvikle jordbruk og skogbruk i Vestland i samsvar med landbrukspolitikken som Stortinget har vedteke og fylkeskommunen sine prioriteringar i Temaplan landbruk. Gjennom Kystskogbruket samarbeider vi også med dei andre fylkeskommunane om å legge til rette for å utvikle skognæringa.

Prosjektet SFI Climate Futures har som mål å få til sikre vervarslingar med lenger tidshorisont enn det som er mogeleg no, og dette arbeidet blir støtta av Vestland fylkeskommune.

I ei ustadig tid med både klimaendringar, ufred og endra matvanar er det særleg viktig å sjå dei mulighetane som ligg i matproduksjon i Vestland. Dette med tanke på både næringsutvikling og matsikkerhet, og dette fordrar ny kunnskap og nye tankar for utvikling av matproduksjonen vår.

Vestland fylkeskommune har bidrege til omstilling i utsette kommunar, både gjennom statlege omstillingsmidlar og eit eige nærings- og utviklingsfond for utsette område. Vi ønskjer å rette innsatsen direkte inn mot dei mest trengande kommunane. Som ein del av salderinga av budsjettet vert nærings- og utviklingsfond for utsette område avvikla i noverande form.

Vi har ein innsats knytt til nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn, som lokalsamfunnsprogrammet LivogLyst er ein del av. Vi har styrka LivogLyst-innsatsen, og det er no 22 aktive prosjekt som vi støttar med midlar og råd. Vi ser også på nærings- og samfunnsutvikling i samarbeid med sju industrikommunar med sams utfordringsbilete, der vi samlar desse kommunane to gongar i året. Fylkeskommunen har ei rekke med tiltak som skal byggje opp under nærings- og samfunnsutvikling i kommunane, og vi er derfor i gong med eit samhandlingsprosjekt som skal sikre at vi er gode nok til å tilby råd og virkemiddel som støttar opp under dei einskilde kommunane sine behov. Vi har i første omgang etablert styrka kontakt med seks kommunar, og alle relevante fagområde i fylkeskommunen er med i dette samhandlingsprosjektet.

Forsking, kompetanse og internasjonalisering

Vestland fylkeskommune mobiliserer til forsking, kompetanseutvikling og innovasjon gjennom auka bruk av regionale, nasjonale og internasjonale finansieringsordningar og gir økonomisk støtte til kompetanseheving i arbeidslivet. Samordning, mobilisering og tilskotsforvaltning på desse områda skjer mellom anna gjennom programma FORREGION og Bedriftsintern opplæring samt mobilisering til, og deltaking i, internasjonale prosjekt, spesielt Horisont Europa og Erasmus+. Deltaking i internasjonale organisasjonar, som Nordsjøkommisjonen, EARLALL og Euromontana er med og styrkar dette arbeidet.

FORREGION er eit program primært finansiert av KDD kor kompetansemeklarar gjennom dialog med bedrifter identifiserer forskingsbehov og rettleier vidare til relevant forskingsmiljø.

Etter revideringar av statsbudsjettet har fylkeskommunen dei siste åra fått auka ansvar for den regionale kompetansepolitikken. Mobilisering og samordning på dette området, utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og støtte til regionale kompetanseforum, ligg til budsjettområdet. Fylkeskommunane har vidare fått ansvar for administrasjon av statlege overføringar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar), som krev administrative ressursar. Frå 2024 får fylkeskommunane også ansvar for å forvalte midlar frå KDD til Kompetanse og arbeidskraft i distrikta. Saman med

fylkeskommunale midlar, til dømes til læreplassgaranti og studiesenter, kan fylkeskommunen støtte opp under ønska utvikling i næringslivet og offentleg sektor. Utfordringa framover vil vere å avdekke kompetansebehova i næringslivet framover spesielt knytt til det grøne skiftet. Dette krev utvikling, uttesting og implementering av metodar og samarbeidsmodellar for korleis dette kan gjerast. Her må fylkeskommunen nytte samarbeidsaktørar som har ein operativ funksjon og som jobbar tett på næringslivet.

For å lukkast med å realisere måla i Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling, vil det vere behov for finansiering både frå store nasjonale og internasjonale utlysingar av midlar, slik som Forskingsrådet si utlysing av kapasitetsløft innan forskning og høgare utdanning, SIVA, Forskingsrådet og Innovasjon Norge si utlysing av midlar til Grøn plattform og senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa. Fylkeskommunen sitt bidrag vil vere å støtte opp om slike søknader frå Vestland, både økonomisk og med fagleg rettleiing, for å sikre god forankring i våre planar.

Prosjektet Grøn region Vestland er fylkeskommunen si største satsing på grøn omstilling i næringslivet og reduksjon av klimagassutslepp, saman med Innovasjon Norge. Den strategiske tilnærminga er å utvikle grøne hubar gjennom industriell symbiose og leggje til rette for betre tilgang til kompetanse, kraft og kapital. Fylkeskommunale midlar skal vere med å stimulere til denne utviklinga og løyse ut private og statlege midlar.

Plan, klima og analyse

Alle dei tre faggruppene på seksjonen jobbar med utgangspunkt i at fylkeskommunen skal vere rettleiar og samarbeidspart i arbeidet med ei berekraftig samfunnsutvikling.

Klima, miljø og stadutvikling

Denne faggruppa jobbar med store og breie tema som oppfølging av Regional plan for klima, gjennom arbeid med både å redusere klimagassutslepp, redusere klimarisiko, ta vare på naturmangfaldet gjennom berekraftig arealbruk og ei rettferdig klimaomstilling. I tillegg jobbar faggruppa med oppfølging av dei regionale fjellplanane, dei regionale senterplanene med tilhøyrande handelsføresegn, by- og stadutvikling og har konsernansvar for intern klima- og miljøleiing.

Klimaarbeidet i Vestland er forankra i [Regional plan for klima 2022-2035](#). Denne planen set rammene for prioriterte plantema og satsingar for å vere ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppsamfunnet. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å leggje til rette for kunnskapsformidling, motivere til handling gjennom å skape gode arenaer for samhandling mellom aktørar på regionalt og kommunalt nivå. Det vert lyst ut tilskotsordningar, arrangert klimakonferansar og vi driftar satsinga KlimaVestland, som inkluderer eit eige klimanettverk for kommunane i fylket. I tillegg er vi involvert i fleire forskings- og utviklingsprosjekt for å auke kunnskap, samt utvikle system og metodar for klimaarbeidet. Dette for å leggje til rette for auka kunnskap om breidda i klimaarbeidet, og mobilisere til handling og framtidsretta planlegging.

Seksjonen har konsernansvaret for koordinering av den interne klima- og miljøinnsatsen i organisasjonen som verksemd, som denne faggruppa koordinerer. Fylkeskommunen er miljøfyrtårnsertifisert, medlem av Klimapartnere, jobbar med intern klima- og miljøleiing, der

miljøstyring inngår. Vidareutvikling av klimabudsjett som styringsverktøy pågår, for å kople klimatiltaka til ordinære økonomiplanprosessar. Seksjonen starta i 2024 opp arbeidet med å følgje opp fylkestingsvedtaket om å inkludere ei vurdering av naturkonsekvensar av budsjettvedtak i økonomiplanprosessen. Dette arbeidet vert vidareført i 2025.

Saman med analysemiljøet er faggruppa i gang med forarbeid for utvikling av eit fylkeskommunalt arealrekneskap, [der første versjon av arealrekneskapen er publisert](#). Med klimasatsmidlar arbeider vi for at kommunane i Vestland skal bruke arealrekneskap som verktøy for å planlegge på ein meir klimavennleg måte. Dette gjer vi gjennom samarbeid, mobilisering og rettleiing. Fylkeskommunen skal vere ei verksemd som «feier for eiga dør» internt, og motiverer og mobiliserer til handling gjennom rolla vår som samfunnsutviklar.

Koordinering av arbeidet med å følgje opp Vestland sin [plaststrategi](#) ligg til denne avdelinga og seksjonen. Faggruppa administrerer tilskot til plastrydding samt rapportering på tiltaka i plaststrategien. Tiltaksrapportering er integrert i oppfølging av årsplanane til klimaplanen.

Faggruppa har ansvar for oppfølging av *Regional plan for senterstruktur i Hordaland* og *Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur* i tidl. Sogn og Fjordane. Gjennom dialog, digitale og fysiske samlingar og feltarbeid skal vi arbeide for berekraftig by- og stadutvikling i samarbeid med alle kommunane i Vestland. Felles verdiar og eigenart, stadlege kvalitetar og tilhøyrsele er sentrale dimensjonar i stadutviklinga. I dette samarbeidet skal vi utvikle og bruke nettverket By- og stadutvikling i Vestland som ein arena for ny kunnskap, erfaringsutveksling og samarbeid på tvers av kommunar. Arbeidet vårt skal og bli kopla til tilskotsordninga Berekraftig samfunnsutvikling med klima og miljø, sosial utjamning, by- og stadutvikling. Fagpersonane skal gi råd og vere ein god diskusjonspart i møte med folk, stad, historie, klima og natur. I 2025 vil vi helde fram med det gode samarbeidet med kommunane.

Faggruppa har ansvar for å følgje opp [dei regionale planane for villrein](#), for å forvalte fjellområda som er særskild viktige for villreinen si framtid i Noreg. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta i vare den Europeiske villreinstamma, gjennom Bern-konvensjonen. Dei fire regionale fjellplanane vi har interregionalt plansamarbeid om fastset ei langsiktig arealforvaltning som skal balansere bruk og vern for desse fjellområda. Situasjonen for villreinen har blitt betydeleg dårlegare dei siste åra, mellom anna på grunn av fragmentering av leveområda og menneskeleg aktivitet. Målet til planane er å sikre ein arealforvaltning som tek omsyn til villreinen sine arealbehov, samstundes som ein tek i vare samfunnsutviklinga i planområda.

Regional plan og analyse

Kunnskap om regionale utviklingstrekk og utfordringar er essensiell, og fylkeskommunen skal jobbe for å vere i front på kommunale og regionale analyser for å stø kommunar, fylkeskommunen og politikarar innan utviklingsoppgåver, og løfte fram viktige samfunnsutfordringar. Vidare skal vi bidra med offentleg tilgjengeleg kartdata, statistikk og analysar på regionalt og kommunalt nivå.

Arbeidet med «Arealrekneskap for Vestland», forbetra kartdatabase, arbeida med vurdering av berekraftig samfunnsutvikling (berekraftsmåling) og ny statistikkportal er store arbeidsoppgåve det kommande året.

Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028 blir ei viktig oppgåve å følgje opp. Det er forsett ein stor jobb igjen med å styrke og forenkle plan- og styringssystemet til fylkeskommunen. Utarbeiding av to nye regionale planar; Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse er ambisiøst, men eit viktig utgangspunktet for å vidareutvikle eit berekraftig og nyskapande Vestland. Dette arbeidet skal gjerast i samarbeid med kommunar, statlege etatar og andre aktuelle samarbeidspartar.

Kommunal plan

Fylkeskommunen skal rettleie og gje fagleg støtte til kommunar innan samfunns- og arealplanlegging. Kommunal planlegging står også sentralt for å følgje opp regionale planar, som til dømes regional klimaplan. I tillegg har fylkeskommunen ulike sektoransvar som blir følgt opp gjennom kommunale planar. Seksjon for plan, klima og analyse har eit koordinerings- og samordningsansvar for samla fråsegn til kommunale planar frå dei ulike avdelingane i fylkeskommunen. Som del av rettleiinga til kommunane driv vi regionalt planforum, arrangerer samlingar og webinar og har ulike faglege nettverk, kor den årlege Plankonferansen er det største arrangementet. I 2025 vil fagleg rettleiing om kommuneplanens arealdel stå sentralt.

Tilskotsordning

Gjennom tilskotsordninga til [berekraftig samfunnsutvikling](#) støttar fylkeskommunen prosessar og prosjekt i kommunane som føl opp dei overordna måla i Utviklingsplanen, gjeldande regionale planar, og strategiar, overordna føringar, inkludert FN sine berekraftsmål. I 2024 blei det vedtatt å legge til rette for [3-årige samarbeidsavtalar med miljøorganisasjonar](#) for gi føreseielege rammer for drift, klima- og miljøarbeid i heile regionen. Seksjonen forvaltar i tillegg tilskot til interne klima- og miljøtiltak, samt [tilskot til plastrydding](#) i regionen.

Næring, plan og innovasjon

Midlar under dette område vert disponert til både søknadsbaserte tilskotsordningar og eigeninitierte satsingar knytt til oppfølging av regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

Endring frå 2024-2025

Administrasjonen føreslår ein stort sett uendra intern fordeling av avdelinga sitt budsjett.

Avdelinga har fått eit generelt innsparingskrav på 2,8 mill. kr for 2025.

Ramma er tilført 1,5 mill. kr til det nye tiltaket «styrking av One Ocean Havbyen Bergen» etter eiga sak til fylkestinget juni 2024.

Det er lagt inn 3,5 mill. kr i 2025-2027 til planarbeid. Fylkeskommunen skal utarbeide to sektorovergripende regionale planer, Regional plan for areal og Regional plan for verdiskaping. Midlane skal bl.a. finansiere prosjektleiar og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag.

Støtta til regionråda er auka frå 2 til 3 mill. kr etter vedtak om nye samarbeidsavtaler i fylkesutvalet i september 2024.

Ordninga med nærings- og utviklingsfond vert avvikla. Dette frigjer 3,8 mill. kr på ramma. 1,8 mill. kr blir omdisponert til andre tiltak for distrikt- og lokalsamfunnsutvikling. Dei resterande 2 mill. kr blir brukt til saldering.

Ramma er justert med 9,2 mill. kr i pris- og lønsvekst. Rammeområda blir tilført total 7,4 mill. kr. Differansen mellom dei to beløpa på 1,8 mill. kr betyr ein mindre realnedgang spreidd på tvers av heile avdelinga.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Næring, plan og innovasjon

	Beløp i 1000 kr				
Inntekt/utgift	Opphavelg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 696	-2 696	-2 696	-2 696	-2 696
Sum driftsinntekter	-193 693	-193 693	-193 693	-193 693	-193 693
Sum driftsutgifter	396 782	408 158	408 158	408 158	404 658
Totalsum	200 393	211 769	211 769	211 769	208 269

Rammeoversikt

	Beløp i 1000			
	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	200 393	200 393	200 393	200 393
Sum Vedtak forrige periode	-2 800	-2 533	-2 533	-2 533
Sum Lønns- og prisvekst	9 176	9 176	9 176	9 176
Konsekvensjusteringer	6 376	6 643	6 643	6 643
Konsekvensjustert ramme	206 769	207 036	207 036	207 036

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon forrige økonomiplan	2 800	2 533	2 533	2 533
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	2 800	2 533	2 533	2 533
Nye tiltak				
Auka støtte til regionråda	1 000	1 000	1 000	1 000
Avvikling nærings- og utviklingsfond	-3 800	-3 800	-3 800	-3 800
Midler til regionale planer	3 500	3 500	3 500	0
Styrking One Ocean Havbyen Bergen 2025-2030.	1 500	1 500	1 500	1 500
Sum Nye tiltak	2 200	2 200	2 200	-1 300
Nye tiltak og realendringer	5 000	4 733	4 733	1 233
Ramme 2025–2028	211 769	211 769	211 769	208 269

Ønska tiltak

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Finansiering av avtale om Hub for Minerals	5 000	5 000	5 000	0
Fylkeskommunal tilskotsordning knytt til ladeinfrastruktur av tunge kjøretøy i Vestland	1	1	1	1
Inkluderingsprosjekt	1 000	1 000	1 000	1 000
Inkluderingsprosjekt i arbeidslivet	1 000	0	0	0
Kartdatabase	650	650	650	650
Ny stilling med ansvar for drift av GIS system, kartdatabase og statistikkportal	900	900	900	900
Oppfølging av intensjonsavtale om mineralbasert næringsutvikling i Sunnfjord	5 000	5 000	5 000	0
Tilskot til mediefondet Zephyr	900	900	0	0
Sum	14 451	13 451	12 551	2 551

Nye tiltak

Fylkeskommunal tilskotsordning knytt til ladeinfrastruktur av tunge kjøretøy i Vestland

Beløp ikkje spesifisert

Inkluderingsprosjekt

Inkluderingsprosjekt: Utvikle ei strategisk satsing for å styrke inkludering/reducere utanforskap i arbeidslivet (1 mill. kroner i 2025 og vidare same beløp i økonomiplanperioden)

Kartdatabase

God datadrift og dataforvaltning er viktig for å kunne leverer analysar av god kvalitet. I saka til toppleiargruppa 19.02.2024 er eit forslag til prioritert oppgåve vedlikehald og administrasjon av intern database. Det er behov for å etablere ny rutine for kartdatabaseforvaltning. Rydde i kartdatagrunnlaget og få «Orden i eige hus» knytt til datadeling og -forvaltning.

Vi har hatt kontakt med potensiell leverandør som kan levere ei løysning for 600.000-700.000 per år.

Ny stilling med ansvar for drift av GIS system, kartdatabase og statistikkportal

Utviklinga innan teknologi, data og digitalisering går fort og set nye forventningar og krav til kva produkt og verktøy *analyse*miljøet i fylkeskommunen skal levere. Fylkeskommunen sin digitale infrastruktur og dataforvaltning set føringane for korleis vi effektivt kan bruke data til å jobbe for ein kunnskapsbasert utvikling av Vestland. For å kunne utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland skal vi «kunne Vestland». Vi treng god *dataanalyse* både innan dei enkelte fagområda og på eit strategisk, overordna og heilskapleg nivå.

Seksjon for plan, klima og analyse har eit særskilt ansvar for å tene heile organisasjonen med *analyserelerte oppgåver*. I sak til toppleiargruppa 19.02.2024 er forslag til vedtak at seksjonen skal legge til rette for heilskapleg formidling av analyse for heile organisasjonen. Store prioriterte oppgåver i åra framover er blant anna utvikling av ein statistikkportal for Vestland og ny kartdatabase.

Tal årsverk innan analyse har vore stabilt i mange år, men etterspurnaden og forventningane er stigande i takt med den teknologiske utviklinga innan området. Seksjonen står i ein situasjon der behov og forventningar til organisasjonen ikkje er i samsvar med kapasitet og kompetanse.

Seksjon for plan, klima og analyse har eit stort behov for å få tilført ekstra personalressurs med god kompetanse innan teknologi, digitalisering og dataforvaltning. Ei eventuell ny stilling skal ha eit særskild ansvar for utvikling og drift av GIS system, kartdatabase og statistikkportal, samt ansvar for å følgje opp krav til IKT sikkerheit, universell utforming av digitale tenester og formidling knytt til analyse. Oppgåver som er knytt til viktig infrastruktur for *analyse*miljøet i heile organisasjonen og i kommunane, og viktig for samordning og formidling av analyse.

Oppfølging av intensjonsavtale om mineralbasert næringsutvikling i Sunnfjord

Naustdal og Askvoll kommune vedtok i 2011 reguleringsplanen for Nordic Mining si etablering på Engebø. Samtidig som reguleringsplanen vart vedteke, etablerte vertskommunane, Nordic Mining og fylkeskommunen ein felles ambisjon om at dette skulle vere startskotet for ei grøn og framtidsretta mineralnæring. Målet er effektiv utnytting av ressursen, etablering av nye verdikjeder, og at det blir lagt til rette for ringverknader og regional/nasjonal verdiskaping. Vår felles ambisjon vart konkretisert i ein avtale, der ambisjonane vil bli realisert ved Nordic Mining sin produksjonsstart.

Hovudutval for næring gjorde følgjande vedtak i sak PS 57/2023: 1. Hovudutval for næring konstaterer at tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune er part i ein intensjonsavtale frå 2011, der det blant anna er eit mål å etablere eit industri- og mineralinkubatorselskap i Sunnfjord. I avtalen er det blant anna målsetting om at fylkeskommunen bidrar på prosjektbasis med 15 mill. kr i løpet av ein treårs periode etter oppstart av mineralutvinning i Naustdal, noko som er venta å skje i andre halvår 2024. I denne saka er det også opplyst om at det, i regi av Sunnfjord kommune i 2022, er utarbeidd eit utkast til «Sunnfjord Mineralinkubator AS».

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	3 354	3 354
Konsulenttenester	3 799	3 799
Administrasjonsutgifter	1 434	1 434
Ordinære driftsutgifter	285 228	287 791
Lønsutgifter og -refusjonar	102 968	107 831
Ordinære inntekter	-193 693	-193 693
Andre utgifter og inntekter	-2 696	-2 246
SUM	200 393	208 269

Den primære utgiftsposten for sektoren er ordinære driftsutgifter. Dette er i hovudsak utgifter til ulike tilskotsordningar. Dei fleste tilskotsordningane er heilt eller delvis finansiert med statlege midlar. Kostnadsgruppa ordinære driftsutgifter skal difor sjåast i samanheng med gruppa ordinære inntekter.

Endring i lønsutgifter skuldast vanlig lønsoppgjer. Den totale ramma er justert for dette, og dette er difor ein teknisk justering.

Utgifter til reise og kurs heng t.d. saman med gjennomføring av eksternt finansierte prosjekt eller konferansar med brukarbetaling.

Beløpa i ovanståande tabell, her særleg innanfor artsgruppene ordinære inntekter og ordinære driftsutgifter, vil naturleg endre seg etter årets lønnsoppgjer og framlegg til statsbudsjett for 2025.

Klimavurdering 2025

Avdeling for næring, plan og innovasjon si daglege drift er ikkje opphav til vesentlege klimagassutslepp, ut over reiseverksemda til tilsette i avdelinga. Avdelinga har likevel aktivitet som er viktig for å kutte klimagassutslepp gjennom å følgje opp ambisiøse regionale planar, tildeling av tilskot og ansvaret for intern miljøleing i eigen organisasjon. Grøn næringsutvikling med mål om eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 er ei av fire satsingar i regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Avdelinga har også ansvar for oppfølging av Regional plan for klima 2022-2035 som set klimaambisjonane for regionen i åra framover. Verkemidlar som avdelinga disponerer i form av tilskot, vedtak og rettleing, i tillegg til den regionale planmynderolla, er viktige for å for å redusere klimagassutslepp, samt redusere klimarisiko og sikre naturmangfaldet i regionen. Vi jobbar med å legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga og at Vestland skal vere ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet.

Utviklingsplanen

Klimaomstilling og -tilpassing er viktige utfordringar som vert handtert i planstrategien. Mål 2 (av 4) seier at klima og miljø skal settast som premiss for samfunnsutviklinga.

Kunnskapsgrunnlaget til revidert planstrategi (2024-2028) er ferdigstilt, og trass i høge ambisjonar om utsleppskutt ligg ikkje Vestland an til å nå måla for klimakutt. Utfordringa er difor å akselerere utsleppsreduksjonen. Uavhengig av om vi lukkast med utsleppsreduksjon dei neste åra eller ikkje, må vi tilpasse oss klimaendringane. Naturkrisa og klimakrisa heng saman, og har arealbruk som ein fellesnemnar. Måten Vestland bruker areal på framover kan anten vere ein del av løysinga for dei globale utfordringane vi står framfor, eller bidra til å forverre dei.

Arbeidet med utforming av planstrategien vil skje i tett dialog med politikarane våre, Statsforvaltar, KS og andre regionale aktørar. Vi skal leggja vekt på å unngå unødvendig klimagassutslepp gjennom å bruke eksisterande møtearenaer, nytta klimavenlege transport og fasilitetar, og digital kommunikasjon i der det er hensiktsmessig.

Regional plan for klima

[Regional plan for klima 2022-2035](#) (klimaplanen) blei vedtatt 2022. Oppfølging av dei 5 overordna plantema med tilhøyrande handlingsprogram og årsplan bidreg til for klimaomstilling i Vestland. Klimaomstilling skal skje på tvers av alle samfunnsområde, og klimaplanen er ein tverrsektoriell plan der oppfølging av tiltak ligg fordelt utover heile organisasjonen i alle avdelingar, innan alle samfunnsområder i vestlandssamfunnet. Dette gjer at oppfølging av klimaplanen skjer gjennom tett dialog og samarbeid med alle avdelingar internt i fylkeskommunen, i tillegg til eksterne aktørar og samarbeidspartar.

Oppfølging av tiltak for utsleppsreduksjon er kopla saman med klimabudsjett som styringsverktøy, for å sikre kopling mellom mål og ambisjonar og finansiering av tiltak. Arbeidet med nytt handlingsprogram frå 2025 blei utsett oppstart på i 2024, grunna rammene til ny utviklingsplan.

Vurdering av naturkonsekvensar av budsjettvedtak

I fylkestinget desember 2023 vart verbalpunkt om å synleggjera naturkonsekvensar av fylkeskommunen sine budsjettvedtak i kommande økonomiplanar vedtatt. Oppfølging av dette vedtaket har stort potensiale for vidareutviklinga gitt tilstrekkeleg ressursar, og kan gjere Vestland til eit føregangsfylke innan dette arbeidet. I 2025 vert det arbeida vidare med korleis fylkeskommunen best mogeleg kan gjennomføre denne type vurderingar i framtidige budsjettvedtak for å få oversikt over eige arealbeslag, naturinngrep og sårbarheit for naturrisiko.

Arealrekneskap

Berekraftig arealbruk og karbonrike naturtypar vert viktig for å nå regionale klimamål. Arealrekneskap er eit verktøy som no vert utvikla for å betre kunnskap. Arealrekneskap er ein oversikt over planlagt arealbruk, faktisk arealbruk og arealressursar. I [arealrekneskapen til Vestland](#) kan vi knyte framtidig utbygging opp mot karbonrike naturtypar som myr og skog. Her får vi også eit estimat på kor mykje klimagassutslepp som kan realiserast dersom planlagt utbygging faktisk blir bygd ut. Dette er eit viktig verktøy for kommunane i Vestland, og kan brukast for å redusere planlagt utbygging under arealplanprosessar. I tillegg gir det betre oversikt over kva karbonrike naturtypar som går tapt ved utbygging.

Klimasamarbeid med kommunane

Kommunane er ein viktig aktør for at regionen skal nå sine klimamål. Gjennom KlimaVestland samarbeidar avdelinga og fylkeskommunen tett med kommunane om klimaomstilling. Vi rettleier, arrangerer nettverksmøter, webinar, konferansar, gir høyringsuttalar og deltek saman i forskingsprosjekt. Dette er ei strategiske satsing i klimaplanen sitt handlingsprogram for perioden. KlimaVestland samarbeider med kommunane om både klimarisiko- og tilpassing, reduksjon i både direkte og forbruksbaserte klimagassutslepp og utslepp frå arealbruk.

Klimaråd Vestland er eit klimasamarbeid med politisk nivå i kommunane. Dette er eit regionalt klimaråd leia av fylkesvaraordførar, der regionrådsleiarar frå heile regionen deltek. Dette er eit samarbeidsråd for å følgje opp regionale og kommunale klimaambisjonar.

Tilskot og samarbeidsavtalar

Avdelinga har fleire tilskotsordningar og samarbeidsavtalar for å bidra til berekraftig nærings- og samfunnsutvikling i regionen. Dette gjeld både tilskot til næringsutvikling, støtte til omstillingsprosessar i verksemdar, ladeinfrastruktur, drift av miljøorganisasjonar og støtte til kommunane i deira arbeide med både by- og stadutvikling og klimaarbeide. I tillegg forvaltar avdelinga eigne tilskot knytt til å følgje opp Plaststrategien, som skal gå til plastrydding og til førebygging av unødig bruk av plast og spreing av plast i Vestland. Tilskotsordningane set tydelege krav til tverrfaglegheit, samarbeid, berekraft og bidrag til klimaomstilling i regionen..

Grøn region Vestland

Prosjektet Grøn region Vestland har gitt god oversikt over dei gode grønne næringsmoglegheitene i fylket. I den oppdaterte rapporten «Vestlandsporteføljen» er det kartlagt meir enn 250 innovasjonsprosjekt og peika ut 16 grønne hubar. Desse har stort potensial for å realisere nye grønne verdikjeder gjennom industriell symbiose. Grøn Region Vestland har dialog med alle dei store punktutsleppkjeldane i Vestland for å redusere barrierar for kutte utslepp.

Ladeinfrastruktur

Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit lade-tilbod i heile fylket.

Fornybar energi

Regional plan for fornybar energi set mål om ambisjonsnivå og utbygging av fornybar energi i Vestland. Planen viser òg korleis vi skal ha ei robust kraftforsyning i fylket. Planen for fornybar energi er eit strategisk verktøy for å styrke produksjonen av fornybar energi i Vestland, styrke utdanning og kompetanseheving innanfor dei grønne energikjeldene og bidra til at Vestland når målet om netto nullutslepp i løpet av planens tidsperspektiv. Oppfølging av planen skal bidra til at Vestland har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Nok fornybar energi og kraftnett er nøkkelen til å redusere fossil energibruk i fylket som står for om lag halvparten av den totale energibruken.

Klimapartnerar Vestland

Klimapartnerne Vestland har no 80 partnerar i fylket og NPI har sekretariatet. Klimapartnerne Vestland jobbar pådrivar frå næringsliv, offentleg sektor og academia i fellesskap for å nå målet om netto nullutslepp. Gjennom å dele grønne løysingar, kunnskap og erfaring inspirerer Klimapartnerne til handling – no. Gode og effektive møteplassar for å dele kunnskap og erfaringar er sentralt saman med verktøy for klimarekneskap.

Akvakultur

Vi arrangerer kvart år miljøseminar der vi samlar folk frå akvakulturnæringa, offentleg verksemd og kunnskapsmiljøa, der vi samlar oss rundt tema som skal medverke til mindre avtrykk og på klima og miljø. Fylkeskommunen har samla akvakulturnæringa, statlege etatar med fleire til eit samhandlingsprosjekt som skal fremme ei akvakulturverksemd som sikrar god verdiskaping samtidig som det skal gje mindre avtrykk på klima, miljø og naturmangfald. Dette i form av ein styrka marin innsats – berekraftig sjømat.

Forregion

Avdelinga arbeider for rett kompetanse for grøn omstilling. FORREGION Vestland har som hovudmål at det skal gjerast meir forskning i næringslivet som bidrar til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling. Satsinga tilbyr bedrifter kompetansemekling og har stønadsordningar. Ein vesentleg del av støtta frå Regionalt forskingsfond Vestlandet går til forskning på innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv og kommunal sektor i Vestland.

Avdelinga nyttar store ressursar på å følgje opp og finansiere klynger og eksterne partnarsskap. Døme på partnarar med klar berekraft- og klimaprofil er dei nasjonale og internasjonale næringsklyngene innan rein skipsfart, akvakultur og marin teknologi.

Klimavenleg landbruk

Avdelinga arbeider med klimatiltak i landbruket. Handlingsplan for landbruk i Vestland har som eit av hovudmåla å legge til rette for at næringa i fylket kan drive på ein meir miljø- og klimavenleg måte og å tilpasse seg framtidige klimautfordringar.

Opplæring og kompetanse

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse	13 677	109 888	111 888	111 888	111 888
Seksjon stab opplæring	14 506	0	0	0	0
Seksjon for inntak, forvaltning og sluttv	29 059	-0	-0	-0	-0
Seksjon for kompetanse	27 275	0	0	0	0
Seksjon for kvalitet i opplæringa	20 163	-0	-0	-0	-0
Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse	980 694	1 252 337	1 245 739	1 247 239	1 240 739
Amalie Skram videregående skole	107 103	114 000	114 000	114 000	114 000
Arna videregående skule	34 044	43 000	43 000	43 000	43 000
Askøy videregående skole	80 139	94 000	94 000	94 000	94 000
Austevoll videregående skule	38 545	39 000	39 000	39 000	39 000
Austrheim videregående skule	37 816	40 000	40 000	40 000	40 000
Bergen Katedralskole	102 784	74 000	74 000	74 000	74 000
Bømlo videregående skule	50 736	56 000	56 000	56 000	56 000
Dale videregående skule	25 034	25 000	25 000	25 000	25 000
Eid videregående skule	42 823	41 000	40 999	40 999	40 999
Firda videregående skule	47 483	49 000	49 000	49 000	49 000
Fitjar videregående skule	26 430	23 000	23 000	23 000	23 000
Flora videregående skule	64 152	72 000	72 000	72 000	72 000
Fusa videregående skule	48 353	47 000	47 000	47 000	47 000
Fyllingsdalen videregående skole	69 624	78 000	78 000	78 000	78 000
Høyanger videregående skule	19 774	21 000	21 001	21 001	21 001

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Knarvik vidaregåande skule	125 610	129 000	129 000	129 000	129 000
Kvam vidaregåande skule	32 270	29 000	29 000	29 000	29 000
Kvinnherad vidaregåande skule	49 690	47 000	47 000	47 000	47 000
Laksevåg og Bergen maritime vidaregåande	59 365	70 000	70 000	70 000	70 000
Langhaugen vidaregåande skole	67 969	71 000	71 000	71 000	71 000
Førde vidaregåande skule	141 993	139 000	139 000	139 000	139 000
Måløy vidaregåande skule	56 056	61 000	60 999	60 999	60 999
Nordahl Grieg vidaregåande skole	131 589	116 000	116 001	116 001	116 001
Odda vidaregåande skule	34 682	35 000	35 000	35 000	35 000
Olsvikåsen vidaregåande skole	65 146	69 000	69 000	69 000	69 000
Os gymnas	17 684	19 000	19 000	19 000	19 000
Os vidaregåande skule	68 736	67 000	67 000	67 000	67 000
Osterøy vidaregåande skule	34 993	35 000	35 000	35 000	35 000
Sandsli vidaregåande skole	61 464	62 000	62 000	62 000	62 000
Slåtthaug vidaregåande skole	65 110	77 000	77 000	77 000	77 000
Sogn jord og hagebruksskule	3 239	0	0	0	0
Sogndal vidaregåande skule	92 853	92 000	92 000	92 000	92 000
Sotra vidaregåande skule	113 636	111 000	111 000	111 000	111 000
Stend vidaregåande skule	123 357	124 000	124 000	124 000	124 000
Stord vidaregåande skule	109 165	115 000	115 000	115 000	115 000
Stryn vidaregåande skule	36 100	37 000	37 000	37 000	37 000
Tertnes vidaregåande skule	49 729	51 000	51 000	51 000	51 000
Voss gymnas	79 686	72 016	72 016	72 016	72 016
Voss vidaregåande skule	74 040	70 000	70 000	70 000	70 000
Årdal vidaregåande skule	24 483	26 000	26 000	26 000	26 000
Årstad vidaregåande skole	127 616	121 000	121 000	121 000	121 000
Åsane vidaregåande skole	135 419	137 000	137 000	137 000	137 000
Nettskolen i Vestland	8 006	8 441	8 441	8 441	8 441
Opplæring innan kriminalomsorga - Åsane	0	0	0	0	0
Produksjonsskolen	14 188	14 912	14 912	14 912	14 912
Fagskolen Vestland	19 113	16 233	16 233	16 233	16 233

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Manger folkehøgskule	274	37	37	37	37
Rettleiingsteneste 1 (Eid/Førde) / nordve	21 185	0	0	0	0
Rettleiingsteneste 2 (Odda/Stord) vestl.	13 690	0	-0	-0	-0
Rettleiingsteneste 3 (Bergensomr. sør)	15 673	0	-0	-0	-0
Rettleiingsteneste 4 (Voss) / indre vestl	16 465	0	0	0	0
Rettleiingsteneste 5 (Bergensomr. nord)	17 433	0	0	0	0
Rettleiingsteneste 6 (Bergensomr. vest)	31 082	0	-0	-0	-0
Sum	4 019 005	4 199 864	4 195 264	4 196 764	4 190 264

Om driftsbudsjettet

"Budsjett 2024 i tabellen over syner opphavleg budsjett fordelt i januar 2024. Budsjettala for 2024 er ikkje samanliknbare med seinare år i tabellen, då ein del av løyvingane t.d. vidaregåande opplæring for vaksne ligg sentralt budsjettet og vert fordelt gjennom året.

Budsjettet for avdeling OPK og rettleiingstenestene vert detaljert når budsjett 2025/økonomiplan 2025–2028 er vedteke.

Budsjett 2025 for dei vidaregåande skulane syner indikativt nivå på økonomisk ramme basert på tal ordinære klassar skuleåret 2024-2025, inkludert særskilt tilrettelagt/tilpassa opplæring. Skulane vil først få fordelt budsjett for 2025 når fylkestinget har vedteke budsjett 2025/økonomiplan 2025–2028."

Omtale av rammeområde

Budsjettprofil

Fylkeskommunen har ansvar for å gje vidaregåande opplæring til ungdom og vaksne. Vidaregåande opplæring er vegen til mange ulike former for kompetanse og bindeleddet mellom 10-årig grunnskule og høgare utdanning og yrkesliv. Dei yrkesfaglege utdanningsprogramma skal difor ruste elevane og lærlingane til å møte arbeidslivet med relevant fag- og yrkeskompetanse. Dei studieførebuande utdanningsprogramma skal legge til rette for at elevane har eit godt grunnlag for å starte på høgare utdanning.

Fylkestinget vedtok i desember 2020 temaplanen «Fornye og forbedre - Auka gjennomføring», mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland 2021-2025. Planen skal vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanperioden.

Planen skal vere eit styringsdokument som skal implementerast i sektoren og i skulane sine utviklingsplanar. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal i sitt arbeid legge temaplanen til grunn i sine prioriteringar for sektoren. Temaplanen har følgjande mål:

- Elevar og lærlingar i Vestland har det beste opplæringstilbodet med høg merksemd på trivsel, motivasjon, læring og meistring i eit inkluderande miljø.
- Eit godt lag utviklar eleven, lærlingen og skulen.
- Vidaregåande opplæring har god samanheng med grunnskule og er heilskapleg, fram til arbeidsliv eller høgare utdanning.
- Vidaregåande opplæring i Vestland er ein viktig utviklingsarena for ungdom, vaksne og arbeids- og samfunnsliv.

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama hausten 2021 tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2021-2025. Handlingsprogrammet skal innehalde konkrete tiltak som sikrar eit likeverdig tilbad i alle delar av fylket. Handlingsprogrammet vert rullert årleg. Rulleringa vert sett i samanheng med innfasing av fullføringsreforma og ny opplæringslov.

Fylkestinget vedtok 1. oktober 2024 Heilskapleg plan for tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane 2025-2035. Denne planen vil leggje føringar for tilbudsstrukturen i Vestland fylkeskommune i både komande og seinare økonomiplanar.

Rammeområde Opplæring og kompetanse

Rammeområde	2024	2025	2026	2027	2028
Avdeling opplæring og kompetanse	104 731	109 888	111 888	111 888	111 888
Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse	3 914 274	4 089 977	4 083 377	4 084 877	4 078 377
Sum	4 019 005	4 199 866	4 195 266	4 196 766	4 190 266

Rammeområde Avdeling opplæring og kompetanse

Løyvinga til avdeling opplæring og kompetanse omfattar drift av sentraladministrative funksjonar i opplærings- og kompetansesektoren.

Avdelinga er organisert med direktør, ein områdeleiar for kvart av dei fire skule- og rettleiingstenesteområda (Vestland Nord, Bergen Nord/Vest, Bergen Sentrum og Vestland Sør) og fire seksjonar (seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering, seksjon for kvalitet i opplæringa, seksjon for kompetanse (inkluderer Karriere Vestland) og seksjon stab.

Endring i budsjetttramma frå 2024 til 2025:

Budsjettet er redusert med 0,5 mill. kr som følgje av overføring frå avdeling opplæring og kompetanse til eigedom for husleige Karriere Vestland.

Rammeområde Tiltak/aktivitet opplæring og kompetanse

	2024	2025	2026	2027	2028
Vidaregåande opplæring i skule inkl. særskilt tilrettelagt opplæring	3 070 919	3 250 663	3 223 950	3 214 950	3 203 950
Opplæring i bedrift	685 670	677 743	707 093	719 093	724 093

Vidaregåande opplæring for voksne	74 866	78 747	78 747	78 7747	78 747
Fagskule	19 113	16 233	7 033	5 533	5 033
Andre føremål opplæring	63 707	66 591	66 554	66 554	66 554
Sum	3 914 274	4 089 977	4 083 377	4 084 877	4 078 377

Vidaregåande opplæring i skule inkludert særskilt tilrettelagt opplæring

	2024	2025
Vidaregåande skular	2 355 731	2 490 296
Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring	418 612	447 469
Landsliner	13 196	13 913
Internat og kantiner	1 980	2 088
Gardsdrift	8 921	9 406
Rettleiingstenester	115 579	120 862
Produksjonsskule	14 143	14 912
Fellesutgifter	142 756	151 717
Sum	3 070 919	3 250 663

Vidaregåande skular

Løyvinga omfattar midlar til drift av pedagogisk verksemd på dei vidaregåande skulane basert på vedteke opplæringstilbod, skulefrukost, miljøkoordinator, sanitetsprodukt, tilskot til toppidrett og nettskule.

Vestland fylkeskommune har ved inngangen til 2025 42 vidaregåande skular.

Skuleåret 2024-2025 vart det teke inn 18 843 elevar (med og utan ungdomsrett) til vidaregåande opplæring. Vg3 fagopplæring i skule, landslinetilbod, utanlandsklassar, kombinasjonsklassar og innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar er ikkje medrekna i dette talet.


Frå hausten 2024 er det oppretta 976,5 klassar. Den økonomiske ramma for skuleåret 2024-2025 er redusert tilsvarende netto om lag 4,5 økonomiske klassar; som konsekvens av prognostisert elevtalsauke (3,5 økonomiske klassar) og vøreffekt av budsjettert innsparing av klassar frå skuleåret

2024-2025 (-8 økonomiske klassar). For skuleåret 2024-25 vart det vedteke, som eit eingongstiltak, å opprette 8 økonomiske klassar tilsvarande ein heilårsverknad på 15,4 mill. kr over den økonomiske ramma, finansiert over sentralt skulefond.

Det er lagt til grunn for budsjett 2025 at den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2025-2026 vert auka med om lag 3 økonomiske klassar. Den økonomiske verknaden av auken i klassetal er for 2025 rekna til om lag 2,7 mill. kr. Klassetalet må også frå hausten 2025 tilpassast reduksjonen på 8 økonomiske klassar som skuleåret 2024-25 vart finansiert over sentralt skulefond. Samla inneber dette ein netto reduksjon i den økonomiske ramma på 5 økonomiske klassar.

Saka om opplæringstilbodet vert lagt fram for hovudutval for opplæring og kompetanse i november 2024, og justert etter søknadsfristen i mars 2025. I samsvar med vedtak i PS-sak 10/2023 til fylkestinget *Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2023/24* har avdelingsdirektøren fullmakt til å omdisponere klassar, la vere å setje i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klassar innanfor vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å bli nødvendig for å gi alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområde stor-Bergen har avdelingsdirektøren utvida fullmakt til også å gjere endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

Vestland fylkeskommune gir opplæring i alle utdanningsprogram. Figuren under syner fordeling av elevane (vg1-vg3) på utdanningsprogram skuleåret 2024-2025:



Skuleåret 2024-2025 byrja 60% av elevane på vg1 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Tabellen under syner tal ordinære klassar skuleåret 2024-2025, tal elevar pr. 15.09.2024 og indikativt nivå på økonomisk ramme basert på klassetalet skuleåret 2024-2025 for dei vidaregåande skulane, inkludert særskilt tilrettelagt/tilpassa opplæring (vg3 fagopplæring i skule, landslinetilbod, utanlandsklassar, kombinasjonsklassar, innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar er ikkje medrekna i grunnlaget). Den økonomiske ramma for skulane, i tabellen under, er henta frå budsjettet

for Vidaregåande skular og Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring. Desse budsjettpostane inneheld i tillegg midlar til m.a. nettskule, særskilte tiltak tilpassa opplæring, særskilt språkopplæring, kombinasjonsklassar, opplæring for minoritetsspråklege elevar og eksterne kjøp tilpassa opplæring. Skulane vil først få tildelt budsjett for 2025 når fylkestinget har vedteke budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028.

Skule	Tal ordinære klassar	Tal elevar pr 15.09.24	Budsjett 2025 tal i tusen kr
Amalie Skram vidaregåande skule	41,0	1018	114 000 000
Arna vidaregåande skule	18,0	284	43 000 000
Askøy vidaregåande skule	36,0	711	94 000 000
Austevoll vidaregåande skule	14,0	209	39 000 000
Austrheim vidaregåande skule	15,0	208	40 000 000
Bergen Katedralskule	23,0	657	74 000 000
Bømlo vidaregåande skule	22,5	380	56 000 000
Dale vidaregåande skule	7,5	158	25 000 000
Eid vidaregåande skule	15,0	291	41 000 000
Firda vidaregåande skule	12,0	265	49 000 000
Fitjar vidaregåande skule	10,0	164	23 000 000
Flora vidaregåande skule	27,0	434	72 000 000
Fusa vidaregåande skule	12,0	261	47 000 000
Fyllingsdalen vidaregåande skule	24,0	562	78 000 000
Førde vidaregåande skule	50,0	961	139 000 000
Høyanger vidaregåande skule	7,0	88	21 000 000
Knarvik vidaregåande skule	37,5	833	129 000 000
Kvam vidaregåande skule	8,5	163	29 000 000
Kvinnherad vidaregåande skule	20,0	360	47 000 000
Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule	32,0	471	70 000 000
Langhaugen vidaregåande skule	21,0	618	71 000 000
Måløy vidaregåande skule	21,0	343	61 000 000
Nordahl Grieg vidaregåande skule	37,0	931	116 000 000
Odda vidaregåande skule	12,5	195	35 000 000
Olsvikåsen vidaregåande skule	22,0	501	69 000 000
Os gymnas	6,0	163	19 000 000
Os vidaregåande skule	26,0	414	67 000 000
Osterøy vidaregåande skule	11,0	185	35 000 000
Sandsli vidaregåande skule	22,5	506	62 000 000
Slåtthaug vidaregåande skule	38,0	562	77 000 000
Sogndal vidaregåande skule	37,5	614	92 000 000
Sotra vidaregåande skule	40,5	728	111 000 000

Stend vidaregåande skule	24,5	552	124 000 000
Stord vidaregåande skule	36,5	693	115 000 000
Stryn vidaregåande skule	14,0	240	37 000 000
Tertnes vidaregåande skule	18,0	501	51 000 000
Voss gymnas	25,5	486	72 000 000
Voss vidaregåande skule	24,0	365	70 000 000
Årdal vidaregåande skule	9,0	155	26 000 000
Årstad vidaregåande skule	44,0	703	121 000 000
Åsane vidaregåande skule	54,0	910	137 000 000
Sum	976,5	18 843	2 798 000 000

Spesialundervisning og særskilt tilrettelagt opplæring

Løyvinga omfattar midlar til tilpassa opplæring, spesialundervisning og ekstra språkopplæring for elevar i eigne vidaregåande skular og private skular, kjøp av spesialundervisning utanfor eigne institusjonar, innføringsgrupper for minoritetsspråklege og kombinasjonsklassar (grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom).

Skuleåret 2024-2025 er det sett i gong 19 innføringsklassar og 11 kombinasjonsklassar for minoritetsspråklege elevar.

Landslinjer

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt og statleg tilskot til landslinjetilboda:

Skule	Tilbod
Odda vidaregåande skule	Smed (vg2)
Os vidaregåande skule	Anleggsmaskinmekanikar (vg3) Anleggsteknikk (vg2) Yrkessjåfør (vg3)
Stryn vidaregåande skule	Skiskyting (vg1, vg2, vg3)
Sogndal vidaregåande skule	Yrkessjåfør (vg3)
Sogn jord- og hagebruksskule	Økologisk landbruk (vg2, vg3)

Internat

Fylkeskommunen driv internat ved Førde og Voss vidaregåande skular og ved Sogn Jord- og Hagebruksskule. Løyvinga omfattar fylkeskommunalt tilskot til internat på Voss vidaregåande skule.

Gardsdrift

Løyvinga omfattar gardsdrift ved Førde, Voss og Stend vidaregåande skular.

Rettleiingsteneste

Rettleiingstenesta skal gi elevar, lærlingar, lære kandidat, ungdom og vaksne tilgang til aktuelle fagtenester i sine læringsmiljø. Tenesta omfattar pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), oppfølgingstenesta (OT), oppfølging av lærlingar, lære kandidat og lærebedrifter og rettleiing i vidaregåande opplæring for vaksne. Rettleiingstenesta skal samarbeide med skular, arbeidsliv, offentlege instansar, opplæringskontor og lærebedrifter.

Det er i 2025 budsjettert med om lag 2,5 mill. kr til psykologteam, som skal yte tenester til elevane på dei vidaregåande skulane, lærlingar og opplæringskontor. Psykologteamet arbeider i hovudsak individretta, men også noko systemretta.

Produksjonsskule

Produksjonsskulen gjev alternative tilbod til ungdom med rett som ikkje er i eit opplæringsløp.

Budsjettet for produksjonsskulen er vidareført på same nivå som i 2024. Det er lagt til grunn at drifta ved avdeling Hardanger vert vidareført og at drifta ut over fylkeskommunale midlar vert finansiert over statlege tilskotsmidlar til kvalifisering og formidling til læreplassar i vidaregåande opplæring (fullføringsmidlar). Dette er i samsvar med handlingsplanen for fornye og forbetre.

Fellesutgifter

Løyvinga omfattar midlar til omstilling, system- og informasjonskostnader, fellesutgifter, rekruttering og kompetanseutvikling og gjesteelevoppgjer.

Endring i budsjetttramma frå 2024 til 2025:

- Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet er for 2025 auka med netto 1,6 mill. som konsekvens av prognostisert elevtalsauke (6,8 mill. kr) og vøreffekt av budsjettert innsparing av klassar frå skuleåret 2024-2025 (-8,4 mill. kr). For skuleåret 2024-25 er det vedteke, som eit eingongstiltak, å opprette klassar tilsvarande ein heilårsverknad på 15,4 mill. kr over den økonomiske ramma, finansiert over sentralt skulefond.
- Budsjettet for vidaregåande skular er redusert med 2,2 mill. kr som generelt nedtrekk vgs/ redusert tilbodsstruktur.
- Budsjettet for skulepsykologar er frå 2025 redusert med 4 mill. kr. Dette er ei vidareføring og opptrapping av eingongstiltaket i 2024 om tilsettingsstopp i vakante stillingar .
- Budsjettet vart i 2024 redusert med 3,4 mill. kr til plan/drift. Budsjettet er frå 2025 løyvd opp att med 2,3 mill. kr slik at det varige nedtrekket frå 2025 er på 1,1 mill. kr.

- Løyvinga til opplæring for minoritetsspråklege er frå 2025 auka med 6,1 mill. kr årleg som følgje av flyktningssituasjonen.
- Løyvinga til elevpc-ordninga er frå 2025 auka med 1,2 mill. kr som følgje av forventta prisauke på maskiner.
- Budsjettet er frå 2025 auka med 8 mill. kr til mobiltelefongodtgjersle til tilsette med beredskapsfunksjon.

Opplæring i bedrift

	2024	2025
Opplæring i bedrift	614 806	603 044
Fagprøvar	70 864	74 699
Sum	685 670	677 743

Opplæring i bedrift

Løyvinga omfattar midlar til tilskot til lærebedrifter, opplæringstilbod til dei som ikkje er formidla til læreplass (tidlegare «vg3 fagopplæring i skule»), instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lære kandidatlar og tilpassa opplæring i bedrift.

Det er lagt til grunn finansiering av tilskot til lærebedrifter for lærlingar i ordninga «fagbrev på jobb» og delfinansiering av tilskot til lærebedrifter for lærlingar med fleire fagbrev (yrkesfagleg rekvalifisering) over statlege tilskotsmidlar. Vidare er det lagt til grunn delfinansiering over statlege midlar av opplæringstilbod til dei som ikkje er formidla til læreplass (tidlegare «vg3 fagopplæring i skule»).

Fagprøvar

Løyvinga omfattar midlar til opplæring av prøvenemnder, fag- og sveineprøvar og kompetanseprøvar.

Endring i budsjetttramma frå 2024 til 2025:

- Budsjettet for tilskot til lærebedrifter er redusert med netto 30,3 mill. kr som følgje av vedteken auke (i førre økonomiplan) i tilskotet knytt til elevtalsutviklinga (6,0 mill. kr), delfinansiering over statlege restmidlar øyremerkta yrkesfagleg rekvalifisering (-11,3 mill. kr), gradvis innføring av auka rammetilskot yrkesfagleg rekvalifisering (-20 mill. kr) og reduksjon tilskot til lærebedrifter (-5 mill. kr).

- Løyvinga til vg3 fagopplæring i skule er redusert med 6,050 mill. kr som følgje av delfinansiering av tilbodet over statlege restmidlar øyremerkta tiltak for lærlingar.
- Budsjettet for fagprøvar er auka med 1 mill. kr knytt til elevtalsutviklinga, som følgje av vedtak førre økonomiplan.

Vidaregåande opplæring for vaksne

	2024	2025
Vidaregåande opplæring for vaksne	74 866	78 747
Sum	74 866	78 747

Løyvinga omfattar midlar til vidaregåande opplæring for vaksne.

Vidaregåande opplæring for vaksne kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Det er ei målsetting å bidra til å møte behovet for arbeidskraft og kompetanse i regionen.

Opplæringa er lagt til vidaregåande skular. Omfanget av fagtilbod og tal klassar/deltakarar varierer mellom skulane, frå ein klasse til fleire hundre deltakarar. Frå skuleåret 2024-2025 er læreplanar i 13 lærefag delt inn i modular for å passe betre til opplæring for vaksne. Opplæringa skal bygge på kompetansen den einskilde vaksne har.

Endring i budsjettramma frå 2024 til 2025:

Budsjettramma er vidareført på same nivå som i 2024.

Fagskule

	2024	2025
Fagskule	19 113	16 233
Sum	19 113	16 233

Løyvinga omfattar fylkeskommunalt tilskot til eigen fagskule. I tillegg kjem statleg tilskot til eigen og eksterne fagskular.

Fagskular tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning (tidlegare «fagskuleutdanning»). Dette er utdanning på nivået over vidaregåande opplæring eller tilsvarande realkompetanse og som har eit omfang tilsvarande minimum eit halvt studieår og maksimum to studieår. Høgare yrkesfagleg utdanning skal sikre naudsynt kompetanseheving lokalt, regionalt og nasjonalt.

Vestland fylkeskommune er eigar av Fagskulen Vestland, medan styret for Fagskulen Vestland er øvste styringsorgan. Fagskulestyret har fullmakt og mynde innanfor den årlege økonomiske ramma.

Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK-dir) fordeler driftstilskot, grunntilskot og resultatbasert tilskot, til fylkeskommunane. Det resultatbaserte tilskotet for 2025 er justert etter tal produserte studiepoeng i 2023.

I framlegget til statsbudsjett for 2025 er samla budsjetttramme til fagskuleutdanning i Vestland 221,725 mill. kr. I tillegg kjem øyremerka tilskot som vert fordelt gjennom ordninga Industrifagskulen og tilskot til 900 nye studieplassar som skal fordelast mellom fylkeskommunane i ein eigen prosess.

Fylkeskommunen fordeler den statlege tilskotsramma til eigen og eksterne fagskular.

I tillegg til statstilskotet gjev fylkeskommunen tilskot til drift av eigen fagskule.

I 2025 er det budsjettert med 16,233 mill.kr i fylkeskommunalt driftstilskot til Fagskulen Vestland. Tilskotet inkluderer 3,6 mill. kr som oppfølging av vedtak i PS-sak 81/2024 i fylkestinget.

Tilskot til eksterne fagskular

I framlegget til statsbudsjett er 7,774 mill. kr av tilskotet til Vestland fylkeskommune øyremerka Kunstskolen i Bergen. Fylkesdirektøren vil fordele det statlege tilskotet til eksterne fagskular når grunnlaget for dette er klart.

Endring i budsjetttramma frå 2024 til 2025:

- Tilskotet til Fagskulen Vestland er redusert med netto 3,9 mill. kr som følgje av redusert fylkeskommunalt tilskot (-7,5 mill. kr) og tilskot vedteke i PS-sak 81/2024 til fylkestinget (3,6 mill. kr).

Andre føremål opplæring

	2024	2025
Opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar	47 745	50 095
Privatisteksamen	-10 846	-11 380
Opplæring i kriminalomsorga	-	-
Manger Folkehøgskule	274	37
Andre løyvingar	26 533	27 239
Sum	63 707	65 991

Løyvinga omfattar midlar til opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar, grunnskuleopplæring for barn og ungdom som bur i institusjon, privatisteksamen, fylkeskommunalt driftstilskot til Manger folkehøgskule, Elevorganisasjonen og «PitStop».

Opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar

Løyvinga omfattar driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale- og medisinske institusjonar.

Privatisteksamen

Løyvinga omfattar midlar til gjennomføring av privatisteksamen.

Opplæring i kriminalomsorga

I Vestland fylkeskommune har Sogndal og Åsane vidaregåande skular fått delegert ansvar for opplæring i kriminalomsorga. Tilboda er statleg finansierte.

Manger folkehøgskule

Vestland fylkeskommune eig og driv Manger folkehøgskule. Skulen har om lag 60 elevplassar og sju ulike musikktilbod. I samsvar med vedtak i PS-sak 149/20 til fylkestinget «Eigarskap til Manger folkehøgskule» er det lagt til grunn at tilskotet til Manger folkehøgskule vert fasa ut over ein periode på 4 år, frå 2021. Skuledrifta er i all hovudsak finansiert med statleg tilskot og elevbetaling. Det er i 2025 budsjettet med eit driftstilskot på 0,037 mill. kr.

Andre løyvingar

Løyvinga omfattar budsjett for grunnskuleopplæring til barn og ungdom som bur i institusjon, jf. opplæringslova §28-3, og diverse tilskot m.a. til Elevorganisasjonen, og PitStop.

Endring i budsjetttramma frå 2024 til 2025:

- Budsjettet til Manger folkehøgskule er redusert med 0,25 mill. kr som følge av utfasing av det fylkeskommunale driftstilskotet i samsvar med PS-sak 149/20 til fylkestinget.

Endring frå 2024-2025

Økonomiplanen for 2024-2027 vart saldert med eit uspesifisert nedtrekk på 47,15 mill.kr. Det uspesifiserte nedtrekket inngår som ein del av den samla salderingsutfordringa i økonomiplan 2025–2028.

Nye behov/tiltak i 2025 er 20,8 mill.kr.

Sektoren fekk i arbeidsdokument 2/24 auka den økonomiske ramma med 10,5 mill. kr.

Netto salderingsbehov i 2025 vert med dette 57,45 mill.kr. Sjå rammeoversikt.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Opplæring og kompetanse

Inntekt/utgift	Beløp i 1000 kr				
	Opphavelg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Netto finansutgifter	1	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-5 582	-5 582	-5 582	-5 582	-5 582
Sum driftsinntekter	-635 264	-487 743	-487 743	-487 743	-487 743
Sum driftsutgifter	4 659 851	4 693 190	4 688 590	4 690 090	4 683 590
Totalsum	4 019 005	4 199 864	4 195 264	4 196 764	4 190 264

Rammeoversikt

Beskriving tiltak	Beløp i 1000			
	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	4 019 005	4 019 005	4 019 005	4 019 005
Sum Tekniske justeringer	-1	-1	-1	-1
Sum Vedtak forrige periode	-37 700	-40 700	-37 700	-37 700
Sum Lønns- og prisvekst	208 061	208 061	208 061	208 061
Konsekvensjusteringer	170 359	167 359	170 359	170 359
Konsekvensjustert ramme	4 189 364	4 186 364	4 189 364	4 189 364
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon uspesifisert nedtrekk forrige økonomiplan	47 150	73 850	85 050	85 050
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	47 150	73 850	85 050	85 050
Innsparingstiltak				

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Endring i behov tilskot til lærebedrifter grunna innfasing av auka ramme yrkesfagleg rekvalifisering	-20 000	-15 000	-10 000	-5 000
Generelt nedtrekk vgs/sak om heilskapleg tilbodsstruktur	-2 200	-33 313	-49 913	-62 513
Ikkje effektuere tidlegare innlagt tiltak om auke i undervisningsutstyr	0	-20 000	-20 000	-20 000
Innsparing tilskot til lærebedrifter (yrkesfagleg rekvalifisering)	-11 300	0	0	0
Innsparing vg3 fagopplæring i skule	-6 050	0	0	0
Overføring frå OPK - teknisk justering	-500	-500	-500	-500
Reduksjon skulepsykologar RLT	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Reduksjon tilskot til lærebedrifter	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Vårverknad innsparing klassar skuleåret 24-25	-8 400	-8 400	-8 400	-8 400
Sum Innsparingstiltak	-57 450	-86 213	-97 813	-105 413
Nye tiltak				
ElevPC-ordninga	1 200	1 200	1 200	1 200
Konsekvensar for opplæringstilbodet av prognostisert elevtalsauke og oppdatering av kostnadstal	1 900	4 000	4 400	6 000
Manger folkehøgskule	0	-37	-37	-37
Mobiltelefongodtgjersle-tilsette med beredskapsfunksjon	8 000	8 000	8 000	8 000
Opplæring for minoritetsspråklege	6 100	6 100	6 100	6 100
Styrking av Fagskulen i Vestland. Sak fylkestinget juni 2024	3 600	2 000	500	0
Sum Nye tiltak	20 800	21 263	20 163	21 263
Nye tiltak og realendringer	10 500	8 900	7 400	900
Ramme 2025–2028	4 199 864	4 195 264	4 196 764	4 190 264

Ønska tiltak

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Særsilt språkopplæring	10 000	10 000	10 000	10 000
Sum	10 000	10 000	10 000	10 000

Beløp i 1000

Nye tiltak

Særskilt språkopplæring

Det er behov for å styrke språkopplæringa for minoritetsspråklege for å lukkast med integrering og fullføring av vidaregåande opplæring for denne elevgruppa. Førebelse analysar tyder på at det vil vere behov for å auke den økonomiske ramma til føremålet i storleiksorden 20-30 mill. kr. Viser her også til PS-sak 19/2023 i hovudutval for opplæring og kompetanse. Avdelingsdirektøren ser ikkje føre seg at eventuell styrking til føremålet kan finansierast innanfor den økonomiske sektorramma.

Økonomiplan 2025–2028

Tabellane under syner utviklinga av den økonomiske ramma i økonomiplanperioden og tiltak (nye behov og innsparingstiltak) for å tilpasse seg den økonomiske ramma i økonomiplanperioden:

	2025	2026	2027	2028
Økonomisk ramme 2024	r	4 019 005	4 019 005	4 019 005
Løns- og prisvekst	208 061	208 061	208 061	208 061
Konsekvensar øk plan 24-27	-37 700	-40 700	-37 700	-37 700
Rammeauke	10 500	8 900	7 400	900
Økonomisk ramme 2025–2028	4 199 866	4 195 266	4 196 766	4 190 266

Tilpassing til den økonomiske ramma	2025	2026	2027	2028
Spesifiserte tiltak øk plan 2024-2027, verknad frå 2025:				
Manger folkehøgskule	-250	-250	-250	-250
Redusert fylkeskommunalt tilskot fagskulen	-7 500	-15 100	-15 100	-15 100
Skulepsykologar	3 000	3 000	3 000	3 000
Konsekvensar for opplæringstilbodet av prognostisert elevtalsauke	4 900	7 200	14 400	14 400
Auke fagprøvar	1 000	2 000	3 000	3 000
Auka tilskot lærebedrifter	6 000	12 000	18 000	18 000

Undervisningsutstyr		20000	20000	20000
Vedtak FT: kurs/reiser		2 000	2 000	2 000
Vedtak FT: plan/drift	2 300	2 300	2 300	2 300
Sum spesifiserte tiltak øk plan 2024-2027	9 450	33 150	47 350	47 350
Nye behov prioritet 1 øk plan 2025–2028, adok 2-24:				
Konsekvensar for opplæringstilbodet av prognostisert elvtalsuake og oppdatering av kostnadstal	1 900	4 000	4 400	6 000
Opplæring for minoritetsspråklege	6 100	6 100	6 100	6 100
ElevPC-ordninga	1 200	1 200	1 200	1 200
Mobiltelefongodtgjersle tilsette med beredskapsfunksjon	8 000	8 000	8 000	8 000
Styrking Fagskulen Vestland, sak fylkestinget juni 2024	3 600	2 000	500	-
Sum nye behov øk plan 2025–2028	20 800	21 300	20 200	21 300
Spesifikasjon uspesifisert nedtrekk forrige øk plan og nye innsparingstiltak øk plan 2025–2028, adok 2-24:				
Ikkje effektuere tidlegare innlagte tiltak om auke i undervisningsutstyr		-20000	-20000	-20000
Våreffekt innsparing klassar 2024-2025	-8 400	-8 400	-8 400	-8 400
Reduksjon i skulepsykologar RLT	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
Innsparing tilskot til lærebedrifter (yrkesfagleg rekvalifisering)	-11 300	-	-	-
Endring i behov tilskot til lærebedrifter grunna innfasing av auka ramme yrkesfagleg rekvalifisering	-20 000	-15 000	-10 000	-5 000
Reduksjon tilskot til lærebedrifter	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Innsparing vg3 fagopplæring i skule	-6 050			

Generelt nedtrekk vgs/sak om heilskapleg tilbodsstruktur	-2 200	-33 313	-49 913	-62 513
Overføring frå OPK - teknisk justering	-500	-500	-500	-500
Sum spesifiserte og nye innsparingstiltak øk plan 2025–2028 adok 2-24	-57 450	-86 213	-97 813	-105 413
Sum tiltak for tilpassing til økonomisk ramme 2025	-27 200	-31 763	-30 263	-36 763

Innsparingsutfordringane i første del av økonomiplanperioden vert i stor grad løyst ved å nytte øyremerkta statlege tilskotsmidlar og delar av rammeauke knytt til lovendringar i ny opplæringslov, medan salderinga utover i perioden vert knytt til generelt nedtrekk på dei vidaregåande skulane og effektar av fylkestinget sitt vedtak i sak om heilskapleg tilbodsstruktur.

Generelt nedtrekk vidaregåande skular/sak om heilskapleg tilbodsstruktur

I 2025 er det lagt til grunn eit generelt nedtrekk for dei vidaregåande skulane på 2,2 mill. kr. Summen aukar i perioden til 62,5 mill. kr i 2028. Fylkesdirektøren legg til grunn at ein i planperioden må sjå effektane av fylkestinget sitt vedtak i sak om heilskapleg tilbodsstruktur og generelt nedtrekk ved dei vidaregåande skulane i samanheng, jf. avsnittet nedanfor.

Heilskapleg plan for tilbodsstruktur

Etter fylkesdirektøren si vurdering vil det ikkje vere forsvarleg å løyse salderingsutfordringane i økonomiplanperioden ved generelt nedtrekk på skulane. Vurderinga er at dette må løysast ved at opplæringstilbodet vert redusert.

Dersom vi legg til grunn fylkestinget sitt vedtak i saka om Heilskapleg plan for tilbodsstruktur (PS-sak 102/2024), samanlikna med igangsett tilbod skuleåret 2024-25, kan det stipulerast ei innsparing på om lag 7,3 mill. kr i 2025 (hausteffekt), aukande til 22,8 mill. kr i 2026, 34,2 mill. kr i 2027 og 42,6 mill. kr i 2028.

Tilpassing til den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2025-26

Hovudutval for opplæring og kompetanse vedtok i PS-sak 25/2024 «Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2024/2025» å sette i gang tilsvarande 8 økonomiske klassar ut over den økonomiske ramma for opplæringstilbodet, finansiert over sentralt skulefond. I gjeldande økonomiplan er det frå hausten 2025 budsjetttert med ein auke i den økonomiske ramma for opplæringstilbodet tilsvarande 3 økonomiske klassar jf. stipulert auke i elevtal. Samla sett inneber dette ein netto reduksjon på 5 økonomiske klassar, samanlikna med igangsett opplæringstilbod skuleåret 2024-25, for å tilpasse seg den økonomiske ramma for opplæringstilbodet frå skuleåret 2025-26;

Tilpassing til den økonomiske ramma for opplæringstilbudet for skuleåret 2025-26	Endring tal øk. klassar
Reduksjon klassar som inneverande skuleår er finansiert utanom budsjettet for opplæringstilbudet (fellesfond)	-8
Auke i den økonomiske ramma tilsvarande 3 økonomiske klassar frå hausten 2025	3
Netto endring for tilpassing til økonomisk ramme skuleåret 2025-26	-5

Auka eigenbetaling elevPC

Eigenbetaling for elevar som kjøper grunnmodellen som vert tilbydd i elevPC-ordninga er kr 2 000. Sum eigenbetaling har vore uendra sidan 2020. Fylkeskommunane har høve til å krevje eigenbetaling inntil tre gonger lågaste stipendsats i Lånekassen. I 2024 er lågaste stipendsats kr 1 359,- pr år, samla kr 4 077. Ut frå tal kjøpte grunnmodellar i 2023 vil ein auke i eigenbetaling med kr 1 000 pr elev gi ei innsparing på om lag 2,1 mill. kr.

Fullføringsreforma og ny opplæringslov

Det er knytt uvisse til korleis fullføringsreforma og utvida rettar i ny opplæringslov vil påverke omfanget av lovfesta tenesteproduksjon i åra framover. Samstundes er det uvisse knytt til på kva nivå fylkeskommunen vil bli kompensert for dette i rammetilskotet.

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs	50 000	52 500
Konsulenttenester	2 500	2 600
Administrasjonsutgifter	40 000	50 000
Ordinære driftsutgifter	1 120 600	1 146 600
Lønsutgifter og -refusjonar	3 197 018	3 359 500
Ordinære inntekter	-391 113	-411 334
Andre utgifter og inntekter		
SUM	4 019 005	4 199 866

Kort omtale av dei ulike artsgruppene

Fordelinga på artsnivå er berekna ut frå rekneskap, årsprognose og budsjett i 2024, samt justert for kjende endringar i føresetnader.

Reise og kurs: artane omfattar kostnader relatert til reiser og kurs. Inkludert i dette er kurs for elevar, m.a. sikkerheitskurs som ein del av undervisninga. Reise og kurs omfattar også reiser og kurs for prøvenemnder.

Konsulenttenester: kjøp av opplæringstenester ved Fagskulen Vestland er ikkje rekna med i summen for konsulenttenester.

Ordinære driftsutgifter: arten omfattar m.a. tilskot til lærebedrifter og kjøp av opplæringstenester frå andre. Det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen Vestland og til Manger folkehøgskule er rekna som tilskot og inngår i arten ordinære driftsutgifter.

Lønsutgifter- og refusjonar: artane omfattar lønsutgifter til eigne tilsette. I tillegg kjem honorar m.a. til prøvenemnder.

Ordinære inntekter: arten omfattar m.a. statleg tilskot til fagskuleutdanning og sal av opplæringstenester.

Klimavurdering 2025

Opplæringssektoren sitt klimaavtrykk kjem i hovudsak frå bygg og infrastruktur, forbruksmateriell og utstyr. Sterkare klima- og miljøkrav kan redusera klimafotavtrykket frå desse to punkta. Auka bruk av miljømerka produkt og sirkulær økonomi kan få ned utslepp frå forbruksmateriell. Auka bruk av nullutsleppsteknologi kan redusere klimagassutsleppa frå fossile drivstoff og bidra til nullutsleppsmålet i Vestland. Overgang til nullutsleppsteknologi vil krevje investeringar i nytt materiell.

Klimagassutslepp frå transport i opplæringstenesta

Transport med eigne køyretøy gjeld både persontransport, båt, tyngre køyretøy og anleggsmaskiner. Rapportert klimagassutslepp frå bruk av fossile køyretøy knytt til opplæringssektoren (skular og rettleiingstenesta) var 1009,2 tonn CO² i 2023. Utsleppet frå båtar nytta i opplæring utgjorde 35 % av dette.

358 av dei 497 køyretøya som VLFK disponerte i 2023 (eigde og ved leasing) er knytt til opplærings- og kompetansesektoren, i skular og rettleiingstenesta. Dette gjeld både fossile og elektriske køyretøy, båtar og anleggsmaskiner.

Tiltak for å bidra til reduserte klimagassutslepp frå tenesta

Det er lagt til grunn i budsjettet at auka bruk av digitale møteplassar og andre former for digitale verktøy fører til redusert reiseverksemd både for skulane, rettleiingstenestene og for tilsette i avdeling for opplæring og kompetanse.

Skuleruta og skuleskyss er samordna med kommunane i fylket, noko som bidreg positivt i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå kollektivtransport.

Miljøfyrtårnsertifisering er ei forplikting til å jobbe systematisk med å redusere klimagassutslepp og negativ påverknad på det ytre miljøet. Vestland fylkeskommune jobbar med å miljøsertifisere alle einingar, og til no er 20 av dei vidaregåande skulane Miljøfyrtårn. Skulane jobbar i samband med dette med tiltak innan fleire område som transport, innkjøp, elevmedverknad, mat og avfall.

- Innan transport gjeld tiltaka i stor grad å fase ut fossile køyretøy der det er mogleg og leggje til rette for sykkel som transportmiddel til og frå skulen
- Skulane jobbar mellom anna med å leggje til rette for god kjeldesortering, reduksjon av matsvinn og meir berekraftig mattilbod, fase ut eingongsartiklar i plast og trygg kjemikaliehandtering.
- Berekraftig utvikling er vidare løfta fram som eit av tre tverrfaglege tema som er styrka i dei nye læreplanane og er eit prioritert tema i læreplanverket, overordna del. Opplæringa i dette temaet skal i tråd med formålsparagrafen bidra til at elevane lærer å tenke kritisk og handle etisk og miljøbevisst.
- Vidaregåande skular bruker elektrisitet til utstyr, belysning, oppvarming, varmepumper m.m. I 2023 vart det opna nye solcelleanlegg på Askøy og Førde vgs. I tillegg har det sidan 2018 blitt oppført solcelleanlegg på Arna vgs, Åsane vgs, Sogndal vgs, avdeling Kaupanger/ViteMeir og Sogn Jord- og Hagebruksskule.

For nærare vurdering av klimaeffektar og energibruk knytt til bygg viser vi til omtale under Eigedom.

Kultur og folkehelse

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Stab	8 454	8 504	8 464	8 464	8 464
Arkiv	9 792	11 823	11 767	11 767	11 767
Bibliotek og kulturformidling	33 510	34 225	34 065	34 065	34 065
Kulturarv	122 770	126 816	126 223	126 223	126 223
Kulturutvikling	125 757	127 885	127 286	127 286	127 286
Fysisk aktivitet og inkludering	80 568	82 566	82 180	82 180	82 180
Sum	380 850	391 818	389 985	389 985	389 985

Omtale av rammeområde

Arkiv

	2024	2025
Adm. arkiv	9 139	11 847
Digital infrastruktur	653	653
Netto driftsutgifter	9 792	12 115
Sum driftsinntekter (fond)	0	-900
Netto driftsutgifter	9 792	11 823

Verksemnda i dag

Vestland fylkeskommune har ansvar for at arkiva vert tekne vare på og formidla som del av den samla samfunnsdokumentasjonen. I tillegg til fylkeskommunale arkiv gjeld dette private og offentlege arkiv, foto, tradisjonsmusikk, stadnamn og audiovisuelt kjeldemateriale. I tillegg kjem munnlege og skriftlege kjelder.

Det vert arbeidd med å styrke og bygge ut samarbeidet med frivillig sektor, kommunar, bevaringsinstitusjonar og andre lokale aktørar.

Utfordringar og strategiar

Så lenge arkiva er fysiske, og brukarene er fordelt over eit stort geografisk område, er det nødvendig med utstrekkt reising for å levere gode tenester med innhenting av arkiv, og rettleiing og formidling. Reiseaktiviteten kombinert med gode dataverktøy for registrering, digitalisering og formidling er avgjerande for verksemnda.

I 2025 kjem ei ekstrautfordring knytt til oppfølging av Arkivverkets tilsyn med Hordaland fylkeskommune i 2018. Denne er forankra i fylkestinget sit vedtak i juni, PS 74/2024. Det er sett av 1,9 mill. kr i budsjettet til dette arbeidet.

Fysisk aktivitet og inkludering

	2024	2025
Administrasjon Fysisk aktivitet og inkludering	18 071	19 316
Folkehelse	5 622	5 600

Nasjonale folkehelseprogram (statleg ordning)	11 662	11 662
Kultur og helse	5 142	5 100
Tilskot spelemidlar	236 906	236 906
Tilskot til friluftsarbeid	14 723	15 400
Tilskot til friluftsliv (statlege ordningar)	6 500	6 500
Tilskot til idrettsarbeid	20 232	20 600
Tilskot til inkludering og mangfald	7 578	7 150
Tilskot til Jobbsjansen del B	9 800	10 000
Sum brutto driftsutgifter	336 236	338 234
Sum brutto driftsinntekter	-255 668	-255 668
Sum netto driftsutgifter	80 568	82 566

Friluftsliv

Friluftsliv er ei viktig kjelde til folkehelse, naturopplevingar, rekreasjon og meistringsglede. Fylkeskommunen arbeider for at fleire skal få delta i friluftslivet, til dømes gjennom tilrettelegging av område for fysisk aktivitet i parkar, grøntområde, ved sjøen og i fjellet.

Fysisk aktivitet

Vestland fylkeskommune jobbar for at alle i fylket skal ha moglegheit til å vere fysisk aktive kvar dag.

Folkehelse

I Vestland fylkeskommune er folkehelsearbeid ei høgt prioritert satsing i alle fagavdelingar. Fylkeskommunen sin innsats skal bidra til fleire leveår og betre levkår for befolkninga, til å jamne ut sosiale helseskilnader, motverke utanforskap og til å skape eit samfunn som er tilgjengeleg for alle .

Idrett

Fylkeskommunen er ein regional utviklingsaktør, og gjennom spelemiddelordninga er fylkeskommunen saman med kommunane, idrettslaga og andre organisasjonar ein viktig aktør for utvikling av nye idrettsanlegg, idrettsaktivitetar og frivilligheita ute i kommunane.

Integrering og inkludering

God inkludering er ein føresetnad for å skape gode lokalsamfunn i fylket vårt. Lokalsamfunna skal vere ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland, og vere inkluderande og sosialt berekraftige.

Integrerings- og inkluderingsarbeid krev godt samarbeid mellom kommunar, fylkeskommunen, frivilligheita og regionale mynde.

Utfordringar og strategiar

Mange av organisasjonane søker om auka driftsstøtte i 2025 pga. utfordringar knytt til auka utgifter til m.a. lønn, straum, materiale og drivstoff. Som ein konsekvens av endringar i retningslinene for driftstilskot til aktørar innan kultur og folkehelse frå 2025 er det søknadar frå 14 nye organisasjonar innan folkehelse, inkludering og mangfald. Fylkesdirektøren foreslår å indeksjustere driftstilskota i 2025 med inntil 2%.

Friluftsliv

I 2025 er Friluftslivets år. Målet er å auke den varige friluftslivsdeltakinga hjå dei som i dag ikkje deltek i friluftsliv, eller som deltek mindre enn dei sjølve ynskjer. Fokus skal vere på inkludering og mangfald både gjennom auka aktivitet, organisasjonssamarbeid og kunnskapsutvikling. VLFK tek ei koordinerande rolle for markeringa i Vestland for å arrangere felles møteplassar, drive kompetanseheving og understøtte tiltak i heile Vestland.

Sogn Friluftsråd vart etablert i 2024 med 6 medlemskommunar. Dei søker og om deltaking i Vestkystparken frå 2025.

Frilager er utstyrsordning der organisasjonar og skular kostnadsfritt skal kunne låne utstyr til større og mindre aktivitetsarrangement. Det er slike ordningar i kommunane Bergen, Askøy, Øygarden, Alver og Bjørnafjorden. I tillegg er Voss, Samnanger, Kvam og Osterøy aktuelle. Utstyrseigarar er Bergen Røde Kors, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Krins av Norges speiderforbund og Bergen og Hordaland Turlag, men utstyret vert lånt ut gratis til allmenta. Rogaland fylkeskommune støttar Frilager.

Folkehelse

Handlingsplan for folkehelse skal rullerast i 2025, og tiltak knytt til inkludering, klima, natur og sosial bustadpolitikk bli inkludert. Oppfølging av tilrådingane i kunnskapsgrunnlaga knytt til førebygging av sjølv mord og universell utforming er godt i gang, og det kan kome meir behov som konsekvens av dette arbeidet. Fylkesdirektør tilrår at tiltak vert dekkja innafor kvart avdelingsbudsjett.

Den neste folkehelseundersøkinga er planlagt gjennomført i 2026, og i 2025 vert det sett av ressursar til førebuing av undersøkinga.

Idrettsarbeid

Idrettslag, særforbund og skyttarlag kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap. Retningslinene bør reviderast for betre å dekke dei behova som er m.a. i høve til større kostnadskrevjande arrangement som ikkje er eit meisterskap. Det er starta eit arbeid med å utvikle ein regional arrangementsstrategi m.a. for å tydeleggjere kva arrangement

fylkeskommunen skal bidra til og på kva nivå. Fleire aktørar i Vestland er tildelt nasjonale og internasjonale idrettsarrangement i 2025 og i åra framover.

Fylkesdirektør foreslår å auke driftstilskotet til Vestland idrettskrets øyremerka tiltak innan integrering/mangfald og sosial utjamning.

Vestland fylkeskommune har saman med Vestland E-sport og Aktive Gamere, søkt Kultur- og likestillingsdepartementet støtte til eit nasjonalt kompetansesenter for dataspel og e-sport. Staten stiller krav om regionalt bidrag.

Inkludering og mangfald

Fylkestinget vedtok i PS 57/2023 ulike tiltak for å betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane sin situasjon i Vestland. Det vart løyvd kr 1,5 mill. kr i ei eingongsløyving. I desember 2023 løyvde fylkestinget ei eingongsløyving til tannhelsehjelp til papirlause (Stiftinga Kirkens Bymisjon) på kr 400 000.

I lys av dei store ankomstala av flyktningar og mange busette i kommunane er det trong for å auke rammene for inkluderings- og integreringsfremjande tiltak.

Kulturarv

	2024	2025
Adm. Kulturarv	29 287	31 376
Arkeologisk registrering	10 707	11 043
Vern av kulturminne	83 865	84 065
Ålmenne kulturvernforemål	8 528	8 132
Museum	81 371	83 188
Sum brutto driftsutgifter	213 758	217 804
Sum brutto driftsinntekter	-90 988	-90 988
Sum netto driftsutgifter	122 770	126 816

Verksemda i dag

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ta i vare ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Mellom desse er m.a. kulturminne i arealplansaker i fylket, forvaltning av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og andre.

Fylkeskommunen har hovudansvar for å forme museumspolitikken i fylket og utvikle dei konsoliderte musea i Vestland. Både stat, vertskommunar og kommunar mottek tenester frå musea i Vestland og medverkar til å styrke drifta av institusjonane.

Arkeologisk registrering

Arkeologiske registreringar vert gjennomført av fylkeskommunane med heimel i kulturminnelova for å avklare om eit tiltak eller ein reguleringsplan vil ha innverknad på automatisk freda kulturminne.

Offentlege og større private tiltakshavarar vert, med heimel i kulturminnelova, pålagt å dekke store delar av kostnadene med desse registreringane. Tenesta har ut frå erfaringstal vore underfinansiert og drifta må over tid styrkast for at tenesta vert balansert i høve etterspurnad og kostnadsauke.

Utfordringar og strategi

Fylkesdirektøren si hovudprioritering er indeksjustering av driftstilskot til musea og andre kulturarvorganisasjonar med inntil 2%, men av budsjettomsyn har ein ikkje makta dette fullt ut. For å løyse kulturpolitiske målsetnader vert nokre av dei regionale tilskotsordningane styrka.

Kulturformidling

	2024	2025
Adm.	20 494	20 544
Bibliotekprosjekt og tilskot	2 550	2 600
Tenester til bibliotek	7 823	8 160
Distriktsmusikarordninga	5 090	5 300
DKS – spelemidlar	37 271	37 271
Ung Kultur Møtast (UKM)	2 033	2 100
Sum brutto driftsutgifter	75 261	75 975
Sum brutto driftsinntekter	-41 751	-41 751
Sum netto driftsutgifter	33 510	34 225

Verksemda i dag

Bibliotekutvikling

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen initierer, leier og støttar utviklingsarbeid i biblioteka i tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2020 – 2023/2024 og regional kulturplan.

Fylkeskommunen arrangerer kurs og kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket, og gjennomfører utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane. Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer ei transportordning mellom biblioteka i fylket, i tillegg til eit konsortium for digitale tenester. Fylkeskommunen gjev råd til kommunane som bibliotekeigarar og yter fagleg rettleiing og assistanse på bibliotekområdet. Det er to tilskotsordningar på bibliotekfeltet.

Kulturproduksjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for og formidle kunst- og kulturtilbod til barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Fylkeskommunen forvaltar ordninga, og programmerer DKS-tilbodet til grunnskulane (med unntak av skulane i Bergen) og til dei vidaregåande skulane i heile fylket.

Fylkes- og distriktsmusikarordningane skal styrkje det profesjonelle og frivillige musikklivet, og sikre tilgang til profesjonelle musikk-krefter i alle delar av fylket.

Ung Kultur Møtest (UKM) er ein kulturarena og møteplass for ungdom. Fylkeskommunen har ansvar for ordninga regionalt, følgjer opp og stimulerer til aktivitet i kommunane, arrangerer fylkesfestival og deltek på landsfestivalen med ungdom som har gått vidare frå fylkesfestivalen.

Utfordringar og strategiar

Vestland fylkeskommune skal inngå strategisk samarbeid med Bibliotek24 gjennom KS Digitale fellestjenester AS (jf. PS 106/2024). Samarbeidet vil gje ein årleg meirkostnad for fylkeskommunen. For 2025 er det lagt inn auke på kr 337 000 under Tenester til bibliotek. Det er lagt inn auke på kr 50 000 til tilskot til utvikling av folkebiblioteka i kommunane. Auken til Distriktsmusikarordninga og UKM er grunna den generelle løns- og prisauken frå 2024 til 2025.

Kulturutvikling

	2024	2025
Adm. Kulturutvikling	9 651	9 710
Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	7 150	7 150
Kunstinstitusjonar	59 393	61 182
Stønad etter vedtak	4 200	4 200

Tilskot kulturhus	15 700	15 700
Tilskot til frivillige organisasjoner	18 304	18 450
Ymse B/U tilskot	2 683	2 683
Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	17 216	17 350
Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar	1 500	1 500
Sum brutto driftsutgifter	335 797	337 925
Sum brutto driftsinntekter	-10 040	-10 040
Sum netto driftsutgifter	125 757	127 885

Verksemda i dag

Kapitlet gjeld tilrettelegging av fylkeskommunale verkemiddel på kunst- og kulturområdet, og bidrar til å setje i verk den regionale kulturpolitikken. I tillegg til forvaltning av økonomiske verkemiddel gjeld området plan- og strategiarbeid, kompetanseutvikling og samarbeid med kommunar og kulturliv.

Det regionale kulturansvaret gjeld særleg infrastruktur og kulturtiltak tiltak med regional og nasjonal tyding. Dette ansvarsområdet skal støtte opp under kunst og kultur av høg kvalitet i heile fylket, både det frivillige kulturlivet og det profesjonelle kunstlivet med driftstilskot, prosjekttilskot og stipend.

Største delen av budsjettet er tilskot til aktørar i kulturlivet i fylket. Om lag 95 mill. kr er driftstilskot som vert fordelt etter politisk vedtak. I 2024 ligg 111 organisasjonar inne med eiga line i sektorbudsjettet. I tillegg vert om lag 25 mill. kr fordelt gjennom ulike prosjekttreta tilskotsordningar, utlyste gjennom året.

Mottakarane av tilskot skal vere regionale verksemdar, tiltak og prosjekt som medverkar til kulturelt og kunstnarleg mangfald og kulturell utvikling i fylket.

Fem institusjonar har særavtalar, d.v.s. vedtak i Stortinget (Innst. 14 S (2021–2022), vedtak IV der det er fastsett at dei offentlege tilskotspartane skal dele det ordinære offentlege driftstilskotet (oftast omtala som romertalsvedtak):

- Bergen Nasjonale Opera: Stat 70%/VLFK 15%/Bergen kommune 15%
- Opera Nordfjord: Stat 70%/VLFK 22,5 %/ Stad kommune 7,5%
- Carte Blanche: Stat 70%/VLFK 15%/Bergen kommune 15%
- Det Vestnorske Teateret: Stat 70%/VLFK 30%
- Teater Vestland: Stat 70%/VLFK 22,5 %/ Sunnfjord kommune 7,5%.

Tilskota til desse fem institusjonane utgjer til saman nærare 33,5 mill. kr i 2024, og dette legg sterke føringar for totalbudsjettet. Dei fleste av institusjonane har fått monaleg auke også frå staten dei siste åra. Forslaget til statsbudsjett for 2025 viser vekst i tilskotet til desse kunstinstitusjoane i storleiken 3,5-3,7% frå 2024 til 2025. Fylkesdirektøren har lagt til grunn at fylkeskommunen kan oppfylle sine vedtektsfesta forpliktingar for desse fem institusjonane også for 2025.

Utfordringar og strategiar

I Økonomiplan 2025–2028 har fylkesdirektør peika på ulike tiltak som vert sett på som svært viktige. Fylkesdirektøren har ikkje prioritert midlar til planlegging av Griegkvartalet, planlegging av Samlingssentrum eller monaleg styrking av drifta av kulturinstitusjonane.

Fylkesdirektøren si hovudprioritering med indeksjustering av driftstilskot til regionale institusjonar og organisasjonar med 2 % er ikkje mogleg å gjennomføre. Når ein skal innfri forpliktingar i høve dei 5 romertalsinstitusjonane, er det ikkje ramme for å auke dei generelle driftstilskota med meir enn omlag 1%. Det er heller ikkje lagt inn auke i utlyste prosjektilskotsordningar eller stipend.

I dette budsjettområdet ligg spelemidlar frå den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg som fylkeskommunen tildeler etter fordeling frå Kultur- og likestillingsdepartementet. 2 mill. kr av spelemidlane blir lagt inn som del av fylkeskommunen sitt bidrag til finansiering av Sentralbadet scenekunsthuss på til saman 5 mill. kr i samavar med fylkestinget sitt vedtak om årleg tilskot i 20 år. Det vert også lyst ut tilskot til Kulturarenaer med regionale funksjonar, der Hovudutval for kultur, idrett og inkludering gjer vedtak om prioriteringar av søknader, utan at det ligg faste midlar i sektorbudsjettet.

Stab

	2024	2025
Adm. stab	8 254	8 104
Kulturkonferansen	200	200
Kunnskapsproduksjon og planarbeid	1 500	700
Netto driftsutgifter	9 954	8 820
Sum driftsinntekter (fond)	-1 500	-500
Netto driftsutgifter	8 454	8 504

Verksemda i dag

I hovudsak er staben sitt arbeid knytt til fellesoppgåver og oppgåver som elles ikkje fell inn under dei enkelte fagseksjonane sitt område.

Støttefunksjonane har som hovudmål å avlaste og forenkle drifta i linja. Dette gjeld oppgåver som felles økonomistyring av rekneskap og budsjett, post/arkivtenester, støtte linjeleiarane i rekrutteringsprosessar, sjå til at aktuelle rutinar og regelverk vert ivareteke, syte for tilskotsoppfølging og støtte arbeidet med bruk av elektroniske verktøy, og at dette vert følgd opp i samsvar med gjeldande retningslinjer.

Endring frå 2024-2025

Sektortabell endring frå 2024 til 2025

Seksjon	1000-kr	Moment
Heile sektoren/avdelinga	7 035	Løn
Kulturarv	200	Vern av kulturminne
Kulturarv	577	Ålmenne kulturvernføremål
Fysisk aktivitet og inkludering	677	Tilskot til friluftsarbeid
Fysisk aktivitet og inkludering	492	Tilskot til idrettsarbeid
Fysisk aktivitet og inkludering	340	Tilskot til Jobbsjansen del B
Fysisk aktivitet og inkludering	148	Folkehelse
Kulturformidling	50	Bibliotekprosjekt og tilskot
Kulturformidling	337	Tenester til bibliotek
Kulturformidling	210	Distriktsmusikarordninga
Kulturformidling	67	Ung Kultur Møtast (UKM)
Kulturutvikling	160	Kulturelt utviklingsprogram (KUP)
Kulturutvikling	1 960	Kunstinstitusjonar
Kulturutvikling	304	Stønad etter vedtak
Kulturutvikling	246	Tilskot til frivillige organisasjonar
Kulturutvikling	62	Ymse B/U tilskot
Kulturutvikling	235	Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling
Kulturutvikling	100	Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar
Sum	15 618	

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Kultur og folkehelse

Beløp i 1000 kr

Inntekt/utgift	Opphavelig budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-6 800	-5 300	-5 300	-5 300	-5 300
Sum driftsinntekter	-405 303	-405 303	-405 303	-405 303	-405 303
Sum driftsutgifter	792 953	802 421	800 588	800 588	800 588
Totalsum	380 850	391 818	389 985	389 985	389 985

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	380 850	380 850	380 850	380 850
Sum Vedtak forrige periode	-5 650	-7 483	-7 483	-7 483
Sum Lønns- og prisvekst	15 618	15 618	15 618	15 618
Konsekvensjusteringer	9 968	8 135	8 135	8 135
Konsekvensjustert ramme	390 818	388 985	388 985	388 985
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
For spesifikasjon forrige økonomiplan	2 800	2 800	2 800	2 800
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	2 800	2 800	2 800	2 800
Innsparingstiltak				
Reduksjon drift Stab/administrasjon	-22	-22	-22	-22
Reduksjon mellombels stilling Arkiv	-550	-550	-550	-550
Reduksjon stilling kulturproduksjon	-228	-228	-228	-228
Reduksjon tilskot Kultur og helse	-30	-30	-30	-30
Reduksjon tilskot Kulturelt utviklingsprogram (KUP)	-160	-160	-160	-160
Reduksjon tilskot Kunstinstitusjonar	-160	-160	-160	-160
Reduksjon tilskot museum	-601	-601	-601	-601
Reduksjon Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer	-100	-100	-100	-100
Reduksjon tilskot Stønad etter vedtak	-170	-170	-170	-170
Reduksjon Tilskot til drift av kulturhus/ lokale til kunstformidling	-101	-101	-101	-101
Reduksjon Tilskot til frivillige organisasjoner	-100	-100	-100	-100
Reduksjon tilskot til idrettsarbeid	-124	-124	-124	-124

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Reduksjon tilskot til Ymse B/U tilskot	-62	-62	-62	-62
Reduksjon tilskot vern av kulturminne	-20	-20	-20	-20
Reduksjon tilskot ålmenne kulturvernføremaal	-62	-62	-62	-62
Redusert tilskot folkehelse	-170	-170	-170	-170
Tilskot til Jobbsjansen del B	-140	-140	-140	-140
Sum Innsparingstiltak	-2 800	-2 800	-2 800	-2 800
Nye tiltak				
Styrking av arkivtilsyn. Eiga sak fylkestinget juni 2024	1 000	1 000	1 000	1 000
Sum Nye tiltak	1 000	1 000	1 000	1 000
Nye tiltak og realendringer	1 000	1 000	1 000	1 000
Ramme 2025–2028	391 818	389 985	389 985	389 985

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane i Vestland	1 900	1 900	1 900	1 900
Bygningsverntenesta ved musea - medfinansiering av 2 stillingar	1 100	1 100	1 100	1 100
Eingongstilskot til Utvandrarjubileet 2025	1 000	0	0	0
Etablering av felles digital innhaldsteneste - Bibliotek 24	300	300	300	300
Medfinansiering av prosjekt registrering av «Kulturmiljø av nasjonal interesse i Vestland	650	0	0	0
Midlar til Sentralbadet Scenekunsthus	2 000	2 000	2 000	2 000
Museumsløft 2025 - Styrking	500	500	500	500
Oppfølging av tilstandsrapport universell utforming VLFK	300	300	300	300
Oppretting av nynorskstipend og kulturpris	500	500	500	500
Planlegging Griegkvartalet	5 000	0	0	0
Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin	1 000	0	0	0
Styrke driftstilskot Vestland Idrettskrets, øyremerka inkludering og mangfald	500	500	500	500
Styrke tilskot til store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement	1 500	1 500	1 500	1 500
Styrke tilskotsordning inkluderings- og integreringsfremjande tiltak	1 000	1 000	1 000	1 000
Styrking av driftstilskot	10 000	10 000	10 000	10 000

Økonomiplan				
	2025	2026	2027	2028
Styrking av regional innsats i høve spesialiserte tilbod i kulturskule og andre talentutviklingstilbod.	500	500	500	500
Støtte til Frilager - gratis utlån av aktivitetsutstyr	300	300	300	300
Støtte til Friluftslivets år 2025	1 000	0	0	0
Tilskot til drift av regionale og nasjonale kulturminne - styrka tilskot frivillig kulturvern	400	400	400	400
Tilskot til verna kulturminne - styrking av regionale kulturminne i kommunale kulturminneplanar	400	400	400	400
Varig styrking feltarkeologitenesta	500	500	500	500
Sum	30 350	21 700	21 700	21 700

Nye tiltak

Betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane i Vestland

Fylkestinget vedtok i PS 57/2023 ulike tiltak for å betre situasjonen for dei ureturnerbare papirlause flyktningane sin situasjon i Vestland. Det vart løyvd kr 1,5 mill. i ei eingongsløyving. I desember 2023 løyvde fylkestinget ei eingongsløyving til tannhelsehjelp papirlause (Stiftinga Kirkens Bymisjon) på kr 400.000 (andre året på rad). Evt. auke på kr 1.9 mill for evt vidare oppfølging.

Bygningsverntenesta ved musea - medfinansiering av 2 stillingar

Medfinansiering av 2 bygningsvernstillinger ved MiSF (Distrikt Sunnfjord/Ytre Sogn og Nordfjord), jf. vedtak i fylkesutvalet 25.10.23.

Eingongstilskot til Utvandrarjubileet 2025

Oppfølging av politisk vedtak i fylkestinget.

Etablering av felles digital innhaldsteneste - Bibliotek 24

Vestland fylkeskommune deltek i planlegging av felles digitale innhaldstenester for bibliotek i Noreg (jf. PS 27/2023). Etablering av driftsløysing vil forplikte eit årleg tilskot til driftsmidlar.

Medfinansiering av prosjekt registrering av «Kulturmiljø av nasjonal interesse i Vestland

Som oppfølging av dei nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken skal det etablerast oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse. Direktoratet har invitert VLFK til å starte opp i 2025 med registrering i Vestland . Arbeidet vert gjort med statleg medfinansiering på 150 000 kr.

Midlar til Sentralbadet Scenekunsthuss

Vestland fylkeskommune har dei siste åra brukt 2 millionar kr av statlege spelemidlar til å oppfylle sine vedtekne forpliktingar ved bygging av Sentralbadet scenekunsthuss. Det vert foreslått å setje av fylkeskommunal løyving til føremålet.

Museumsløft 2025 - Styrking

Som oppfølging av vedteken regional kulturplan, handlingsprogram 2023-26 og årsplan 2024 skal retningslinene i ordninga Museumsløft reviderast og opnast opp for fleire nye tiltak:

- A. Tiltak som samlar drifts- og eigedomsansvar hos musea eller reorganiserar eigarstiftingar til museumsvenelag.
- B. Stimulere til frivillig aktivitet ved å inkludere museumsvenelag i ordninga.
- C. Tiltak i musea som arena og møteplass for samfunnsdebatt, der tiltak som styrkar merksemd og debatt kring natur- og klimakrisa skal prioriterast.

Oppfølging av tilstandsrapport universell utforming VLFK

Oppfølging av tilrådingane i tilstandsrapport over Vestland fylkeskommune sitt arbeid med universell utforming er godt i gang. I dag er det avsett årleg kr 200.000 til oppfølging. Forslag om ei styrking på kr 300.000

Oppretting av nynorskstipend og kulturpris

Oppfølging av vedtak i fylkestinget om å etablere kulturpris og eit nynorsk litteraturstipend / Fossepris.

Planlegging Griegkvartalet

Griegkvartalet er ei viktig kulturpolitisk satsing i samarbeid med stat og kommune, og i 2025 vil det vere behov for 10 millionar kr til dette føremålet frå VLFK.

Planlegging Samlingssentrum / Fellesmagasin

Adm kulturarv (eingongstiltak) - Planleggingsmidlar Samlingssentrum i Vestland - fellesmagasin for musea.

Oppfølging av utgreinga "Samlingssentrum i Vestland", sist handsama i Fylkestinget 28.09.2022.

Styrke driftstilskot Vestland Idrettskrets, øymerka inkludering og mangfald

Vestland idrettskrets har dagleg aktivitet i alle våre 43 kommunar og har mange gode tiltak for integrering/mangfald, oftast finansiert via prosjektstøtte. Føreseielege rammer er viktig for eit stabilt tilbod for desse målgruppene. Forslag om auka driftstilskot med min. kr 500.000 øymerka tiltak innan integrering/mangfald og sosial utjamning.

Styrke tilskot til store nasjonale og internasjonale idrettsarrangement

Idrettslag og særforbund kan søkje fylkeskommunen om tilskot til store nasjonale og internasjonale meisterskap. Det er stor underdekning på tilskotsordninga. Det kjem mange opne søknadar om støtte og ordninga bør styrkast noko for å femne om desse. Forslag om å auke denne budsjettposten med 1,5 mill kr.

Styrke tilskotsordning inkluderings- og integreringsfremjande tiltak

I lys av dei store ankomstala av flyktningar og mange busette i kommunane er det behov for å auke rammene for ordninga inkluderings- og integreringsfremjande tiltak. Forslag om auke med kr 1 million kr.

Styrking av driftstilskot

Mange av organisasjonane søker om auka driftsstøtte i 2025 pga. sterkt aukande kostnader. Avdelingsdirektør foreslår ei monaleg prisindeksjustering av driftstilskot. Om lag 33,5 millionar er knytt til såkalla "romertalsvedtak", der fylkeskommunen er forplikta til å følgje avtalt prosentandel i høve staten. Dette gjeld 5 kulturinstitusjonar. Ei auke i 2025 i samsvar med konsumprisindeksen, på til dømes, 4,5%, vil løyse ut ei auke i fylkeskommunale tilskot til desse fem institusjonane på 1,5 mill. aleine.

Styrking av regional innsats i høve spesialiserte tilbod i kulturskule og andre talentutviklingstilbod.

Oppfølging av regional plan for kultur: Styrking av den regionale innsatsen i høve spesialiserte tilbod i kulturskule og andre talentutviklingstilbod.

Støtte til Frilager - gratis utlån av aktivitetsutstyr

Frilager er ei inkluderande utstyrsordning der organisasjonar og skular kostnadsfritt skal kunne låne utstyr til større og mindre aktivitetsarrangement. Det er ordningar for gratis lån av utstyr i mange av kommunane. Utstyrseigarar er Bergen Røde Kors, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Krins av Norges speiderforbund og Bergen og Hordaland Turlag. Forslag kr 300.000.

Støtte til Friluftslivets år 2025

Friluftslivets år 2025. VLFK tek ei koordinerande rolle i Vestland og treng auka ramme på kr 1 mill. kr for å arrangere felles møteplassar, drive kompetanseheving og understøtte tiltak i heile Vestland.

Tilskot til drift av regionale og nasjonale kulturminne - styrka tilskot frivillig kulturvern

Som oppfølging av regional kulturplan for å støtte frivillig kulturvern. Forslag om at driftsordninga styrkast og dekkingsgraden på 36% aukast.

Tilskot til verna kulturminne - styrking av regionale kulturminne i kommunale kulturminneplanar

Som oppfølging av vedteken regional kulturplan, handlingsprogram 2023-26 og stategien om å styrke ordninga for satsing på regionale kulturminne i kommunale kulturminneplanar, vert foreslått at tilskot til verna kulturminne styrkast og at dekkingsgraden på 14% aukast for å vere relevant for kommunane i Vestland.

Varig styrking feltarkeologitenesta

Avdelinga har dei siste åra styrka feltarkeologi (lovpålagt tenesteyting) som i fleire år var sterkt underfinansiert. Avdelingsdirektør rår til at ein held fram med styrkinga i 2025.

Økonomiplan 2025–2028

Utfordrinar i økonomiperioden

Stort behov for å styrke tilskota til drift av kulturlivet sine organisasjonar (10 mill. kr)

Sterk prisvekst og effekten av redusert driftsstøtte frå stat og kommunar har sett økonomien ved kulturinstitusjonane sterkt attende dei seinare åra. Ein av konsekvensane er reduksjon i talet på tilsette og redusert rom for kulturproduksjon.

Det viktigaste Vestland fylkeskommune kan bidra til er løyving av stabil og føreseieleg driftsstøtte som gjer at kulturinstitusjonane kan løyse samfunnsoppdraget sitt.

Investeringsprosjekt:

a. Planlegging Griegkvartalet (5 mill. kr)

Prosjektet er det viktigaste kulturarenatiltaket i Vestland dei komande åra.

Bergen er motor i det profesjonelle kulturlivet, og for vidare kulturutvikling til beste for heile fylket, er ein avhengig av tenleg infrastruktur. Det profesjonelle kunst- og kulturlivet har peikt på klåre manglar ved dei arenaene som er tilgjengelege i dag, og Griegkvartalet skal bøte på dette.

Kapasiteten i Grieghallen er sprengd. Dette gjer at folk i Vestland ikkje har tilgang til ei rekke kulturopplevingar som større produksjonar, musikaler og turnerende konsertar. Forslaget om å nytte Edvard Griegs plass og det underjordiske P-anlegget til ny musikkteater- og konsertsal er teke vel i mot, og utvikling av Griegkvartalet til ei samlende og kraftfull arenaklynge, vil komplettere Vestland sin kulturelle infrastruktur. Arkitektkonkurransen for Griegkvartalet er nyleg ferdig, og der ei gruppe leia av arkitektkontoret Henning Larsen vann.

Prosjektet må gjennomførast i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommune og private partar. I 2025 er det naudsynt å planlegge i større detalj og avklare mogeleg finansiering.

b. Planlegging Samlingsentrum / Fellesmagasin (1 mill. kr)

Førebuinga av museumsreforma rundt tusenårsskiftet, viste omfattande etterslep og utfordringar i høve bevaringstilstanden i norske museum. Dei viktigaste tiltaka var a) Styrke bevaringskompetansen ved musea, og b) Bygge tenlege magasin for viktige gjenstandar. I Hordaland vart Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland opna i 2007. I Sogn og Fjordane realiserte ein tilsvarende løysing då Tinghuset ved Musea i Sogn og Fjordane opna i 2024.

Pr 2024 er det bygd opp eit av landets fremste kompetansemljø i bevaring ved Museumssenteret i Hordaland. Denne ressursen står til ei viss grad også Musea i Sogn og Fjordane som ikkje har hatt slik kompetanse. Men, fellesmagasinet i Salhus er langt på veg fullt. Dermed er det nødvendig å etablere nytt, tenleg magasin for musea. Dette er utgreidd i fleire rapportar, mellom anna i "Fullt hus! -Utgreiing av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland", og "Samlingssentrum i Vestland. Frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning". Begge rapportane er politisk handsama i Vestland fylkeskommune, sist i fylkestinget 28.09.2022.

Prosjektet må gjennomførast i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommune og musea. I 2025 er det naudsynt å kome vidare med planlegging slik at ein kan ta stilling til prosjektet og finansiering i større detalj.

Artsgrupper

Kostnadsgruppe	2024	2025
Reise og kurs	2 077	2 077
Konsulenttenester	500	500
Administrasjonsutgifter	3 159	2 746
Ordinære driftsutgifter	2 350	350
Lønsutgifter og -refusjonar	98 270	105 305
Ordinære inntekter	- 399 285	-400 608
Andre utgifter og inntekter	673 779	679 423
SUM	380 850	391 818

Klimavurdering 2025

FN sine berekraftsmål ligg til grunn for alt arbeidet Vestland fylkeskommune gjer og målet er at Vestland skal bli eit nullutsleppssamfunn innan 2030. Fylket skal ta ei pådrivar-rolle for det grønne skiftet.

I september vart det arrangert ein intern fagdag med fokus på klima og folkehelse med særskild god deltaking. Gode innleiingar sette lys på viktige samfunnsutfordringar og inspirerte til handling på tvers av sektorar.

På avdelinga vil klimagassutsleppa gjelde dei aktivitetane som krev vesentleg transport og i nokon grad tilskot der ein kan setje miljøkrav. Det kan vere mindre klimagassutslepp knytt til drift og til at ein del tilsette nyttar eigen bil til og frå arbeid. Seksjon for kunstformidling har ei utstrekt turneverksemd gjennom Den kulturelle skolesekken, og på seksjon for Kulturarv treng feltarkeologane transport til og frå felt.

Indirekte kan seksjon for Idrett og friluftsliv påverke klimagassutslepp knytt til tilskot til idrettsanlegg. Dei seinare åra er det skjerp krav til behovsvurderingar som ligg til grunn for søknadane. Fokus på berekraftig anleggsutvikling både i høve til nybygg, rehabilitering og drift av anlegg skal styrkast. 15 kommunar har delteke i prosjektet nyskapande aktivitetsanlegg som er ei målretta satsing på å utvikle gode lokale møteplassar med varierte og attraktive lågterskeltilbod for fysisk aktivitet. Møteplassane skal bygge på arkitektur av høg standard og vere nyskapande i funksjon, organisering og aktivitetar og bli naturlege samlingsstadar i lokalsamfunnet. Eit godt kunnskapsgrunnlag og breie medverknadsprosessar skal liggje til grunn. I 2024 har det vore opning av fleire av anlegga som har vore med i prosjektet.

Sogn og Fjordane Fotballkrins har utvikla ein modell for grønne arrangement. Dette materiale er tilgjengeleggjort slik at andre særkretsar kan ta det i bruk med tilpasningar til sin idrett. For å drive kunnskapsbasert utvikling har Vestland fylkeskommune samarbeidavtaler med NTNU/SIAT og Vestland idrettskrets om kompetanse knytt til berekraftig anleggsutvikling.

Vestland fylkeskommune er medlem i International Association for Sport and Leisure Facilities Nordic (IAKS Nordic). IAKS Nordic er ei internasjonal ideell foreining for organisasjonar som arbeider med utvikling, etablering og drift av idrett- og fritidsanlegg. Foreininga har stort fokus på berekraftig utvikling. Gjennom erfaringsutveksling, nettverksbygging og kompetanseheving vil dette vere nyttig for vidare utviklingsarbeid i fylkeskommunen og for kommunar og organisasjonar fylkeskommunen samarbeider med.

Vestkystparken er eit regionalt partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftslivsområder langs kysten i Rogaland og Vestland. Utfordringar knytt til maritim forsøpling har stort fokus i samarbeidet m.a. gjennom deltaking i strandryddeaksjonar i regi av Hald Norge Rent og engasjement i Rydd Norge Vestland.

Mobilitet og kollektivtransport

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Mobilitet og kollektivtransport	2 732	2 732	2 732	2 732	2 732
Skyss	3 395 794	3 705 784	3 763 784	3 811 784	4 034 784
Strategi og eigarstyring	5 597	5 597	5 597	5 597	5 597
Transportplan	10 146	10 146	10 146	10 146	10 146
Forvalting	150 347	148 358	147 358	147 358	147 358
Sum	3 564 616	3 872 617	3 929 617	3 977 617	4 200 617

Omtale av rammeområde

Skyss

Skyss skal utvikle og drifte kollektivtrafikken i Vestland. Hovudoppgåvene er å planlegge og utvikle linjenett og rutetilbod, tildele transportkontraktar for buss, bane, båt og ferje, sørgje for lovpålagt skoleskyss, informere og marknadsføre reisetilbod og kundeløysingar, gi kundeservice, og å utvikle nye og kombinerte mobilitetstenester. Utvikling av tilbod og tenester skal skje med grunnlag i vedtekne planar og strategiar, dei reisande sine behov og i takt med endringar som skjer i bransjen

Strategi og eigarstyring

Seksjon for økonomi og styring skal syte for god budsjett- og økonomiforvaltning og oppfølging av politiske saker.

Seksjonen har ansvar for at strategiar for mobilitet- og kollektivområdet blir utvikla og følgt opp. Seksjonen har ansvar for samhandling og styring internt i ansvarsområdet til mobilitet og kollektivtransport.

Transportplan

Transportplanseksjonen skal sikre strategisk retning på regionalt planarbeid og bidra til heilskapleg satsing på berekraftig mobilitet.

Seksjonen skal koordinere det regionale arbeidet med byvekstavtale for Bergensområdet og bidra aktivt inn i Miljøløftet sin organisasjon.

Forvalting

Seksjonen har ansvar for å sikre gode mobilitetsløysingar i Vestland, med hovudfokus på tilrettelagt transport, drosjeløyve og ruteløyve.

Tenesta tilrettelagt transport er ei nøkkelteneste for personar med nedsett funksjonsevne.

Fylkeskommunen er løyvermyndigheit og har ansvaret for utferding, oppfølging og tilbakekall av drosjeløyve. Fylkeskommunen har òg ansvar for å sikre at ruteløyve vert tildelt på ein måte som fremjar effektiv og trygg kollektivtransport.

Endring frå 2024-2025

Innleiing

Dagens ruteproduksjon på buss, bane, båt og ferje er i samsvar med vedtak i politiske mandatsaker i konkurranseutsetjing av desse tenestene.

Vestland fylkeskommune har dei siste åra opplevd at den generelle kostnadsveksten i kollektivsektoren har vore vesentleg høgare enn kommunal deflator. Krav om nullutslepp/hybridisering i nye kontraktar på buss, båt og ferje medfører også auka kostnader. Kostnadsveksten gjer det utfordrande å oppretthalde gode nok tilbod i distrikta, og kostnadsveksten og manglande moglegheit til å auke produksjon gir oss kapasitetsutfordringar i og rundt Bergen og truar dermed nullvekstmålet.

Omfordeling av midlar internt i byvekstområdet samt statlege belønningsmidlar bidrar til å avhjelpe litt på utfordringane, men det store biletet om økonomiske utfordringar er også gjeldande i byvekstområdet.

Fylkesdirektøren legg fram ei pakke som både inneheld takstauke og effektiviseringstiltak i tråd med vedtak i fylkesutvalet. Dei konkrete tiltaka inneber både omfordeling og reduksjon av produksjon, og er skildra under.

Endring frå arbeidsdokument 3/24 til 4/24

Budsjettramma for mobilitet og kollektiv er foreslått auka med 80 mill. kr i dette arbeidsdokumentet samanlikna med arbeidsdokument 3/24. I arbeidsdokument 3/24 låg det inne tiltak for vel 130 mill. kr. Den auka ramma gjer det mogeleg å reversere tiltak for 80 mill. kr slik at det i dette arbeidsdokumentet ligg inne tiltak for om lag 50 mill. kr.

Kostnadssida:

- Buss
 - Ingen endringar som konsekvens av eingongsløyving - 6,7 mill. kr (galdt tiltak for i rutetilbodet for elleve bussruter)
- Ferjedrift
 - Framhald ferjedrift Kinsarvik - Utne - 11,5 mill. kr
 - Framleis to ferjer Skjersholmane - Ranavik - 5,5 mill. kr
 - Framleis to ferjer Gjermundshamn - Årsnes - 5,5 mill. kr
- Båt
 - Framhald godsbåtrute Bergen - Gulen/Solund - 4,0 mill. kr
 - Ikkje redusert rutetilbod mindre lokalbåtruter - 2,5 mill. kr

Inntektssida:

- Sone A - justerte takstgrenser - utsett oppstart til 1. september 2025 - 35 mill. kr
- Ny vurdering av kollektivtrafikkinntektene - 9,3 mill. kr

Resten av tiltaka i arbeidsdokument 3/24, til saman om lag 50 mill. kr, er med i forslaget i arbeidsdokument 4/24 og er omtala nedanfor.

Kostnader

Administrasjon

Budsjettet til administrasjon i mobilitet og kollektiv omfattar i hovudsak lønskostnader til alle tilsette i sektoren.

Bilruter

I 2024 har ein hatt meirkostnader på om lag 30 MNOK grunna auke i indeksane på løyveområdet, samt meirkostnader til ekstraproduksjon i Voss og Hardanger grunna auka turisttrafikk.

I 2025 vil det vere oppstart av tre nye busskontraktar som vil ha særleg effekt på kostnadsbildet. Dette gjeld kontraktane Voss-Hardanger, Modalen-Vaksdal og Nordfjord.

I 2025 vil Vestland fylkeskommune styrke og vidareutvikle rutetilbodet i byvekstavgiftsområdet med ein kostnad på 11 MNOK, styrke busstilbodet for Askøy og innføre bestillingstenester til ein samla kostnad på 15 MNOK. Tiltaka er finansiert gjennom statlege belønningsmidlar.

Tiltak - kostnad

Fylkesdirektøren viser til vedtakspunkt 3 i PS 196/2024 i fylkesutvalet: «*Prinsipp og tiltak for effektivisering av rutetilbodet med buss og bybane i Vestland*»:

"Fylkesdirektøren vil arbeide vidare med tiltak som fell inn under prinsippa for effektivisering som skildra i saka. Vesentlege ruteendringar etter desse prinsippa skal handsamast politisk. I arbeidet må det også planleggast for at aktuelle kutt kan gjerast over tid, med forslag til overgangsordningar der det kan vere aktuelt. Fylkesdirektør kjem attende med tiltak i samband med budsjett for 2025."

Fylkesdirektøren legg opp til effektivisering med bakgrunn i vedtekne prinsipp. I forslaget ligg det omfordeling, effektivisering og reduksjon av tilbod.

Tiltak	Heilårseffekt	Effekt i 2025
Omfordeling – parallelle ruter i Fyllingsdalen, Ytrebygda og Arna - Bergen	0	0

Effektivisering – parallelle bussruter Austevoll-Bergen	2	1,5
Reduksjon – bussruter retta mot turistar	8	5,5
Reduksjon - innstilling av flybusstilbod	3	2
Sum	13,0	9,0

Omfordeling – parallelle ruter i Fyllingsdalen, Ytrebygda og Arna - Bergen

I samband med opning av Bybanen linje 2 vart det gjort tilpassingar i busstilbodet for eit heilskapleg linjenett med buss og bybane. Erfaringar med bruk av buss og bybane etter opninga av linje 2 gir grunnlag til å omprioritere. Ved å redusere parallelle tilbod i Fyllingsdalen og akseptere noko auke i bytte samanlikna med direkte reise, vil ein frigjere midlar og nytte desse til å redusere trengsel på hovudfartsårene mot Bergen og andre strekningar med manglande kapasitet.

Togtilbodet mellom Arna og Bergen sentrum har blitt styrka vesentleg. Skyss driftar fleire busslinjer som køyrer strekninga Arna-Bergen sentrum (parallelt med toget). Ved å avkorte desse linjene til Arna kan ein frigjere midlar til å styrke det lokale busstilbodet rundt Arna, og slik gjere betre nytte av satsinga på togtilbodet.

Endring av rutetilbodet vil skje i samarbeid med kommunen og innanfor gjeldande kostnadsramme.

Effektivisering – parallelle bussruter Austevoll- Bergen

Linje 530 mellom Austevoll og Bergen køyrer parallelt med andre busslinjer frå Krokeide, og det er mogleg å bytte til linje 61 ved Krokeide ferjekai. Ei avkorting av linje 530 til Hufthamar ferjekai som korresponderer med linje 61 vil frigjere midlar utan å fjerne moglegheit til å reise kollektivt på strekninga.

Effekt i 2025: 1,5 MNOK

Heilårseffekt: 2 MNOK.

Reduksjon – bussruter retta direkte mot turistar

Ved fleire bussruter ser ein at turistmarknaden har blitt hovudgrunnlag, og at det ikkje er utvida etterspurnad for tilbodet blant innbyggjarane i Vestland. Reduksjon av tilbodet mellom typiske turistdestinasjonar vil redusere driftskostnadene utan særleg reduksjon i mobiliteten for innbyggjarane i Vestland.

I dag legg Skyss til rette for at det ordinære rutetilbodet blir nytta til pakkereiser. Konsekvensen av denne ordninga er at Skyss må setje inn suppleringsbussar i eit stort omfang for å sikre tilstrekkeleg kapasitet noko som har ein kostnad.

Tiltaket vil ha konsekvensar for turistane og næringa. Turistane kan nytte det ordinære tilbodet med nokre auke i byttepunkt, eller det kommersielle tilbodet. For strekninga Voss – Gudvangen og pakkereisa «Norge i et nøtteskall» må kommersielle aktørar stille med naudsynt kapasitet.

Tiltaket kan bli gjennomført over tid for å sikre at marknaden har tilstrekkeleg høve til å respondere.

Effekt i 2025: 5,5 MNOK

Heilårseffekt: 8 MNOK

Reduksjon – innstilling av flybusstilbod

Flybussrutene i Sogndal og Førde har låge passasjertal. Ved bortfall av tilbodet vil flyplassane ha tilsvarande ordningar som ved andre mindre flyplassar i Vestland, der drosjemarknaden står for tilbodet.

Tiltaket kan bli gjennomført over tid for å sikre at marknaden har tilstrekkeleg høve til å respondere.

Effekt i 2025: 2 MNOK

Heilårseffekt: 3 MNOK

Bane

Kostnadane med passasjertrafikk bane har vore relativt stabilt og vil i 2025 vere om lag 240 millionar kroner.

Infrastruktur på bybanen inkludert bybanevognene er 15 år og det kjem no auka behov for vedlikehald og oppdateringar. Dei fyrste vognene må gjennom «midtlivs vedlikehald» i 2025, noko som medfører ein vesentleg kostnadsauke på 35 mill. kr frå 109 mill.kr i 2024 til 146 mill.kr i 2025. Kostnadstal for 2025 er justert ned etter drøftingar med Bybanen AS der mellom anna kva som er heilt nødvendig for tryggleik opp mot tiltak av visuell karakter har vore vurdert.

Båtruter

Rutetilbodet med lokal og hurtigbåt er tilpassa reisebehov og har vore relativt uendra dei siste åra. Kostnadsauken med drift av båt var særleg stor i 2022 og dermed forklaring på auka kostnader på dette området dei siste åra.

I 2024 har det vore oppstart av rutepakke 2 (Florabassenget, Nordeide, Frønningen og Silda) med fleire nye og ombygde fartøy med hybriddrift på batteri og diesel.

Frå januar 2025 er det ny kontrakt med 2 heilelektriske fartøy mellom Bergen og Askøy, i tillegg til at ruta mellom Knarvik og Bergen skal ha hybriddrift med batteri og diesel. Deler av kostnadsauken med bybåtsambanda vert finansiert med 20 mill. kr av statlege belønningsmidlar.

Tiltak - kostnad

For båt er det vanskeleg å få store kostnadsreduksjonar med mindre tilbodsendingar. For å få kostnadene vesentleg ned må heile tilbod innstillast.

Kostnadseffekt nedanfor er estimerte innsparingar, og vi gjer merksam på at reell effekt blir avklart etter avklaringar med operatør.

Tiltak	Heilårseffekt	Effekt i 2025
Turistrute Hardanger ikkje lenger fylkeskommunalt tilbod	4,0	4,0
Avkorting av Kystvegekspressen til Måløy	2,0	1,0
Sum	6,0	5,0

Turistrute Hardanger ikkje lenger eit fylkeskommunalt tilbod

Vestland fylkeskommune har gjennom denne ruta tilrettelagt for lokalt reiseliv og næringsutvikling. Ei nedlegging av ruta i fylkeskommunal regi betyr at vidare drift må baserast på kommersielt initiativ.

Effekt 2025: 4 MNOK. Heilårseffekt: 4 MNOK.

Avkorting av Kystvegekspressen Florø – Måløy - Selje

Frå og med 1. mai vart Kystvegekspressen utvida til å dekke Selje på nokre av avgangane. I perioden frå 1.mai og fram til i dag har talet på reisande vore svært lågt og båten går ofte tom på strekninga mellom Måløy og Selje.

Effekt 2025: 1 MNOK. Heilårseffekt: 2 MNOK.

Ferje

I 2024 er det avdekka særskilte utfordringar innan løyvingssområdet ferje, og det er tydeleg at kostnadsutviklinga for dette løyveområdet ikkje er tilstrekkeleg kompensert for i inntektssystemet. Desse tilhøva er tydeleggjort noko meir i punkta under:

Fylkeskommunen får overført midlar gjennom inntektssystemet – såkalla frie midlar med tanke på ferjedrift.

- Som grunnlag for berekning av utgiftsbehov er det utarbeidd ein nasjonal standard for frekvens og opningstid. Dei ulike sambanda blir klassifisert ut frå avstand mellom ferjekaiane og trafikk målt i personbileiningar (PBE) - Vestland fylkeskommune sitt ferjetilbod er ikkje over den nasjonale standarden på opningstid og frekvens.
- Kostnadsauken med ferjedrift i Noreg var omlag 20 % i 2022 og 6 % i 2023. Berekningane av utgiftsbehov i 2024 byggjer på KOSTRA tal for 2022, men vi ser at auken i overføringane frå 2023 til 2024 er på om lag 7 % og dermed ikkje i nærleiken av den faktiske kostnadsauken i ferjedrift (SSB indeks) på 20 %.
- Sjølv om Vestland Fylkeskommune ikkje har eit tilbod over den nasjonale standarden, er det ei relativt stor «underdekning» på kostnader til ferjedrift samanlikna med dei frie inntektene til

ferjedrift. For 2024 tilseier prognosen at Vestland fylkeskommune vil bruke 193 mill. kr meir på ferjedrift enn det som kjem i overføringane frå staten

Tiltak - kostnad:

For ferje er det vanskeleg å få faktisk kostnadsreduksjon med mindre tilbodsendingar. For å få ned kostnadane må det gjerast tiltak med heile samband eller reduksjon i tal ferjer i eit samband frå to til ei ferje.

Prognose for kostnader med drift av ferje i 2025 er redusert med 6 mill.kr frå Adok 3 til Adok 4 .

Det er ikkje forslag om tiltak på ferje.

Fellestenester

Felleskostnader gjeld oppgåver som er nødvendige for å tilby kollektivtransport som ei teneste til kunden. Dette er ulike driftsoppgåver, som digitale tenester som reiseapp og mobilbillett , kostnader til betalingstransaksjonar knytt til billettkjøp, kundeservice, kommunikasjon og marknadsføring, billettkontrollar, drift- og vedlikehald av IT-system og tekniske installasjonar, innhenting av kundeinnsikt gjennom ulike undersøkingar med vidare.

Budsjettområdet omfattar også aktivitetar ut mot tenestemottakar som ikkje er direkte knytt til dei andre løyvingnivåa for transportmidla buss, bane, båt og ferje, som transportordninga for funksjonshemma og tilskot til Stord lufthamn.

Budsjettområdet syner ei auke frå 236 MNOK i 2024 til 263 MNOK i 2025. Auken skuldast i hovudsak kostnader knytt til salskanalar og medfølgjande transaksjonskostnader, felles ruteplanleggingssystem for heile Vestland samt prosess for å forberede bruk av Ruter sine digitale tenester gjennom selskapet TET Digital AS.

Salsløyser for billetter til buss, bane og båt har blitt fornya dei siste åra. Vestland fylkeskommune har kostnader knytt til bruk av applikasjon og kostnader til å handtere sjølv kontantstraumen. Den kostnadmessige fordelinga mellom desse er om lag 50/50.

I 2024 har kostnadene knytt til dette auka på grunn av fleire selde enkeltbilletter og auka kostnader knytt til transaksjonar gjennom Vipps. I 2025 vil båt i Sogn og Fjordane og resterande båt i Hordaland bli innlemma i løysinga.

Implementering av nytt ruteplanleggingssystem vil medføre auka kostnader i 2025. Gjennom implementeringa vil det vere naudsynt å oppretthalde det utgåande systemet for ruteplanlegging, og Skyss vil ha utgifter til lisensar for det gamle og det nye systemet.

Som ledd i oppfølginga av fylkestingsvedtak i desember 2023 om at Skyss skal søkje bransjesamarbeid innan digital tenesteutvikling vil Skyss i løpet av 2025 gradvis ta i bruk Ruter sine tenester levert av TET Digital AS. Skyss vil pådra seg ekstra utgifter i løpet av migreringsfasen.

Fylkesdirektøren viser elles til verbalpunkt 5 i samband med fylkestinget sitt budsjettvedtak om gevinstrealisering som følgje av digitaliseringsprosjekt. Fylkesdirektøren har sett i gang arbeid med eit gjennomgåande IKT prosjekt slik verbalpunktet peikar på.

Innovasjon og uttesting av ny mobilitetsløysingar

Løyvingsområdet omfattar utvikling og drift av nye mobilitetsløysningar iverksette tidlegare år.

Inntekter

I budsjettet for 2025 er det innarbeidd ein gjennomsnittleg takstauke på 4 % på enkeltbillett, periodebillett og ungdomsbillett for buss, bane og båt frå 1. februar 2025.

På ferje er det òg lagt inn ein takstauke på 4 %, men her kan det bli endringar sidan vi har valt å fylgje staten sin takstauke i autopass-regulativ for ferjetakstar.

Det har vore ei fin utvikling på reisande (påstigningar) i 2024 samanlikna med 2023, men sal av tal billetter er enno etter budsjett 2024. I budsjettet er det lagt opp til volumauke i 2025 tilsvarande 10 mill.kr.

Inntektene i budsjettet er justert for heilårsverknaden av takstauken som vart gjennomført 1. august 2024.

Tiltak

Ordning med reiserabatt vert ikkje vidareført

Ordninga med reiserabatt som er innført i 2024 har ikkje finansiering etter 2024. Fylkesdirektøren foreslår at ordninga med reiserabatt ikkje vert vidareført i 2025. Eventuell vidareføring av ordning med reiserabatt på dagens nivå vil koste 15 mill.kr pr år.

Sum : 0 kr

Ekstraordinær takstauke periodebillett buss og bane

Fylkesdirektøren foreslår ekstraordinær takstauke på periodebillett 30 dagar på 35 kroner frå 825 kr til 860 kr. Denne takstauken kjem i tillegg til ordinær takstauke frå 795 kr til 825 kr. Pris på periodebillett 7 og 180 dagar får tilsvarande prosentvis auke i pris.

Sum : 16 mill. kr

Bortfall rabatt enkeltbillett for studentar

Studentrabatt enkeltbillett gir ein reduksjon i inntektene på 15 mill. kr. Fylkesdirektøren foreslår å fjerne denne rabatten og vise studentane til ungdomsbillett og periodebillett for studentar som gir gode rabattar.

Sum inntektsauke : 15 mill. kr.

Endring Sone A frå 1. september 2025

Fylkesutvalet har bedt om ei utgreiing der administrasjonen skal sjå på korleis endringar i takst og soneinndeling i Sone A og nærliggande område kan påverke reiseaktivitet, inntekter og kostnader.

Det er forventa at ei splitting av sone A vil kunne gje auka inntekter til drift av kollektivtransporten.

Utgreiingsarbeidet er ikkje fullført og vil bli handsama i eiga sak, men med basis i den kunnskapen vi har no, legg fylkesdirektøren opp til ei forventa meirinntekt ved oppsplitting av sone A. Det er i dag svært mange reisande i sone A, og fylkesdirektøren meiner at inntektene frå desse reisene i større grad enn i dag må reflektere reiselengde.

Fylkesdirektøren har basert på dette lagt inn forslag om auka inntekter på 15 mill. kr i 2025 ved å gjere endringar i sone A frå 1. september 2025.

Sum inntektsauke: 15 mill. kr.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Mobilitet og kollektivtransport

Inntekt/utgift	Beløp i 1000 kr				
	Opphøveleg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-55 224	-55 224	-55 224	-55 224	-55 224
Sum driftsinntekter	-1 693 111	-1 886 094	-1 891 094	-1 946 094	-1 946 094
Sum driftsutgifter	5 312 951	5 813 935	5 875 935	5 978 935	6 201 935
Totalsum	3 564 616	3 872 617	3 929 617	3 977 617	4 200 617

Rammeoversikt

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	3 564 616	3 564 616	3 564 616	3 564 616
Sum Vedtak forrige periode	-78 500	-102 080	-9 633	-9 633

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Konsekvensjusteringer	-78 500	-102 080	-9 633	-9 633
Konsekvensjustert ramme	3 486 116	3 462 536	3 554 983	3 554 983
Endringer i tidligere vedtatte tiltak				
Bane: Vedlikehold infrastruktur og drift passasjertrafikk	36 289	55 289	41 289	25 289
Buss: Fornøyelse kontrakt (utgår)	0	0	-11 600	-11 600
Buss: Fornøyelse kontrakt (utgår)	0	-27 750	-55 500	-55 500
Buss: Fornøyelse kontrakter	43 606	129 106	212 106	237 106
Buss: Kostnadsauke for å drive dagens tilbud for buss videre	173 712	173 712	173 712	173 712
Båt: Fornøyelse kontrakter	1 986	3 986	30 986	133 986
Båt: Ny bybåtkontrakt Bergen-Askøy/Nordhordland (FUV PS 66/2022) - belønningsmidler	8 121	8 121	8 121	8 121
Fellestjenester: Merknadener drift og realisering av strategi	32 224	32 224	32 224	32 224
Ferge: Breistein - Valestrand (Osterøy). Midlertidig og ny kontrakt.	30 000	30 000	-5 000	-5 000
Ferge: Jondal-Tørvikbygd (ekstraferge sommer)	26 000	26 000	26 000	26 000
Ferge: Kostnadsauke for å drive dagens tilbud for ferger videre	189 363	196 193	194 096	199 096
Ferge: Mjånes-Hisarøy	0	0	1 000	11 000
Ferge: Nye kontrakter Sogn og Fjordane	0	0	10 000	56 000
Ferge: Opsjon samband Gjervik-Askvoll	0	0	0	50 000
Heilårseffekt takstauke frå 1 august 2024	-45 800	-45 800	-45 800	-45 800
Vedtak FT: Auka billettinntekter kollektiv	-54 000	-54 000	-54 000	-54 000
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak	441 501	527 081	557 634	780 634
Innsparingstiltak				
Korreksjon tiltak konsekvensjusteringer	46 000	41 000	16 000	16 000
Tiltak/saldering buss, bane, ferge og båt	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Sum Innsparingstiltak	26 000	21 000	-4 000	-4 000
Nye tiltak				
Heilårseffekt takstauke frå 1 august 2024	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Tiltak inntektsauke periodebilletter	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
Tiltak økning billettinntekter	-15 000	-15 000	-65 000	-65 000
Sum Nye tiltak	-81 000	-81 000	-131 000	-131 000
Nye tiltak og realendringer	386 501	467 081	422 634	645 634
Ramme 2025–2028	3 872 617	3 929 617	3 977 617	4 200 617

Artsgrupper

	2024	2025
Reise og kurs		
Konsulenttenester		
Administrasjonsutgifter		
Ordinære driftsutgifter		
Lønnsutgifter og -refusjonar		
Ordinære inntekter		
Andre utgifter og inntekter		
SUM		

Klimavurdering 2025

Skyss er bedt om ei vurdering av klima- og naturkonsekvensar av innspel til budsjett 2025. Dessutan skal status for definerte klimatiltak i fylkeskommunen sitt klimabudsjett oppdaterast.

Vestland fylkeskommune har som mål å utvikle eit velfungerande og berekraftig mobilitetssystem for innbyggjarar og samfunn i Vestland. Kollektivtransport og delemobilitet som er basert på fornybar energi, gjer fotavtrykket frå transporten mindre. Enkelt sagt forårsakar bybana eller bussen mindre arealforbruk, støy, avfall og klimagassar enn privatbilen:

- Kollektive og delte løysingar bidreg til meir berekraftige byar og lokalsamfunn lokalt. Det vil seie at reisetilbodet i seg sjølve er eit indirekte tiltak for mindre naturinngrep og lågare utslepp frå transportsektoren.
- Vidare vil omstilling av kollektivtransporten til utsleppsfrie energibærarar bidra til å stoppe klimaendringane globalt. Ved investering i nye fartøy og køyretøy kan ein gjennomføre direkte tiltak for reduksjon av klimagassutslepp frå drift.

Dette notatet syner kva Skyss kan og ikkje kan seie om dei indirekte og direkte natur- og klimakonsekvensane frå drift og investering.

Tiltak for mindre naturinngrep og lågare utslepp frå transportsektoren

På vegner av fylkeskommunen tek Skyss hand om utvikling og drift av kollektivtrafikken og skuleskyss. Ei styrking eller effektivisering av reisetilbodet til Skyss kan gjere tenesta meir attraktive

og konkurranesedyktige. Færre privatbilar bidreg til mindre kødanning og betre utnytting av vegnettet, framføre alt i meir tettbygde strok. Det reduserer behovet for vegbygging og nye naturinngrep. Dessutan kutter det klimagassutsleppet frå transportsektoren generelt.

Skyss har spelt inn forslag til prioriteringar knytt til driftskostnader. Alle føreslåtte tiltak i budsjettinnspelet er vurdert med utgangspunkt i korleis ein kan oppretthalde og vidareutvikle eit mest mogleg berekraftig reisetilbod. Det største potensialet for å redusere naturinngrep og klimagassutslepp er knytt til utvikling og styrking av reisetilbodet i bergensområdet.

På investeringssida er ansvarsfordelinga knytt til reisetilbodet meir komplisert. Sjølv sagt er det eit behov for infrastruktur som terminalar og kaier, bussanlegg og ladestasjonar for å drifte kollektivtransporten. Dessutan må det gjerast investeringar i køyretøy og fartøy. Sjølv om Skyss skildrar behovet og påverkar utforminga av desse investeringane, har ikkje Skyss sjølv ansvaret for dei. Eigarskapstilhøva varierer frå stad til stad og kan endre seg over tid. Til dømes har operatør på nokre stadar hatt ansvar for bussanlegg som fylkeskommunen no overtek ansvar for. Vi syner til EIU og INV for ei vurdering av naturkonsekvensane av nye investeringar.

Samstundes vil vi peike på at det er viktig å sjå konsekvensane av slike investeringar i samanheng med kva kollektivtransporten bidreg med. Plasseringa av eit bussanlegg må både vurderast med tanke på naturinngrepet, men også med tanke på konsekvensar for transporttenesta.

Tiltak for reduksjon av klimagassutslepp frå drift

Den fylkeskommunale kollektivtransporten i Vestland hadde eit samla klimagassutslepp på 101 800 tonn CO²-ekvivalentar i 2023. Gitt at direkte tiltak for å redusere dette utsleppet i hovudsak er knytt til investering i fartøy og køyretøy, handlar dette i stor grad om transportanskaffingar i Skyss.

Skyss førebur alle anbod med utgreiing av handlingsrom for utsleppskutt og legg fram tilrådingar til politisk handsaming. Det er fylkesutvalet som vedtek mandat for utlysing med kostnadsestimat, kontraktuelle verkemidlar og klimaambisjon.

Infrastruktur og veg

Driftsbudsjett

Beløp i 1000

Fordeling på eining

	Budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2027	2028
Infrastruktur og veg	4 461	4 662	4 662	4 662	4 662
Stab Infrastruktur og veg	54 619	59 153	59 153	59 153	59 153
Planlegging og utbygging	-26 859	-35 137	-35 137	-35 137	-35 137
Vedlikehold, drift og beredskap	1 610 194	1 769 964	1 629 628	1 629 628	1 629 628
Vegforvaltning	93 322	97 555	97 555	97 555	97 555
Sum	1 735 737	1 896 197	1 755 861	1 755 861	1 755 861

Omtale av rammeområde

Samla for rammeområda innanfor ansvarsområdet til avdeling for infrastruktur og veg vert løyvinga på 1 896,2 mill. kr fordelt på følgjande område:

- Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet: 1 661 mill. kr
- Lønns- og driftsutgifter til avdeling for infrastruktur og veg: 217,5 mill. kr. Løyvinga er fordelt på alle rammeområda. Fordelinga mellom rammeområda kan verte endra som følge av endeleg detaljbudsjettering.
- FTU-midlar: 16,3 mill. kr
- Andre tiltak 1 mill. kr

Infrastruktur og veg

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til avdelingsleiing og overordna utgifter til drift av avdeling for infrastruktur og veg.

Stab Infrastruktur og veg

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til stab samt avdelinga sine felleskostnader knytt til m.a. uniformerte køyretøy, programvarelisensar og telefoni. Stab yter fellestenester innan økonomi, HR, HMS, ytre miljø, jus, offentlege innkjøp og beredskap. Staben har strategiske oppgåver som planarbeid, internrevisjonar og kvalitetssystem.

Rammeområdet omfattar også årleg tilskott til drift av Tindevegen mellom Årdal og Luster på kr 625 000. Det er vidare sett av kr 375 000 til ev. andra pålagte tiltak m.a. støytiltak som ikkje kan førast som investering.

Planlegging og utbygging

Avdelinga har ansvar for å planlegge og bygge investeringsprosjekt, blant anna ny veg, gang og sykkelveger, tunellar og bruer. Oppgåvene er å utarbeide reguleringsplanar, byggeplanar, utføre grunnnerv, prosjektering, geologiske og geotekniske undersøkingar og vere byggherre i gjennomføringsfasen. Rammeområdet har negativ løyving for å dekke inn sin andel av driftsutgifter og felleskostnader under rammeområde 601-stab.

Vedlikehald, drift og beredskap

Rammeområdet inneheld utgifter til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet med samla 1 770 mill. kr. Øvrig løyving er knytt til lønns- og driftsutgifter til vedlikehald, drift og beredskap. Avdelinga har ansvar for å drifte og vedlikehalde fylkesvegane, planleggje og å følgje opp entreprenørar og økonomi innan tildelte midlar. Avdelinga har eit beredskapsansvar med vaktordning, der vi vurderer og set i gang tiltak som å stenge vegar, eller å rydde og opne vegar som er stengde grunna uvêr, skred eller flaum.

Drift og vedlikehald av fylkesvegnettet

Drift- og vedlikehald skal sikre at vegnettet er eigna til bruk for trafikantane, og at funksjonen på vegen vert oppretthalden. I tillegg skal drift og vedlikehald sikre at den fysiske infrastrukturen blir teken vare på i samsvar med dei langsiktige måla for bruken av denne.

Drift av vegnettet er oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vere tiltak som til dømes brøyting, strøing, reinhald og drift av rasteplassar.

Vedlikehald omfattar tiltak for å oppretthalde standarden på vegen, og vedlikehald som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på dette er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte av delar i elektriske anlegg, skifte av rekkverk og grøfting. Det er også tunge vedlikehaldsoppgåver knytt til tunnelar, bruer, ferjekaier og andre konstruksjonar på fylkesvegnettet.

Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for 2025 er spesifisert nedanfor:

Veg – Drift og vedlikehald	2025
Drift	1 072,0
Vedlikehald	589,3
Tunell – ordinært vedlikehald	60,0
Bru/ ferjekai	227,3
Dekkelegging/oppmerking	146,3
Vegutstyr, miljø og andre tiltak	155,7
Sum	1 661,3

Drift- og vedlikehaldsarbeidet på fylkesvegane vert utført av entreprenørar etter gjennomførte anbodskonkurransar.

Drift

Det er sett av 1,072 mrd. kr til drift i budsjettet for 2025. Beløpet dekker fylkeskommunen sine forpliktingar i høve til inngåtte kontraktar med entreprenørar. I driftskontraktane er det høve til å utføre tilleggstenester, men dette handlingsrommet vert mindre for kvart år då det er ein stor auke i dei faste utgiftene i kontraktane. Det fører til at det meste av det avsette beløpet på 1,072 mrd. kr går til kontraktsfesta beløp/forpliktingar.

Fylkesvegane i Vestland vert drifta gjennom driftskontraktar. I tillegg føreligg det nokon avtalar med kommunar om driftsoppgåver knytt til fylkesvegnettet. Fire nye driftskontraktar starta opp hausten 2024, Voss, Sunnhordland, Midthordland og Sunnfjord nord. Våren 2025 startar ny driftskontrakt veglys og hausten 2025 startar ny driftskontrakt i Nordhordland.

Driftskontraktar i 2025:

- DK1105 Indre Ryfylke 2021 - 2026
- DK4603 Sotra–Askøy–Bergen–Øygarden 2023 - 2028
- DK4604 Bergen–Os–Austevoll (BOA) 2021 - 2026
- DK1203 Nordhordland 2019 - 2024 (opsjon til og vert avslutta 31.august 2025)
- DK4605 Nordhordland 2025 – 2030 (oppstart 1.september 2025)
- DK4602 Hardanger 2022 - 2027
- DK4606 Voss 2024 - 2029
- DK 4601 Sunnhordland 2024 - 2029
- DK4612 Midthordland 2024 - 2029
- DK4608 Sogn 2022 - 2027
- DK4609 Sunnfjord Nord 2024 – 2029
- DK4607 Sunnfjord Sør 2021 - 2026
- DK4610 Nordfjord 2023 - 2028

Elektrokontraktar i 2025:

- E4651 Bergen 2022 - 2027
- E4652 Hardanger – Voss 2022 - 2027
- E4653 Sogn 2022 - 2027
- E4654 Fjordane 2023–2028
- E4655 Drift Veglys 2025 - 2029 (oppstart 1. januar 2025)

Andre utgifter er mellom anna straum på veg, tilskot veglys, linjeleige på nødkommunikasjonsutstyr, trafikktelepunkt og klimastasjonar

Vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsbehov på vegnettet til Vestland fylkeskommune, og det krevst store løyvingar for å ta att vedlikehaldsetterslepet. For låg løyving til vedlikehald over tid gjer at installasjonar får kortare levetid. Problemet blir ikkje synleg før etter fleire år når vegar og bruer må stengast eller nødreparerast.

Vedlikehaldspakke 2023-2025. I samband med handsaminga av budsjett 2023 i fylkestinget i desember 2022 vart det sett av ein halv mrd. kr til ein ekstra innsats, i tillegg til budsjettløyvingane for 2023, 2024 og 2025, på eit bunde fond for ein forsterka innsats for eit tryggare vegnett. 205 mill. kr av desse vert fasa inn i budsjett for infrastruktur og veg i 2025. Midlane skal kunna brukast fleksibelt til både drift og mindre investeringstiltak. Det er viktig at pengane vert sett i arbeid. Fylkestinget føreset at alle midlane i vegpakka skal vera nytta innan utgangen av 2025.

Budsjettet til vedlikehald er delt inn i 4 kategoriar; desse er omtala under. I alle kategoriane er det dei mest naudsynte tiltaka som vert prioritert.

Tunell – ordinært vedlikehald

Det vert sett av 60 mill. kr til vedlikehaldstiltak i tunell. I denne summen ligg fylkeskommunen si binding i høve kontrakt DK4611 Vedlikehaldskontrakt tunell 2021 – 2025 (vert avslutta 30. november 2025) og ny vedlikehaldskontrakt tunell med planlagt oppstart 01. desember 2025 med 28 mill. kr. Etter kvart som gamle driftskontrakter vert fasa ut skal tunellvedlikehald over i denne samlekontrakta. Tunellvedlikehaldskontrakten omfattar reinhald, koordinering av stenging av tunellar ved arbeid, inspeksjon av installasjonar og bergstruktur, spettreinsk og fjellsikring, vedlikehald av vass og frostsikring og kvitmåling av tunellprofil etter bestilling.

Utover denne summen på driftsbudsjettet er det også sett av midlar på investeringsbudsjettet. Desse er knytt til oppgradering av tunellar, mellom anna som følgje av krav i tunellsikkerheitsforskrifta.

Av løyvinga vert 30 mill. kr sett av til tunellvedlikehaldstiltak som følgje av den ekstra innsatsen i vedlikehaldspakken.

Bru/ferjekai

Det vert sett av 227,3 mill. kr til vedlikehaldstiltak på bruer og ferjekaier. Det er utfordringar knytt til bruvedlikehald då forfallet knytt til bruer er 3,6 mrd. kr. Kaiar er i dårleg stand og ikkje tilfredsstillande for dagens ferjemateriell. Kaiane må fungere og blir fortløpande reparert.

Fagkontraktar bru/kai i 2025:

- Bruvedlikehald Vestland sør 2024 – 2026
- Bruvedlikehald Vestland nord 2022 - 2025
- Fagkontrakt kai 2021 - 2026

Av løyvinga går 76,7 mill. kr til bindingar i kontraktane samt bindingar i høve pågåande vedlikehaldsprosjekt.

130,6 mill. kr av løyvinga vert sett av til bru/ferjekaivedlikehaldstiltak som følgje av den ekstra innsatsen i vedlikehaldspakken.

Dekkelegging/oppmerking

Det vert sett av 146,3 mill. kr til dekkelegging og oppmerking. I denne summen ligg fylkeskommunen si binding i høve kontrakt med vegoppmerking i Vestland i 2024 – 2025 med 43,9 mill. kr. Med dette nivået vil det ta omlag 50 år før ein kjem rundt med dekkelegging, noko som er langt over levetida til dekke som er 8–20 år. Konsekvensen kan vere at dekke bryt saman, auka utgifter til drift og vedlikehald og utfordringar med brøyting og skade/fare for trafikkantar.

Av løyvinga går 8,5 mill. kr til tiltak med dekkelegging og oppmerking som følgje av den ekstra innsatsen i vedlikehaldspakken.

Vegutstyr, miljø og andre tiltak

Det vert sett av 155,7 mill. kr til ulike tiltak innan rekkverk, grøfter, murar, skilt og servicebygg.

Av løyvinga er 62,6 mill. kr sett av til tiltak som følgje av den ekstra innsatsen i vedlikehaldspakken.

Vegforvaltning

Rammeområde omfattar lønns- og driftsutgifter til vegforvaltning. Avdelinga har eit breitt ansvar innan forvaltning av fylkesvegane i Vestland, inkludert uttale til planar, godkjenne søknader knytt til avkøyrslar, kryss og byggegrensar langs fylkesvegnettet. Vegforvaltning utarbeidar ulike typar faglege utgreiingar som grunnlag for prioriteringar innan fylkesvegområdet. Vegforvaltning har ansvar innan trafikktrygging, klima og berekraft, og utviklingstiltak knytt til regionale planar. Vegforvaltning har også oppgåver innan geodataområdet og har ansvar for kartinnsynsløysingar, data til NVDB og er GIS-ressursar.

FTU-midler

I løyvinga inngår FTU-midler på 16,3 mill. kr.

FTU-midlane vert m.a. nytta innafor 3 ulike tilskotsordningar som vert følgt opp av Trafikktryggingsutvalet (FTU). Dette er:

- Fysiske trafikktryggingstiltak
- Utarbeiding av kommunale trafikktryggingsplanar
- Trafikktryggingsaktivitetar

Løyvinga dekkjer driftskostnader til Trygg Trafikk, jf. samarbeidsavtalen, samt trafikktryggingspris for Vestland fylkeskommune. SAMO gjer nærare vedtak om fordeling av midlane.

Endring frå 2024-2025

Sektoren har ein samla auke i netto driftsutgifter på 160,5 mill. kr i 2025 i høve 2024.

Dette er basert på følgjande endringar:

- Vedtak i forrige periode med ein samla reduksjon på 19,1 mill. kr. Reduksjonen er knytt til følgjande:
 - Reduksjon på 20 mill. kr knytt til dekkelegging.
 - Reduksjon på 1 mill. kr knytt til fylkestingsvedtak om saldering av økonomiplan.
 - Auke på 1,9 mill. kr knytt til fylkestingsvedtak og planleggingsaktivitet
- Auke på 78,8 mill. kr knytt til lønns- og prisvekst.
- Auke på 0,75 mill. kr knytt til overføring av lisenskostnader frå IKT og digitalisering
- Auke på 100 mill. kr knytt til omlegging av statleg tilskott og satsing på opprusting og fornying av fylkesvegnettet.
 - Tidlegare statleg tilskott over post 65 Tilskudd til fylkesvegar er innlemma i rammetilskottet til fylkeskommunane frå 2025. Dette utgjør ein teknisk auke på 82 mill. kr.
 - Det er lagt inn ei auke i løyvinga til fylkesvegar på 18 mill. kr i samanheng med med satsinga på opprusting og fornying av fylkesvegnettet i statsbudsjett for 2025.

Samla sett er reelt løyvningsnivå i sektoren omlag som 2024-nivået, jf. at auken hovudsakleg er knytt omlegging av tilskott og lønn-, og prisjustering.

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Hovudtal for Infrastruktur og veg

Inntekt/utgift	Beløp i 1000 kr				
	Opphøveleg budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-14 000	-14 000	-14 000	-14 000	-14 000
Sum driftsinntekter	-176 629	-176 629	-176 629	-176 629	-176 629
Sum driftsutgifter	3 662 103	3 983 023	3 702 351	3 702 351	3 702 351
Totalsum	3 471 474	3 792 394	3 511 722	3 511 722	3 511 722

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett	1 735 737	1 735 737	1 735 737	1 735 737
Sum Vedtak forrige periode	-19 100	-159 436	-159 436	-159 436
Sum Lønns- og prisvekst	78 810	78 810	78 810	78 810
Konsekvensjusteringer	59 710	-80 626	-80 626	-80 626
Konsekvensjustert ramme	1 795 447	1 655 111	1 655 111	1 655 111
Nye tiltak				
Auke lisenskostnader	750	750	750	750
Nasjonal transportplan: auke i løyving til opprusting og fornying på fylkesvegar	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum Nye tiltak	100 750	100 750	100 750	100 750
Nye tiltak og realendringer	100 750	100 750	100 750	100 750
Ramme 2025–2028	1 896 197	1 755 861	1 755 861	1 755 861

Ønska tiltak

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2025	2026	2027	2028
Auka behov for dekkelegging	150 000	150 000	150 000	150 000
Kostnadsauke løpande drifts- og fagkontrakter	0	25 300	61 000	88 000
Sum	150 000	175 300	211 000	238 000

Nye tiltak

Auka behov for dekkelegging

Det er eit stort behov for å auke løyvingane til dekkelegging utover dagens nivå. I 2024 er det lagt opp til noko over 100 mill. kr til dekkelegging. anbefalt nivå på dekkelegging er ei fornyingstakt på 18 år. Med dagens prisar vil det krevje omlag 300 mill. kr årleg.

Kostnadsauke løpande drifts- og fagkontrakter

Det er forventa ein prisauke på driftskontraktar etterkvert som nye kontraktar blir inngått. Forventa prisauke skuldast både generell prisauke utover vanleg prisstigning samt kostnadsauke som er knytt til klimakrav i nye kontraktar. Klimakrav i nye kontraktar er gjeldande for alle kontraktar frå og med 1. januar 2024.

Forventa prisauke som er lagt inn er auke utover 40 mill. kr som blei løyvd i budsjettprosessen for 2024.

Økonomiplan 2025–2028

I PS-sak 44/2022: Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet gjorde fylkestinget m.a. følgjande vedtak:

«Fylkestinget legg til grunn målsetting om økonomisk opptappingsplan til drift, vedlikehald og utbetring av eksisterande fylkesvegnett, som er i tråd med prioriterte strategiar for fylkesvegnettet i Regional transportplan (2022–2033):

- a) Budsjetttrammene til løpande drift og vedlikehald skal aukast for å stoppe forfall og redusere vedlikehaldsetterslep.
- b) Sikre forsvarleg og berekraftig forvaltning av vegnettet gjennom å prioritere vedlikehald og utbetring av eksisterande veg framfor nybygging.» I vedtatt drifts- og vedlikehaldsstrategi er det lagt til grunn ein økonomiske opptappingsplan med ein årleg reell auke ut over prisstigning på om lag 100 mill. kr i første del av planperioden. Dette for å kunne dekke auka kostnad i driftskontraktane og for å gradvis kunne auke vedlikehaldsbudsjettet. Dersom ein ikkje klarar å finansiere ein økonomisk opptappingsplan vil ein ikkje kunne stoppe og redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.

I samband med behandlinga av PS-sak 127/2022 Budsjett 2023 - økonomiplan 2023-2026 gjorde fylkestinget vedtak om å løyve 500 mill. kr til ein forsterka innsats for eit tryggare vegnett i åra 2023-2025. Vedlikehaldspakken på 500 mill. kr gjer det mogleg å gjennomføre eit monaleg løft knytt til vedlikehald og utbetring av fylkesvegnettet.

Vedlikehaldspakken er avslutta i 2025 og budsjetttrammene vil som følgje av dette bli redusert med 140 mill. kr frå 2026.

Det er vidare forventa ein prisauke på driftskontraktar etterkvert som nye kontraktar blir inngått. Dette er knytt til generell prisauke utover vanleg prisstigning samt kostnadsauke knytt til klimakrav i nye kontraktar.

Med gjeldande rammer i økonomiplanen vil nivået på vedlikehald bli kritisk lågt frå 2026. Det er store behov på vedlikehald framover, særskilt innanfor bruområdet.

Det er også eit stort behov for å auke løyvingane til dekkelegging dersom vi skal oppnå eit anbefalt nivå på dekkelegging med ei fornyingstakt på 18 år.

Artsgrupper

Fordelinga av sektorbudsjettet i ulike kostnadsgrupper er ein viktig del for fylkesdirektøren si økonomistyring. Summane for kostnadsgruppene nedanfor kan verte endra når detaljbudsjettet er ferdig utarbeidd.

	2024	2025
Reise og kurs	14 610	7 300
Konsulenttenester	20 537	20 000
Administrasjonsutgifter	2 593	2 600
Ordinære driftsutgifter	1 650 182	1 724 997
Lønsutgifter og -refusjonar	135 515	157 300
Ordinære inntekter	-80 700	-16 000
Andre utgifter og inntekter	-7 000	
SUM	1 735 737	1 896 197

Endringa på reiser og kurs skuldast at artsgruppa tidlegare har synt heile avdelinga sitt budsjett, inkludert den delen som er knytt opp mot investeringsprosjekt. Ordinære driftsutgifter aukar som følge av auka løyving i NTP til opprusting og fornying av fylkesvegar. Ordinære inntekter og andre inntekter er redusert på grunn av at statleg tilskot over post 65 Tilskot til fylkesvegar blir innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunen, samt bruk av fond i 2024.

Klimavurdering 2025

Klimavurdering av driftsbudsjettet

I samband med Drifts- og vedlikehaldsstrategien for fylkesvegnettet er det starta fleire pilotar som skal søke å redusere både klimagassutslepp, driftskostnader og samstundes forlenge levetida til fylkesvegane. Til dømes vil «Ny strategi for veglys» som vil gje lågare driftskostnader, redusere klimafotavtrykket og redusere energibruken med nærare 18 GWh kvart år, dette svarar til energibruken til om lag 1000 husstandar.

Fylkeskommunen vil vidareføre arbeidet med å stille krav til klima og miljø i driftskontrakter. Arbeidet med å tilpasse kriterium for å optimalisert gevinsten for både oss, som byggherre og entreprenørane. Erfaringa til no syner at klimakrav fører til at driftsentreprenørar gjer forbetringar gjennom kontraktperioden fordi det er lønnsamt. Det har vore sett strengare krav knytt til materialbruk, energi- og drivstoffrapportering, dette vil og bli gjort i kommande driftskontrakter.

Klimagassverktøy for drift er eit Klimasats-finansierte prosjekt med føremål om å redusere klimagassutslepp knytt til vegdrift, ved å identifisere dei største utsleppskjedene i driftsfasen til vegnettet. Det eksisterer ikkje eit verktøy som kan rekne ut klimagassutslepp for driftsfasen, dette gjev behov for å vidareutvikle eit brukarvennleg system for budsjettering og rapportering. I prosjektperioden samarbeida Vestland fylkeskommune med Agder, Innlandet og Vestfold fylkeskommune. Det er sett som mål om å implementere verktøyet i løpet av januar 2026.

Forklaring til budsjettet - brukarrettleiing

Korleis er budsjettet bygd opp? Under ei kort forklaring til dei ulike elementa i driftsbudsjettet.

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Tabell syner hovudtal for kvart år i økonomiplanen for kvar avdeling.

Hovudtal Vestland fylkeskommune

Tabell syner hovudtal for kvart år i økonomiplanen for kvar avdeling.

Nettobudsjett pr avdeling

Tabell syner nettobudsjett for kvart år i økonomiplanen for kvar avdeling.

Sentrale inntekter

Tabell syner frie inntekter for kvart år i økonomiplanen.

Driftsbudsjett

Tabell syner budsjett for kvart år i økonomiplanen for kvar avdeling og rammeområde

Hovudtal budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028

Tabell syner hovudtal for kvart år i økonomiplanen for kvar avdeling.

Rammeoversikt

Opphavelleg budsjett

+ Konsekvensjusteringar

+ Nye tiltak og realendringar

= Ramme 2025–2028

Opphavelleg budsjett = budsjett i 2024

Konsekvensjusteringar = endringar som vart vedteke i økonomiplanen 2024-2027 som har verknad i økonomiplanen 2025–2028

Nye tiltak og realendringar = det som er endringar og nye tiltak samanlikna med den vedtekne økonomiplanen.

Ønska tiltak = tiltak som avdelinga ønskjer men som ikkje er tekne med i økonomiplanen.

Legg og merke til følgjande:

Rammeoversikt fokuserer alltid på **endringar** frå 2024. Til dømes er det slik at om ein post var 20 mill. kr. i 2024 og er 23 mill. kr. i 2025–2028, så vil det kome fram 3 mill. kr i åra 2025–2028 då dette er endringa frå 2024.

I økonomiplanen 2024-2027 var det til dels store **salderingar** som vart vedteke utan at dei var spesifisert. For kvar avdeling vil en sjå teksten «**For spesifisering førre økonomiplan**» under nye tiltak og realendringar (endringar i tidlegare vedtekne tiltak) med pluss-forteikn. Tiltaka for å saldere økonomiplan er så spesifisert med minus-forteikn under innsparingstiltak.

Ønska tiltak

Tabell syner tiltak som avdelinga ønskjer, men som ikkje er tekne med i økonomiplanen. Tabell syner tal for **kvart år**.

Vedlegg

Vedlegg – Forskriftsrapportar

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd (tilpassa)

Beløp i 1000

	Opph. budsjett Økonomiplan					
	2024	2025	2026	2026	2027	2028
Sentrale inntekter						
Inntekts- og formuesskatt	-5 072 425	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149
Rammetilskudd	-7 377 000	-8 105 269	-8 244 169	-8 244 169	-8 340 469	-8 400 469
Andre generelle driftsinntekter	-158 800	-145 300	-244 300	-244 300	-121 800	-278 700
Konsesjonskraftinntekter	-392 500	-266 000	-270 000	-270 000	-280 000	-280 000
Sum Sentrale inntekter	-13 000 725	-13 874 718	-14 116 618	-14 116 618	-14 100 418	-14 317 318
Sentrale utgifter						
Lønsavsetjing	117 616	104 800	104 800	104 800	104 800	104 800
Premieavvik	-125 800	-120 900	-120 900	-120 900	-120 900	-120 900
Sum Sentrale utgifter	-8 184	-16 100	-16 100	-16 100	-16 100	-16 100
Driftsutgifter per tenesteområde	11 423 317	12 180 115	12 087 981	24 175 961	24 280 961	24 696 961
Avskrivninger	0	0	0	0	0	0
Brutto resultat (KOSTRA)	-1 585 592	-1 710 703	-2 044 737	10 043 243	10 164 443	10 363 543
Netto finansutgifter og inntekter						
Renteinntekter	-219 600	-200 200	-143 500	-143 500	-120 700	-112 600
Utbytte og eieruttak	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Renteutgifter	684 200	733 000	745 000	745 000	714 600	703 700
Avdrag på lån	850 000	900 000	922 300	922 300	895 500	869 400
Finansutgifter i tenesteområda	1	0	0	0	0	0
Sum Netto finansutgifter og inntekter	1 299 601	1 417 800	1 508 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar i tenesteområda	0	0	0	0	0	0

	Opph. budsjett		Økonomiplan			
	2024	2025	2026	2026	2027	2028
Netto resultat	-285 991	-292 903	-535 937	11 552 043	11 638 843	11 809 043
Avsetninger og årsoppgjersdisposisjonar Til ubundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-286 766	-231 294	11 740	11 740	-22 560	15 240
Overføring til investering	650 481	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000
Netto avsetninger og årsoppgjersdisposisjonar i tenesteområda	-77 724	-75 803	-75 803	-151 606	-151 606	-151 606
Sum Avsetninger og årsoppgjersdisposisjonar	285 991	292 903	535 937	460 135	425 835	463 635
Årsoverskot / underskot	0	0	0	12 012 178	12 064 678	12 272 678

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd (tilpassa)

Beløp i 1000

	Opph. budsjett		Økonomiplan			
	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Fellesutgifter- og inntekter	38 331	38 631	21 746	43 492	43 492	43 492
Politisk styring og kontrollorgan	67 100	66 725	73 316	141 965	147 965	141 965
Organisasjon og økonomi	167 967	165 566	195 243	391 021	391 021	387 021
IKT og digitalisering	189 789	189 070	206 042	412 417	412 417	412 417
Eigedom og utbygging	608 603	609 886	612 860	1 224 254	1 224 254	1 224 254
Tannhelse	373 204	379 204	422 839	846 212	846 212	846 212
Næring, plan og innovasjon	200 393	205 293	211 769	423 539	423 539	416 539
Opplæring og kompetanse	4 019 005	4 137 754	4 199 864	8 390 529	8 393 529	8 380 529
Kultur og folkehelse	380 850	381 625	391 818	779 971	779 971	779 971
Mobilitet og kollektivtransport	3 564 616	3 569 616	3 872 617	7 859 234	7 955 234	8 401 234
Infrastruktur og veg	1 735 737	1 735 737	1 896 197	3 511 722	3 511 722	3 511 722
Utgåtte ansvar	0	0	0	0	0	0
Aktiviteter utanfor fylkeskommunalt område	0	0	0	0	0	0
Sum netto rammer	11 345 594	11 479 107	12 104 312	24 024 355	24 129 355	24 545 355

	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Økonomiplan			
	2024	2024	2025	2026	2027	2028
<u>Av dette:</u>						
Avskrivninger	0	0	0	0	0	0
Renteinntekter	0	0	0	0	0	0
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter	1	1	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	0	0	0	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-73 408	-457 949	-73 408	-146 816	-146 816	-146 816
Avsetninger til disposisjonsfond	101	101	101	203	203	203
Bruk av disposisjonsfond	-4 417	-56 140	-2 496	-4 993	-4 993	-4 993
Sum rammer utan 1A-poster	11 423 317	11 993 094	12 180 115	24 175 961	24 280 961	24 696 961

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	
Investeringar i varige driftsmidlar	4 296 785	4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400	Investeringar i varige driftsmidlar
Tilskot til andre sine investeringar	37 815	0	0	0	0	Tilskot til andre sine investeringar
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	0	0	0	0	Investeringar i aksjar og andelar i selskap
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	Utlån av eigne midlar
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	Avdrag på lån
Sum investeringsutgifter	4 334 600	4 634 610	4 483 570	3 640 920	3 429 400	Sum investeringsutgifter
Kompensasjon for meirverdiavgift	-576 254	-708 298	-717 715	-580 540	-541 721	Kompensasjon for meirverdiavgift
Tilskot frå andre	-611 400	-825 820	-1 133 426	-933 710	-811 717	Tilskot frå andre
Sal av varige driftmiddel	-99 500	-16 000	0	0	-88 000	Sal av varige driftmiddel
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	Sal av finansielle anleggsmiddel
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	Utdeling frå selskap


	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	0	0	0	0	Mottatte avdrag på utlån av egne middel
Bruk av lån	-2 379 628	-2 476 097	-2 005 736	-1 501 344	-1 382 042	Bruk av lån
Sum investeringsinntekter	-3 666 782	-4 026 215	-3 856 877	-3 015 594	-2 823 480	Sum investeringsinntekter
Overføring fra drift	-650 481	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	Overføring fra drift
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	Avsetninger til bundne investeringsfond
Bruk av bundne investeringsfond	-16 037	-8 395	-26 693	-25 326	-5 920	Bruk av bundne investeringsfond
Avsetninger til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	Avsetninger til ubunde investeringsfond
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	Bruk av ubunde investeringsfond
Dekning av tidlegare års udekka beløp	0	0	0	0	0	Dekning av tidlegare års udekka beløp
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-666 518	-608 395	-626 693	-625 326	-605 920	Sum overføring fra drift og netto avsetninger
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	1 300	0	0	0	0	Framført til inndekning i seinare år (udekt)

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Rammetilskot	-7 377 000	-8 105 269	-8 244 169	-8 340 469	-8 400 469
Skatt på inntekt og formue	-5 072 425	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149	-5 358 149
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	-1 187 604	-1 174 132	-1 273 132	-1 150 632	-1 307 532
Overføringer og tilskot frå andre	-629 577	-485 014	-485 014	-485 014	-485 014
Brukarbetalingar	-133 813	-140 962	-140 962	-140 962	-140 962
Sals- og leigeinntekter	-1 895 677	-1 965 181	-1 974 181	-2 039 181	-2 039 181
Sum driftsinntekter	-16 296 096	-17 228 708	-17 475 608	-17 514 408	-17 731 308
Utgifter til løn	3 781 166	3 798 204	3 799 204	3 800 204	3 800 204

	Opph. budsjett 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Sosiale utgifter	996 493	992 719	992 719	992 719	992 719
Kjøp av varer og tenester	8 895 740	9 689 677	9 601 810	9 708 310	9 916 310
Overføringer og tilskot til andre	1 037 104	1 037 404	1 037 137	1 037 137	1 037 137
Avskrivningar	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	14 710 503	15 518 005	15 430 871	15 538 371	15 746 371
Brutto driftsresultat	-1 585 592	-1 710 703	-2 044 737	-1 976 037	-1 984 937
Renteinntekter	-219 600	-200 200	-143 500	-120 700	-112 600
Utbytte	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000	-15 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0
Renteutgifter	684 201	733 000	745 000	714 600	703 700
Avdrag på lån	850 000	900 000	922 300	895 500	869 400
Netto finansutgifter	1 299 601	1 417 800	1 508 800	1 474 400	1 445 500
Motpost avskrivningar	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat	-285 991	-292 903	-535 937	-501 637	-539 437
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	650 481	600 000	600 000	600 000	600 000
Avsetningar til bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-73 408	-73 408	-73 408	-73 408	-73 408
Avsetningar til disposisjonsfond	101	3 808	11 842	101	15 342
Bruk av disposisjonsfond	-291 183	-237 496	-2 496	-25 056	-2 496
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	285 991	292 903	535 937	501 637	539 437
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0



vestlandfylke.no